



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Meld. St. 15

(2018–2019)

Melding til Stortinget

Noregs fiskeriavtalar for 2019
og fisket etter avtalane i 2017 og 2018





Meld. St. 15

(2018–2019)

Melding til Stortinget

Noregs fiskeriavtalar for 2019
og fisket etter avtalane i 2017 og 2018

Innhold

Ordforklaring og forkortinger	5	3.4	Internasjonale fiskeriforvaltingsorganisasjonar	46
1 Samandrag	7	3.4.1	NEAFC	46
1.1 Fiskeriavtalane for 2019	9	3.4.2	NAFO	48
1.2 Fisket etter avtalane i 2017 og 2018	12	3.4.3 3.4.4 3.4.5	IWC	50
2 Det internasjonale fiskeri- samarbeidet	14	3.4.6 3.4.7	NAMMCO	50
2.1 Det havrettslege rammeverket	14	4	CCAMLR	51
2.2 Det vitskaplege grunnlaget for avtalane	17	4.1	ICCAT	52
2.3 Internasjonale havmiljøprosessar	21	4.2	SEAFO	53
2.4 Kontroll og handheving	23	4.3		
2.5 Anna internasjonalt fiskerisamarbeid	28	5		
3 Fiskeriavtalane for 2019	33		Bestandane – status og rådgjeving	55
3.1 Oversikt over avtalane	33	5.1	Barentshavet	55
3.2 Tosidige avtalar	33	5.1.1	Norskehavet	70
3.2.1 Noreg – Russland	34	5.1.2	Nordsjøen og Skagerrak	78
3.2.2 Noreg – EU	39	5.1.3		
3.2.3 Noreg – Færøyane	41	5.1.4		
3.2.4 Noreg – Grønland	41	5.1.5		
3.2.5 Noreg – Island	42	5.2		
3.3 Kyststatsavtalar og andre fleirsidige avtalar	42	5.2.1		
3.3.1 Forvaltinga av norsk vårgytande sild	42	5.2.2		
3.3.2 Forvaltinga av lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen	43	5.2.3		
3.3.3 Forvaltinga av kolmule	44	5.2.4		
3.3.4 Forvaltinga av makrell	45	5.2.5		
3.3.5 Forvaltinga av uer	45	5.2.6		
			Fisket etter avtalane i 2017 og 2018	92
			Tosidige avtalar	94
			Noreg – Russland	94
			Noreg – EU	95
			Noreg – Færøyane	99
			Noreg – Grønland	100
			Noreg – Island	100
			Kyststatsavtalar og andre fleirsidige avtalar	101
			Norsk vårgytande sild	101
			Lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen	102
			Kolmule	103
			Makrell	104
			Norsk fiske i Irmingerhavet	105
			Norsk fiske i det nordvestlege Atlanterhavet	105

Ordforklaring og forkortinger

ACOM	Advisory Committee on Fisheries Management/ICES sin rådgjevande komité for fiskeriforvalting.
CCAMLR	Commision for the Conservation of Antarctic Marine Living Resources/Kommisjonen for bevaring av levande marine ressursar i Antarktis. CCAMLR vart oppretta i 1981 med Noreg som ein av grunnleggjarane.
COFI	The Committee on Fisheries/ FAO sin fiskerikomité. Komitéen vart etablert i 1965 og er eit mellomstatleg forum der fiskeri og havbruk blir diskuterte.
FAO	Food and Agricultural Organization/FN sin matvareorganisasjon. FAO vart etablert i 1945 og Noreg vart medlem same år.
ICCAT	International Convention for the Conservation of Atlantic Tunas/Den internasjonale konvensjonen for bevaring av atlantisk tunfisk. ICCAT vart oppretta i 1966 og gjort gjeldande frå 1969. Noreg har vore medlem sidan 2004.
ICES	International Council for the Exploration of the Sea/Det internasjonale råd for havforsking. ICES er ein uavhengig, vitskapleg organisasjon som gir råd om forvaltinga av det marine miljøet og dei marine ressursane. Oppretta i Danmark i 1902. Noreg vart medlem same år.
IMO	Den internasjonale sjøfartsorganisasjon vart oppretta i 1948. IMO er FN sitt spesialiserte kontor som er ansvarleg for å betre maritim sikkerheit og å hindre forureining frå skip.
IUCN	International Union for the Conservation of Nature/Verdas naturvernunion. Organisasjonen vart grunnlagd i 1948 og har til føremål å bevare naturen og fremje ei berekraftig utnytting og bevaring av naturressursane. Noreg har vore medlem sidan 1970.
IWC	International Whaling Commission/Den internasjonale kvalfangstkommisjonen. IWC skal ta vare på oppgåvene til Konvensjonen for regulering av kvalfangst, ICRW. Oppretta i Washington DC i 1946. Noreg vart medlem i 1948.
MSY	Maximum Sustainable Yield/Maksimalt berekraftig utbyte.
NA FIG	Den Nord-atlantiske fiskerietterretningsgruppa. NA FIG vart oppretta i 2015 for å kartlegge økonomisk kriminalitet i fiskeindustrien i Nord-Atlanteren.
NAMMCO	North Atlantic Marine Mammal Commission/Den nordatlantiske sjøpattedyrkommisjonen. Avtalen om samarbeid om forsking, bevaring og forvalting av sjøpattedyr i Nordatlanteren vart inngått av Færøyane, Grønland, Island og Noreg i 1992.
NAFO	Northwest Atlantic Fisheries Organization/Den nordvestatlantiske fiskeriorganisasjonen. Oppretta i 1979, signert av Noreg same år.
NEAFC	North East Atlantic Fisheries Commission/Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen. NEAFC er ein regional fiskeriforvaltingsorganisasjon som arbeider for ei langsigktig og optimal utnytting av fiskeressursane i konvensjonsområdet. NEAFC vart oppretta i sin noverande form i 1982.
OSPAR	The Convention for the Protection of the Marine Environment of the North-East Atlantic/Konvensjonen om vern av havmiljøet i det nordaustlege atlanterhavsområdet. Noreg underskrev avtalen i 1992. OSPAR-konvensjonen vart gjeldande frå 25. mars 1998.
RFMO	Regional Fisheries Management Organisation/Ein regional fiskeriforvaltingsorganisasjon.
SDG	Sustainable Development Goals/FN sine berekraftsmål
SEAFO	South East Atlantic Fisheries Organization/Den sørøstatlantiske fiskeriorganisasjon. Etablert 20. april 2001, Noreg vart medlem i 2004. SEAFO er ein regional fiskeriorganisasjon som arbeider for langsigktig utnytting av ressursane.
TAC	Total Allowable Catch/totalkvote.
UNODC	United Nations Office on Drugs and Crime/FN sitt kontor for narkotika og kriminalitet Ulovleg, urapportert og uregulert fiske.
UUU-fiske	
WTO	World Trade Organisation/Verdas handelsorganisasjon. Arbeider for eit ope og ikkje-diskriminerande handelssystem samtidig og tek miljøomsyn. Noreg har vore medlem sidan opprettinga i 1995.

Meld. St. 15

(2018–2019)

Melding til Stortinget

Noregs fiskeriavtalar for 2019 og fisket etter avtalane i 2017 og 2018

*Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet 15. mars 2019,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Samandrag

Noreg er ein havnasjon med rike fiskeressursar. Dei store mengdene fisk i norske farvatn har gjeve mat, arbeid og inntekt til det norske kystfolket til alle tider. I 2018 eksporterte Noreg villfanga fisk og fiskeprodukt for 28 milliardar kroner, som vart ny rekord.

På verdsbasis er overfiske av viktige fiskebestandar ei stor utfordring, og Noreg har dei siste tiåra engasjert seg tungt i internasjonalt samarbeid for å få ei berekraftig fiskeriforvalting.

Vi deler opp mot 90 prosent av fiskeressursane vi haustrar av med andre land. Det er forvaltinga av desse ressursane som er tema for dei årlege fiskeriavtalane. Avtalane skal sikre at haustinga av fiskebestandane er berekraftig. Dei er difor basert på uavhengige vitskaplege råd om kvotar og forvaltingstiltak, og inneholder forpliktande føresegner om kvotefordeling, forvaltingstiltak og kontrollsamarbeid.


– Å fremje ei berekraftig forvalting av dei levande marine ressursane, basert på den best tilgjengelege vitskaplege kunnskapen og ei økosystembasert tilnærming.

- Å sikre Noreg ein rettferdig del ved kvotefordeling av felles regulerte bestandar.
- Å sikre tilfredsstillande kontroll og handheving innan dei forvaltingsregima der Noreg tek del.

Oversikt over fiskeriavtalane

Noreg inngår tre typar internasjonale fiskeriavtalane: tosidige avtal, kyststatsavtal og avtal i regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonar (RFMOar).

Noreg inngår tosidige avtal med Russland, EU, Færøyane, Island og Grønland. Avtalane med Russland og EU er dei mest omfattande og gjeld felles forvalting av bestandane vi deler i høvesvis Barentshavet og Nordsjøen. I tillegg blir det avtalt gjensidig løyve til å fiske i den andre parten si fiskerisone og byte av kvotar. EU er forhandlingspart på vegne av Sverige og Danmark i avtalane om regulering av fisket i Skagerrak og Kattegat, samt svensk fiske i norsk økonomisk sone. Avtalane med Færøyane, Grønland og Island gjeld først og fremst kvotebytte. Kvotebytet har tradisjonelt vore ei vidareføring av tidlegare fiskemønster




Figur 1.1 Dei nordaustatlantiske havområda

hos partane, men nivået avheng øg av variasjonar i storleiken på dei ulike bestandane. Dei tosidige avtalane omfattar dessutan kontrollsamarbeid og i ulik grad forskingssamarbeid.

Dei største bestandane i Norskehavet er makrell, norsk vårgytande sild og kolmule. Dette er bestandar som vandrar mellom sonene til fleire statar. Dei blir difor forvalta gjennom fleirsidige avtalane, såkalla kyststatsavtalar, mellom statane som har bestanden i sine soner. Noreg har også ein trepartsavtale om forvaltinga av lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen, og er part i prosessen om fordeling og regulering av uer i Irmingehavet mellom Færøyane, Grønland og Island.

FN-avtalen om fiske på det opne hav pålegg kyststatane og statar som fiskar i internasjonalt farvatn å ta del i regionalt samarbeid om forvaltinga av vandrande fiskebestandar. RFMOane søker å kombinere ei langsiktig bevaring og best mogleg utnytting av fiskeressursane i konvensjonsområda sine. Det skjer gjennom regulering av fisket, miljøtiltak og kontrollsamarbeid. RFMOane har mellom anna vore viktige arenaer i kampen mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske (UUU-fiske). Dei ulike fiskeriforvaltingsorganisasjonane Noreg deltek i er nærmare presentert i kapittel 3.

I kapittel 2 har vi ei kort innføring i tema som er viktige i det internasjonale fiskerisamarbeidet. Det havrettslege rammeverket, den vitskaplege



Figur 1.2 Fiskeriavtalane sin relative verdi for Noreg i 2018

rådgjevinga og dei internasjonale havmiljøprosesane legg viktige premissar for dei årlege fiskeriavtalane. Vi omtalar dessutan det internasjonale samarbeidet mot UUU-fiske og fiskerikriminalitet.

Verdiane vi forhandlar om

Den samla fangstverdien av fiskeriavtalane Noreg inngjekk med andre land i 2018 er rekna til om lag 50 milliardar kroner¹. Noreg sin del utgjorde ein tredel av totalen, eller om lag 16,5 milliardar kroner. I tillegg kjem verdiane som blir skapt av vidareforedling av fangsten. Den reelle verdien av avtalane er avhengig av i kor stor grad Noreg nyt tar kvotane fullt ut.

Figur 1.2 viser korleis den økonomiske verdien vart fordelt mellom dei viktigaste avtalane i 2018. Denne fordelinga vil variere ein del frå år til år, som følgje av endringar i storleiken på kvotane og prisane i marknaden for dei ulike artane. Figuren illustrerer like fullt den økonomiske tyngda av dei ulike avtalane.

Torsken i Barentshavet er den kommersielt viktigaste bestanden Noreg har, og den norske kvoten hadde i 2018 ein verdi på om lag 7,3 milliardar kroner. Det er grunnen til at meir enn halvparten av dei samla verdiane av fiskeriavtalane kjem frå Russlandsavtalen. 27 prosent av verdiane frå avtalane totalt skriv seg frå kyststatsavtalane for dei tre pelagiske bestandane. Makrellen er for tida den viktigaste med ein verdi på om lag 2,4 milliardar kroner i 2018. Avtalen med EU om forvaltinga av fellesbestandane i Nordsjøen stod for ni prosent av verdiane. Skagerrak-avtalen med EU

¹ Rekna med norske prisar for førstehandsomsetning.

stod for nesten tre prosent av dei samla verdiane i 2018.

1.1 Fiskeriavtalane for 2019

Figur 1.3 viser den avtalte totalkvoten for viktige bestandar for Noreg i perioden 2016–2019, medan figur 1.4 viser den fastsette norske delen av kvotane på desse bestandane i 2019. Dei endelege kvotane til Noreg vil skilje seg noko frå denne fordelinga, fordi vi byter kvotor i dei ulike avtalane etter at totalkvotane er fastsette.

Kapittel 3 presenterer dei fastsette kvotane og fordelinga av desse i alle dei ulike avtalane. Kapittel 4 inneheld ein gjennomgang av status og vitskapleg rådgjeving for dei ulike bestandane.

Avtalen med Russland

Noreg og Russland har avtalt totalkvotar for 2019 på fellesbestandane i Barentshavet og fordelinga mellom Noreg, Russland og avsetjing til tredjeland. Landa har også avtalt gjensidig rett til å fiske i kvarandre sine soner og har bytt kvotor som gjeld både fellesbestandar og nasjonale bestandar.

Torske- og hysbestandane blir delt likt mellom Noreg og Russland etter at ein har sett av kvotor til tredjeland. Tredjelandskvoten blir bytta mot kvotor på andre artar. Torskekvoten er kring 6,5 prosent lågare enn i 2018, men er framleis høg historisk sett. Kvotenivået er venta å sikre eit høgt

utbytte på lang sikt. Hysekvoten er sett ned med om lag 15 prosent frå 2018.

Noreg og Russland vedtok å vidareføre kvote-fleksibilitet mellom år i fisket etter torsk og hyse. Det inneber at partane kan overføre inntil 10 prosent av kvoten til neste år, eller fiske inntil 10 prosent av eigen kvote på forskot.

På grunn av låg gytebestand vart det bestemt å ikkje opne for kommersielt loddefiske i Barentshavet i 2019.


Noreg og Russland er einige om å vidareføre arbeidet i analysegruppa i 2019, som har vore sentral i kontrollsamarbeidet med Russland i Barentshavet. Partane skal sjå nærmere på norsk og russisk fiskeriregelverk om utkast av fisk.

Marin forureining er ei stadig større global utfordring, og eit veksande problem i Barentshavet. Partane var einige om å kjempe mot marin forureining som kjem frå fiskeriaktivitet.

Avtalane med EU


Noreg og EU har eit felles ansvar for å forvalte fiskeressursane i Nordsjøen. I kvoteavtalen for 2019 er spesielt kvotane for nordsjøsild og torsk sett ned. Byteavtalen vart balansert. Avtalen inneheld òg føresegner om gjensidig løyve til å fiske i den andre parten si fiskerisone.

Av fellesbestandane i Nordsjøen er det silda og seien som har den største kommersielle verdien for Noreg. Noreg har 29 prosent av sildekvoten og 52 prosent av seikvoten.



Figur 1.3 Totalkvotar i 2016–2019 for viktige bestandar for Noreg (tonn)

¹ Det vart ikkje semje mellom kyststatane om ein totalkvote for kolmule for 2016. Totalkvota i figuren er difor summen av unilateralt fastsette kvotor.



Figur 1.4 Den norske delen av kvoten på viktige bestandar for Noreg i 2019

¹ Grafen inkluderer ikkje kvotebyte etter at totalkvotane er fastsette. Det vart ikkje semje mellom kyststatane om individuelle kvotar for kolmule eller NVG-sild for 2019. Figuren viser tal basert på Noregs unilateralt fastsette andel av totalkvotane frå avtalane.

Noreg og EU har i tillegg inngått avtalar om fisket i Skagerrak/Kattegat og om svensk fiske i den norske delen av Nordsjøen (nabolandsavtalen). Det er silde- og rekefisket i Skagerrak som er av størst interesse for norske fiskarar.

Arbeidet for skjerpa kontroll og overvaking av ressursuttaket er ein viktig del av avtalen med EU. Arbeidsgruppa for kontroll av nordsjøbestandar har no fått mandat for kva dei skal arbeide med fram til 2022.

Kyststatsavtalane

Makrell

Makrellbestanden har vore i god forfatning dei siste åra. Noreg, EU og Færøyane inngjekk i 2014 ein femårig rammeavtale for forvalting av makrell som i 2018 vart forlenga ut 2020. Avtalen gjev Noreg 26,67 prosent av delen til dei tre partane i avtalen. Det er sett av 15,6 prosent til andre partar som ikkje er med i avtalen. Det er gjort forsøk på å inkludere Island og Grønland i denne avtalen, men det har ikkje lukkast. Noreg, EU og Færøyane har difor frå og med 2015 inngått årlege trepartsavtalar om forvalting av makrell, i tråd med rammeavtalen frå 2014 og 2018.

Norsk vårgytande sild

Norsk vårgytande sild (nvg-sild) er den største sildebestanden i verda, men har vore inne i ein periode med reduksjon. EU, Færøyane, Island,

Noreg og Russland er kyststatar til nvg-silda. Dei siste åra har Færøyane kravd ein høgare del av den totale kvoten. Det færøyske kravet har ført til at spørsmålet om delinga mellom partane har blitt opna på nytt. Kyststatane har forhandla om delinga i fleire forhandlingsrundar, men har ikkje klart å bli einige om ein ny fempartsavtale.

For 2019 har partane blitt samde om ein totalkvote på nvg-sild på 588 562 tonn. Fram til no er det ikkje nådd ein avtale om fordelinga av andelar til statane, og kvotane vert fastsett unilateralt. I mangel på semje mellom alle partane inngjekk Noreg og EU 11. desember 2018 ein bilateral sonetilgangsavtale for nvg-sild og kolmule for 2019. Avtalen gjev begge partar tilgang til å fiske sine tradisjonelle delar av kyststatskvotane i kvarandre sine farvatn. Kvotane bind ikkje partane opp med omsyn til framtidige forhandlingar om delar. I ein situasjon utan avtalar gjev tilgangsavtalen noko stabilitet for 2019. Med utgangspunkt i ein felles kyststatsrapport om nvg-silda si sonetilhørsle har Noreg sett ein kvote for 2019 som inneber ein del på 73 prosent.

Kolmule

Kolmule er den tredje store pelagiske bestanden i Nordaust-Atlanteren. I bestandsvurderinga vart 2017-årklassa rekna for å vere svak, og dette vil sannsynlegvis føre til ein nedgang i bestandsstørrelsen, og til en reduksjon i fiskemoglegheitene når 2016- og 2017-årklassene er fullt rekruttert i

fiskeriet frå 2020. Bestanden blir like fullt hausta berekraftig. Etter initiativ frå EU har partane utarbeidd ein felles rapport om sonetilhøyrslle for kolmulebestanden. Med utgangspunkt i rapporten krev EU ein høgare del av totalkvoten. Færøyane har følgt opp og krev også ein større del. Kyststatane har dei seinaste åra forhandla i fleire rundar om ei ny fordeling av bestanden, men ein har førebels ikkje lukaast i dette.

I forhandlingane for 2019 vart partane samde om ein totalkvote (TAC) på 1 143 629 tonn. TAC er basert på ICES si rådgjeving og forvaltingplanen som er evaluert av ICES. I mangel på semje mellom alle partane, inngjekk Noreg og EU i desember 2018 ein bilateral sonetilgangsavtale om nvg-sild og kolmule for 2019 (sjå omtale om nvg-sild).

Dei regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonane

Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen

Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen (NEAFC) har ein samordnande funksjon i reguleringsa av fisket etter bestandar som vandrar mellom partar sine økonomiske soner og internasjonalt farvatn. Dette gjeld kolmule, norsk vårgytande sild, makrell og uer. I tråd med kyststatsavtalen for kolmule for 2019, vedtok årsmøtet ein kvote for fisket i internasjonalt farvatn på 91 020 tonn, fordelt på Danmark (Grønland) og Russland. Årsmøtet vedtok også ei regulering av fisket etter norsk vårgytande basert på kyststatsavtalen om ein totalkvote på 588 562 tonn. Når det gjeld makrell, er kyststatane ikkje einige om ein avtale for 2019 som omfattar alle partar. Årsmøtet vedtok difor ei regulering for internasjonalt farvatn utan kvantumsavgrensingar. Reguleringa sikrar rapportering og hindrar ekspansjon i fisket av statar som ikkje er kontraktspart til NEAFC. Det vart fastsett ein kvote for fisket etter uer i Irmingerhavet, medan partane ikkje vart einige om reguleringsa av uer i Norskehavet.

Den nordvestatlantiske fiskeriorganisasjonen

Mange av bestandane som blir forvalta av Den nordvestatlantiske fiskeriorganisasjonen (NAFO) er under moratorium. Noreg har rett til å fiske på lodde, torsk og to rekebestandar, men av desse er berre torskefisket ope. Det er sett i gang arbeid med å utarbeide forvaltingsplanar for viktige bestandar. Det er eit viktig steg framover. NAFO har dei siste åra lagt stor vekt på å regulere fisket med botnreiskapar slik at sårbare marine økosystem blir skåna. I dag er i alt 20 område i NAFO stengde for fiske med botnreiskapar for å verne

konsentrasjonar av korallar og svamp som har særleg sårbarø i økosystem. Stengingane gjeld også fleire område med undersjøiske fjell. Det siste året har eit panel beståande av både interne og eksterne ekspertar gjennomført NAFO si andre prestasjonsevaluering. I sin rapport påpeikar panelet blant anna at NAFO har gjort stor framgang med tanke på modernisering av organisasjonen, herunder vore meir gjennomsiktig og synleg i sitt arbeid, styrka arbeidet med å inkludere føre-var-betraktingar og økosystembasert forvalting i sine avgjerdss prosessar, betra innsamling av data samt styrka samarbeidet mellom forskarar og forvaltarar. Panelet kom samtidig med ei rekke forslag til forbetringar innanfor ulike område. Som oppfølging av panelet sine tilrådin gar nedsette årsmøtet i 2018 ei arbeidsgruppe som skal arbeide vidare med dette i 2019.

Den internasjonale kommisjonen for bevaring av atlantisk tunfisk

Noreg hadde i perioden 2007–2013 forbod mot fiske og landing av makrellstørje på bakgrunn av bestandssituasjonen og fordi totalkvoten vart sett høgare enn tilrådd. Den internasjonale kommisjonen for bevaring av atlantisk tunfisk (ICCAT) har no klare indikasjonar på at den negative trenden er snudd og at tilstanden til bestanden er betre. Noreg opna for fangst av den norske kvoten i 2014. Totalkvoten på østlig makrellstørje og den norske kvoteandelen har auka dei siste åra. I 2018 vedtok ICCAT ny forvaltingsplan for østleg makrellstørje. I 2018 var den norske kvota 104 tonn medan den i 2019 er auka til 239 tonn. Dette gjev fleire fartøy høve til å få delta i makrellstørje-fiske i norske farvatn.

Kommisjonen for bevaring av dei marine levande ressursane i Antarktis

Kommisjonen for bevaring av dei marine levande ressursane i Antarktis (CCAMLR) vidarefører kvotane på krill i Antarktis på same nivå som tidlegare. Det finst store krillressursar i konvensjonsområdet, men i dag går storparten av fisket føre seg i CCAMLR-området 48, det vil seie Antarktishalvøya, Sør-Shetland, Sør-Orknøyane og Sør-Georgia. Det er fastsett ei fangstgrense for heile konvensjonsområdet på 5,6 millionar tonn. Enorme avstandar og utfordrande vær- og istilhøve i fangstsesongen verkar inn på kor god tilgang fartøya har til fangstområda, og dermed òg på kor lenge og kor mykje krill fartøya kan fiske. Dei siste åra var totalfangsten av krill på mellom

230 000 og 280 000 tonn. I område 48 er fangstgrensa sett til 620 000 tonn, dvs. meir enn dobbelt så mykje som fangstnivået i dag. Kvoten er ikkje delt mellom dei enkelte medlemmane. Den norske flåten fiskar om lag 60 prosent av den totale krillfangsten i konvensjonsområdet.

Den internasjonale kvalfangstkommisjonen

Den norske kvoten på vågekval blir fastsett på bakgrunn av det arbeidet som er gjort i Den internasjonale kvalfangstkommisjonen (IWC) sin vitakskskomité. Vitskapskomiteen i IWC starta ein gjennomgang av det norske fangstgrunnlaget for vågekval i 2014. Komiteen konkluderte med at nye genetiske analysar ikkje gjev grunnlag for å dele opp i underområde for Barentshavet, Svalbardområdet og Norskehavet. Bestandsverdinga som norske forskrarar presenterte vart også i hovudsak godteke. Kvoten for vågekval er i 2019 på 1278 dyr, og inneber ei vidareføring av kvoten frå i fjor. Fangstområda er også slått saman, i tråd med dei vitskapelege råda frå IWC.

Den søraustatlantiske fiskeriorganisasjonen

Den overordna målsetjinga til SEAFO-konvensjonen er langsiktig bevaring og berekraftig bruk av marine ressursar i det søraustlege Atlanterhavet. Konvensjonsområdet er avgrensa til det opne hav, og omfattar såleis ikkje den økonomiske sona til kyststatane i området. Det er sju partar (Noreg,

Namibia, Angola, Sør-Afrika, EU, Japan og Sør-Korea) som har ratifisert SEAFO-konvensjonen, og er difor for fulle kommisjonsmedlem å rekne. I tillegg har Storbritannia, Island og USA status som observatørar i kommisjonen.

Under førre årsmøte vart kvotereguleringar for alle relevante bestandar for 2019 og 2020 vedtekne: 275 tonn tannfisk, 371 tonn krabbe, 200 tonn alfonsinos, 135 tonn pelagisk armourhead. Det var òg vedteken ei bifangstkvote på 54 tonn raud keisarfisk.

1.2 Fisket etter avtalane i 2017 og 2018

Norske fiskarar utnyttar generelt kvotane godt, og for dei kommersielt viktigaste bestandane blir kvotane nytta så godt som fullt ut, jf. tabell 1.1. For fiskeslaga i tabellen kan ein normalt overføre inn til 10 prosent av kvotane mellom år. Avvik frå full utnytting tydar altså ikkje nødvendigvis at kvotane ikkje fiskast opp, eller er overfiska. I eit kvotefleksregulert fiskeri (til dømes norsk vårgytande sild) vil fangsten i eit fangstår kunne belastast førre års kvote, årets kvote eller neste års kvote. Difor vil det ikkje bli rett å samanlikne årets fangst med årets kvote.

Tilgangen til å fiske i andre land sine soner blir nytta i ulik grad. Til dømes nyttar Noreg sone tilgangen vi har i russisk sone lite, fordi vi har god tilgang i eiga sone på dei fleste bestandane vi deler med Russland.

Tabell 1.1 Norsk utnytting av dei kommersielt viktigaste kvotane i 2017 og 2018

	Utnyttingsgrad ¹	
	2017	2018
<i>Barentshavet, Noreg – Russland</i>		
Torsk	101 %	105 %
Hyse	97 %	93 %
<i>Nordsjøen og Skagerrak, Noreg – EU</i>		
Sild	95 %	93 %
Sei	97 %	72 %
<i>Fleirpartsavtalar</i>		
Norsk vårgytande sild (nvg-sild)	90 %	109 %
Makrell	95 %	99 %
Kolmule	97 %	104 %

¹ Oversikt tek ikkje omsyn til overføringer over år (kvotefleksibilitet), men tek utgangspunkt i fangst i det einskilte året i høve til forskriftkvoten.

Noreg nytta heile den norske sildekvoten. Torske- og hysekvoten sør for 62°N vart dårlegare utnytta i 2017 og 2018 enn åra før. For mange artar har kvotane auka, men ikkje fangsten. Ifølgje offisiell fangststatistikk har EU i dei seinare åra nytta fellesbestandane i Nordsjøen relativt godt; det same gjeld kvotane dei har i norsk sone nord for 62°N.

I EU-farvatna vart dei norske kvotane av dei pelagiske artane kolmule, augepål og havbrisling godt nytta, med unntak av augepål i 2017. Norske linefartøy fiska opp langekvoten i 2015, 2016 og 2017. I 2018 vart kvoten auka med 1000 tonn. Kvoten på lange, brosme og anna linefisk vart godt

nytta i 2018. Det norske fisket i Skagerrak har dei siste åra i hovudsak vore konsentrert om reker, sild og torsk. EU har fiska mest av artane torsk, raudspette, sild og reker i Skagerrak. Sverige har stort sett nytta sine kvotar i norsk økonomisk sone godt.

Alle kyststatane har nytta kvotane sine av dei pelagiske artane norsk vårgytande sild, kolmule og makrell godt. Sesongen 2017/2018 fiska Noreg heile kvoten sin av lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen. Kvoten vart fiska om vinteren.

Kapittel 5 rapporterer om fisket etter dei ulike avtalene, med vekt på norsk utnytting av kvotane.

2 Det internasjonale fiskerisamarbeidet

Noreg har teke ei aktiv rolle i internasjonalt havsamarbeid, både når det gjeld utvikling av internasjonalt regelverk og for forvalting av fiskeria og havmiljøet. Erfaring frå dei siste åra viser at Noreg har stor innverknad globalt gjennom faglege bidrag. Dette kapitlet gjer greie for viktige tema og omgrep i det internasjonale fiskerisamarbeidet. Det startar med ei kort omtale av ulike konvensjonar og avtalar som utgjer det rettslege rammeverket på havet (kapittel 2.1). Etter det følgjer ei innføring i dei viktigaste omgrepene i den vitakaplege rådgjevinga bak fiskeriavtalane (kapittel 2.2).

Internasjonale havmiljøprosessar set rammevilkår for forvalting av marint biologisk mangfald og grip såleis inn i fiskeripolitikken. Vi gjer greie for desse prosessane i kapittel 2.3.

Norske styresmakter legg stor vekt på arbeidet mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske (UUU-fiske) og fiskerikriminalitet både nasjonalt og internasjonalt, og dessa temaa er difor grundig omtala i kapittel 2.4. Til slutt omtalar vi anna internasjonalt fiskerisamarbeid, med vekt på utviklingssamarbeidet.

2.1 Det havrettslege rammeverket

Havrettskonvensjonen

FN sin havrettskonvensjon frå 1982 blir kalla havets grunnlov og er det overordna folkerettslege rammeverket for all aktivitet som går føre seg til havs, frå fiske og oljeutvinning til miljøaktivitetar, ferdsel og landegrenser. Arbeidet som til slutt resulterte i dagens havrettskonvensjon, tok til allereie på slutten av 1940-talet. Den teknologiske og økonomiske utviklinga etter andre verdskrig gjorde det mogleg for statane å utnytte havet og havbotnen og ressursane der i stadig større grad. Denne utviklinga skapte behov for rettsreglar for å avklare statane sine rettar og plikter, mellom anna for å unngå tvistar mellom statar.

Havrettskonvensjonen slår mellom anna fast prinsippet om 200 nautiske mils økonomiske soner. Ein kyststat si økonomiske sone er ei havsone som ligg utanfor og støyter opp til sjøterritori-

riet. I den økonomiske sona har kyststaten suverene rettar til å nytte naturressursane både på havbotnen og i havområda over.

Noreg oppretta si økonomiske sone i 1976, ei fiskevernsone rundt Svalbard i 1977 og ei fiskerisone rundt Jan Mayen i 1980. Sonene er vist i figur 2.1.


Fisken i havet følgjer ikkje dei nasjonale grensene, men vandrar på tvers av økonomiske soner og internasjonalt farvatn. Etter havrettskonvensjonen har kyststatane difor ei plikt til å samarbeide for å bevare og utvikle bestandar som vandrar mellom to eller fleire kyststatar sine økonomiske soner, eller mellom økonomiske soner og internasjonalt farvatn. Dette kan gjerast direkte gjennom tosidige eller fleirsidige avtalar mellom kyststatane, eller gjennom regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonar (RFMOar) for internasjonalt farvatn.

I daglegtale seier vi ofte at ein stat er kyststat til ein bestand. Dette er likevel ikkje eit rettsleg definert omgrep, men blir nytta om ein kyststat som har den aktuelle bestanden i si økonomiske sone. Kyststaten har då etter havrettskonvensjonen rett til å utnytte bestanden, men er samstundes pålagt ei plikt til å samarbeide om forvaltinga med andre kyststatar som også har bestanden i sine økonomiske soner.

Havrettskonvensjonen inneholder også reglar om kontinentsokkelen. Kontinentsokkelen er ei forlenging av landmassane ut i havet. Alle kyststatar har utan vidare ein kontinentsokkel på 200 nautiske mil ut frå kysten, dersom den ikkje vert avgrensa mot andre land sin sokkel. Mange kyststatar har ei forlenging av landmassane under havet som strekk seg lenger enn 200 nautiske mil. For å få rettar utover 200 nautiske mil, må kyststaten dokumentere sokkelen si utstrekning for Kontinentsokkelkommisjonen (CLCS)¹ i New York.

Kontinentsokkelkommisjonen gjev anbefalinger som i sin tur gjev kyststaten rett til å fastlegge sokkelen si yttergrense i tråd med Kommissjonen si anbefaling. Noreg var den første av kyststatane rundt Polhavet som i 2009 fekk endeleg

¹ CLCS – Commission on the Limits of the Continental Shelf.



Figur 2.1 Kart som viser dei ulike fiskerisonene i Nordaust-Atlanteren

anbefaling om kontinentsokkelen si yttergrense frå Kontinentalsokkelkommisjonen. Noreg og Russland avgrensa denne sokkelen mellom seg gjennom avgrensingsavtalen frå 2010. Norsk sokkel strekk seg nordover frå fastlandet rundt og forbi Svalbard.

Etter havretten har alle kyststatar suveren rett til naturføremarker på kontinentsokkelen. Dette inneber ikkje berre rett til å utforske og utvinne mineral og andre føremarker på og under havbotnen, men også retten til dei såkalla sedentære artane, slik som for eksempel snøkrabbe. Vidare inkluderer kyststaten sine suverene rettar til å nytte ressursane på sin kontinentsokkel også retten til å bevare slike ressursar frå negativ påverknad frå annan type aktivitet. Kyststaten sin suverene rett betyr i denne samanhengen at ingen kan utforske eller utvinne naturføremarkerne på sokkelen utan uttrykkeleg samtykke frå kyststaten.

Fiske på det opne hav

Eit veksande fiske i internasjonalt farvatn på 1980-talet viste at havrettsregimet ikkje var konkret nok til at ein kunne få til dekkjande reguleringar av verksemda utanfor dei økonomiske sonene. Dette førte til forhandlinga av FN-avtalen om fiske på det opne hav (UN Fish Stocks Agreement) frå 1995 som eit supplement til havrettskonvensjonen. FN-avtalen pålegg kyststatane og statar som fiskar på det opne hav å delta i regionalt samarbeid om forvaltinga av vandrande fiskebestandar, og inneheld detaljerte reglar om opprettning av regionale organisasjonar og korleis samarbeidet i organisasjonane skal gå føre seg.

Avtalen slår vidare fast forvaltingsprinsipp som statane skal ta omsyn til for å sikre langsiktig bevaring og berekraftig bruk av vandrande og langtmigrerande fiskebestandar. Mellom anna pålegg avtalen statane å bruke ei føre-var-tilnærming i fiskeri forvaltinga og viser til kravet om å bevare biodiversitet og drive ei økosystembasert forvalting. Avtalen gjeld i hovudsak berre på det opne hav, men slår òg fast at det skal vere samsvar mellom forvaltinga av fiskeressursane på det opne hav og i dei tilgrensande nasjonale farvatna. Dette inneber at ein ved forvaltinga av det opne hav skal ta omsyn til dei forvaltingstiltaka som kyststatane har fastsett innanfor dei økonomiske sonene, og ikkje undergrave desse. Avtalen inneheld også reglar om handheving og kontroll.

Med unntak av område i det sørlege Atlanterhav, er alt internasjonalt farvatn med relevante fiskeriområde i dag dekka av regionale fiskeri forval-

tingsmekanismar, som vedtek bindande reguleringer for partane om forvalting og kontroll i sine område. Noreg har i aukande grad teke del i dette samarbeidet i relevante internasjonale fiskeriforvaltingsorganisasjonar, og er i dag medlem av fem slike regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonar², i tillegg til Den internasjonale kvalfangstkommisjonen (IWC) og Den nordatlantiske sjøpattedyrkommisjonen (NAMMCO). I kapittel 3 gjer vi greie for arbeidet i organisasjonane.

Fiske i Polhavet

I november 2017 vart dei fem kyststatane rundt Polhavet (Noreg, Russland, USA, Canada og Danmark/ Grønland) og fjernfiskeaktørane Kina, Japan, Sør-Korea, Island og EU einige om ein ny rettsleg bindande avtale som skal hindre uregulert fiske i Polhavet. Partane til avtalen avstår frå å la sine fiskefartøy fiske i internasjonalt farvatn i Polhavet.

Det føregår per i dag ikkje kommersielt fiske utanfor dei fem kyststatane rundt Polhavet sine 200 nautiske mils økonomiske soner i Polhavet, og ifølgje forskinga som er gjort er eit slikt fiske heller ikkje sannsynleg med det første. I Oslo i juli 2015 undertekna likevel Noreg og dei fire andre kyststatane til Polhavet ei erklæring om vitskapleg samarbeid og tiltak mot uregulert fiske i internasjonal del av Polhavet for å unngå at eit eventuelt framtidig uregulert fiske skal oppstå. For å samle fleire aktørar bak desse tiltaka, vart prosessen utvida hausten 2015 ved at fjernfiskeaktørane òg var inviterte til å forhandle om ein ny avtale om fiske i Polhavet. Forhandlingane varte i to år og viste naturlege motsetningar mellom kyststatane og fjernfiskeaktørane. Forhandlingane vart likevel sluttført i november 2017 og den endelige avtalen vart signert 3. oktober 2018.

Hovudelementa i avtalen er at partane forpliktar seg til å avstå frå uregulert fiske i internasjonalt farvatn, ein intensjon om å bidra til vern og berekraftig bruk av fiskeriressursar i Polhavet, regulering av forsøksfiske, etablering av eit vitskapeleg program, etablering av eit partsmøte med relativt omfattande vedtakskompetanse, og ein intensjon om etablering av nye regionale fiskeri forvaltingsmekanismar om det skulle være nødvendig på eit seinare tidspunkt.

² North-East Atlantic Fisheries Commission (NEAFC), North Atlantic Fisheries Organisation (NAFO), The International Commission for the Conservation of Atlantic Tunas (ICCAT), South East Atlantic Fisheries Commission (SEAFO) og The Commission for the Conservation of Antarctic Marine Living Resources (CCAMLR).

Rammeavtalar

Sjølv om opprettinga av dei økonomiske sonene gav kyststaten suverene rettar til å fiske i si sone, ville slike reine nasjonale fiskeri skape store endringar i det tradisjonelle fiskemønsteret. Noreg valde difor å inngå langsiktige rammeavtalar – som opnar for utanlandsk fiske i norske havområde og norsk fiske i andre land sine havområde. Rammeavtalane er langsiktige overordna avtalar som dreg opp prinsippa for det enkelte samarbeidet. Noreg har inngått slike avtalar med Russland, EU, Færøyane, Grønland og Island.

Målet med avtalane var å oppnå ein rimeleg balanse i det gjensidige fisket mellom avtalepartane. Avtalane med EU og Russland inneheld i tillegg reglar for samarbeid om forvaltinga av fellesbestandane i Nordsjøen og Barentshavet. Noreg har også ein avtale med EU om fiske i Skagerrak og svensk tilgang til fiske i norsk sone.

Årlege avtalar med andre land

I tråd med det rammeverket som er gjort greie for ovanfor, fører Noreg årleg tosidige og fleirsidige forhandlingar med ei rekke land om forvalting og bevaring av fiskebestandar, om gjensidig fangstløyve og fiskekvotar, og om einsidig løyve for nokre land til å fiske i norske jurisdiksjonområde. I kapittel 3 gjer vi greie for desse avtalane.

Regulering av utanlandsk fiske i norske farvatn

Utover det utanlandske fisket i norske farvatn som er avtalt i dei årlege fiskeriavtalane, har Noreg fastsett eit generelt forbod mot utanlandsk fiske i norsk økonomisk sone og i fiskerisona rundt Jan Mayen. Det er krav om lisens for utanlandske fartøy som skal fiske i desse områda, for å sikre at fangstintnsatsen er i samsvar med dei tildekte kvotane, og for å gjere det mogleg med ein effektiv kontroll. Det avtalte utanlandske fisket er vidare regulert gjennom forskrifter, og utanlandske fartøy skal sende fangstrapportar til norske styresmakter.

Sjølv om det ikkje er noko rettsleg hinder for at Noreg kan vedta tilsvarande reguleringar for fiskevernsona ved Svalbard som i økonomisk sone, har Noreg førebels ikkje gjort det generelle forbodet for utanlandske fiskarar gjeldande i fiskevernsona. Forskrifter for fiskevernsona er i praksis sette i verk på eit ikkje-diskriminerande grunnlag for både norske og utanlandske fartøy, trass i at området er underlagt norsk fiskerijurisdiksjon. I etablerte fiskeri, der også utanlandske

fartøy tradisjonelt har drive fiske, har ein fordelt kvotar og talet på fiskedøgn i tråd med historisk fiske. Per i dag er det fastsett reguleringar av fisket etter torsk, reker, blåkveite, sild, lodde, uer og hyse i fiskevernsona ved Svalbard.

2.2 Det vitskaplege grunnlaget for avtalane

Noreg legg stor vekt på å sikre eit best mogleg vitskapleg grunnlag for fiskeriforvaltinga. Både den nasjonale forvaltinga og dei årlege forhandlingane Noreg fører med andre land er i hovudsak baserte på rådgjevinga frå Det internasjonale råd for havforsking (ICES; sjå boks 2.1). Havforskningsinstituttet deltek med store ressursar i ICES sitt arbeid med bestandsvurdering og rådgjeving. Dette kapitlet presenterer sentrale omgrep i den vitskaplege rådgjevinga.

Bestandsvurdering

Forskarane bruker vanlegvis ein kombinasjon av informasjon frå fangststatistikk og data frå vitskaplege tokt for å vurdere bestandssituasjonen. I tillegg til å vurdere kor stor bestanden er, ser forskarane på den relative fordelinga av aldersgrupper for å vurdere reproduksjonsevna til bestanden i åra som kjem. Prøver av mageinnhaldet til fiskene fortel kva fisken har ete, og over tid gjev dette forskarane kunnskap om viktige samanhengar i økosystemet. Lange tidsseriar med data aukar presisjonen i kunnskapen år for år slik at forskarane får betre innsyn i korleis bestandane endrar seg over tid. Likevel vil bestandsvurderingane alltid vere noko usikre, og dei siste åra i tidsserien er meir usikre enn dei lengre attende i tida. Artane lever i store havområde og blir påverka av mange faktorar i tillegg til fisket. Det er også forskjellar i datagrunnlaget for ulike bestandar. Sjølv for dei viktigaste kommersielle bestandane kan datagrunnlaget vere mangelfullt, særleg når det gjeld volumet og alderssamansetjinga av fangstane.

Føre-var-prinsippet

Føre-var-tilnærming til forvalting av naturressursar er fastsett i fleire internasjonale konvensjonar etter Rio-konferansen i 1992. Gjennom føre-var-forvalting vil ein sikre seg mot at det blir fiska så hardt på ein bestand at det på sikt kan føre til samanbrot i bestanden.

I føre-var-forvalting blir det definert grenseverdiar, eller såkalla referansepunkt, for gyte-

bestanden og fiskedødsraten til ein bestand. Storleiken til gytebestanden er ein indikator på reproduksjonsevna til bestanden, medan fiskedødsraten er ein indikator på om bestanden blir hausta berekraftig.

Fordi talfestinga av grenseverdiar alltid er usikre definerer ICES både ei absolutt grense og ei føre-var-grense. Føre-var-grensa uttrykker ein tryggleiksmargin. Storleiken på tryggleiksmarginen blir bestemt av kor sikker bestandsvurderinga er og kor mykje bestanden varierer naturleg.

Sidan 1998 har ICES definert og talfesta føre-var-referansepunkt for dei fleste bestandane. Så lenge gytebestanden og fiskedødsraten til ein bestand er innanfor føre-var-verdiane, vil ICES seie at bestanden er hausta berekraftig og har god reproduksjonsevne. Om verdiane er mellom føre-var-verdiane og dei absolute ytre grensene, vil det vere risiko for at bestanden har sviktande reproduksjonsevne eller ikkje blir hausta berekraftig. ICES vil då råde forvaltarane til å setje i verk tiltak for å få bestanden opp igjen på eit tryggare nivå.

Dersom gytebestanden er lågare eller haustringrunden høgre enn dei absolute grenseverdiane, vil det vere stor risiko for dårlig rekruttering.

Maksimalt berekraftig utbyte (MSY)

Føre-var-forvalting skal sikre at ein bestand ikkje bryt saman, men denne tilnærminga legg ikkje grunnlag for å gje råd om korleis vi kan sikre det høgste moglege utbytet av ein bestand over lang tid. Omgrepet «maksimalt berekraftig utbyte» er eit uttrykk for forvaltarane sitt ønske om å hauste mest mogleg innanfor berekraftige rammer. I praksis er MSY bestemt av vekstrate, naturleg dødsrate og reproduksjonsrate i bestanden.

Populasjonar må oppretthaldast innanfor sikre biologiske grenser etter føre-var-prinsippet for å gjere MSY mogleg. MSY-tilnærminga vil innanfor desse grensene finne det nivået av gytebestand og fiskedød som fremjar størst mogleg produksjon over tid.

Boks 2.1 ICES – Det internasjonale råd for havforskning

Det internasjonale råd for havforskning er ein ubunden, vitskapleg organisasjon som gjev råd om forvaltinga av dei marine ressursane og det marine miljøet i konvensjonsområdet. ICES vart danna i 1902 og har i dag 20 medlemsland på begge sider av Nord-Atlanteren. ICES sekretariatet ligg i København. Noreg var saman med Danmark og Sverige grunnleggjarar av ICES.

ICES arbeider for å fremje den vitskaplege forståinga av dei marine økosistema. Målet er å gje styresmaktene råd basert på den beste tilgjengelege vitskapen, slik at dei kan ta kunnspasbaserte val om berekraftig bruk av dei marine miljøa og økosistema.


ICES har eit nettverk av meir enn 5 000 forskrarar frå over 690 marine forskingsinstitutt i 20 land. Det vitskaplege arbeidet blir styrt av vitakomiteen til organisasjonen.

Den rådgjevande komiteen ACOM gjev kvart år råd om fangstmengder for dei viktigaste fiskeslaga i Nordaust-Atlanteren. Råda er baserte på data og vitskaplege analysar frå ei rekke ekspertgrupper. Kartet under viser dei ulike statistikkområda som ICES nyttar i si rådgjeving.



Figur 2.2 Medlemslanda i ICES

Boks 2.1 forts.



Figur 2.3 ICES sine fiskeristatistiske område

Råda frå ICES er offentlege, og både råd og dokumentasjon finst på internettssida til organisasjonen. Hafvforskingssinstituttet presenterer

også råda til ICES på norsk på sine heimesider, saman med eigne vurderingar.

Økosystembasert forvalting

Forvaltinga har dei seinare åra endra seg frå berre å sjå på ein bestand om gongen til i større grad å sjå fleire bestandar i eit økosystem i samanheng, noko som gjerne blir kalla økosystembasert forvalting. Ingen fiskebestand lever isolert frå økosyste-

met og andre bestandar; dei konkurrerer om same føda, eller ein bestand lever av å beite på ein annan bestand. Dette må vi ta omsyn til i fiskeriforvaltinga. Ettersom dei ulike bestandane endrar storleik av naturlege årsaker eller på grunn av fiskeria, vil det også påverke kor mykje vi kan fiske av andre bestandar i same området.



Figur 2.4 Det norsk-russiske havforskingssamarbeidet feira 60 år i 2018

Foto: Mats Gangvik, Havforskinsinstituttet

Sjølv om ei integrert økosystembasert forvalting har vore ein uttalt ambisjon i mange år, er det langt igjen før vi kan nå dette målet fullt ut. Dei marine økosistema er komplekse og det er behov for økt kunnskap om samanhengane i økosystemet, ikkje minst om forholdet mellom bestandane. Ei rådgjeving som tek omsyn til alle elementa i økosystemet vil krevje kunnskap vi ikkje har i dag, og som føreset store nye investeringar både i overvaking og forsking. Det er heller ikkje likefram å drive forvalting på basis av slike råd, sidan sjølv rådgjevinga i større grad då blir ulike moglege kombinasjonar av kvotar enn eit konkret kvoteråd for kvar art. Det at ulike land kan ha ulike prioriteringar og mål for forvaltinga av bestandar som ein deler, kompliserer biletet ytterlegare. Ei økosystembasert forvalting er like fullt eit klart mål, og som vi nærmar oss stegvis.

Forvaltingsplanar og haustingsreglar

Mot slutten av 1990-talet og tidleg på 2000-talet starta arbeidet med å utvikle forvaltingsplanar for mange bestandar. Dette var eit stort steg i retning av meir føreseileg fiskeriforvalting, både når det

gjeld kvoterådgjeving, fastsetjing av kvotar og andre reguleringar av fisket.

Ein forvaltingsplan er ei konkretisering av forvaltingsstyremaktene sine målsetjingar for forvaltinga av ein bestand, uttrykt gjennom haustingsreglar. Det er forvaltarane sitt ansvar å vedta haustingsreglar, men reglane blir ofte laga i samarbeid mellom forvaltarar og forskarar. Før nye haustingsreglar blir endeleg vedtekne, sender kyststatane dei gjerne til ICES som vurderer om reglane er i tråd med føre-var-tilnærminga og faktisk fører til at forvaltarane kan nå dei måla som er sett. Når det ligg føre vedtekne forvaltingsreglar, startar ICES med å gje sine råd i tråd med desse reglane.

I byrjinga skulle haustingsreglane i all hovudsak berre tilfredsstille føre-var-tilnærminga; dei skulle kort sagt ta vare på berekraft-prinsippet. Etter kvart har målsetjinga i fiskeriforvaltinga endra seg meir i retning av maksimalt langtidsutbytte av bestandane. Andre generasjons haustingsreglar tek vare på begge desse føremåla.

Vi har no fått på plass planar for dei fleste viktige bestandane i våre farvatn, og det er ei målsetting å ha ei regelmessig oppdatering av desse planane. Vi er også i ferd med å revidere fleire forvaltingsplanar i Nordsjøen.

2.3 Internasjonale havmiljøprosessar

Sidan starten på 2000-talet har havmiljøspørsmål vekt aukande interesse i FN si generalforsamling, i globale miljøkonvensjonar og i opinionen. Havretten utviklar òg nye prinsipp for å sikre biologisk mangfald, og berekraftig forvalting av dei levande marine ressursane er innført i internasjonale instrument og i norsk rett.


Utfordringar

Kunnskapen om den samla verknaden av alle typar påverknader på det marine miljø aukar. Miljøutfordringane i havet spenner frå tradisjonell forureining som næringssaltar og helse- og miljøfarlege kjemikaliar, den stadig aukande mengda av plastavfall og mikroplast som kan bli ete av plankton, fisk, kval og sjøfugl, til verknadane som klimaendringane har på havforsuring, temperaturauke og etterfylgjande endringar i bestandsutbreiinga. Fiskeri påverkar økosystemet og etterlet seg eit fotavtrykk på linje med andre næringsaktivitetar. Globalt er ein tredel av kommersielle fiskebestandar overfiska.

Dei internasjonale havmiljøprosessane, mellom anna FN sine årlege resolusjonar om havmiljø og fiskerispørsmål, set rammevilkår for global, regional og statleg forvalting av marint biologisk mangfald. Dei påverkar dermed handlingsrommet for utforminga av norsk havressursforvalting og igjen lønnsemda i norsk fiskerinæring. Noreg deltek difor breitt og koordinert i dei globale avgjerslesprosessane for havmiljøspørsmål. Vi vil halde fram arbeidet for at meir av sjøarealet skal kunne nyttast berekraftig til matproduksjon, både innan fiskeri og havbruk. Med ei veksande verdsbefolking trengs meir mat og mykje av den auka matproduksjonen må hentast der det største potensialet finst; frå havet. Men det føreset at ein kan handsama den aukande forureininga, som i hovudsak kjem frå landsida. Noreg fekk gjennomslag for ein resolusjon under generalforsamlinga i FN sitt miljøprogram 2017 for å redusere plastforureininga av havet.

Globale forpliktningar

FN si generalforsamling fastsette i 2015 17 mål (Sustainable Development Goals – SDGane) for ei berekraftig utvikling fram mot 2030. Sjømatproduksjon er relevant for fleire av måla, men særleg mål 14 som omfattar havmiljøspørsmål: «bevare og bruke hav og marine ressursar på eit vis som fremmer ei berekraftig utvikling». Under dei ti til-



Figur 2.5 NEAFC si stenging av botnfiske i internasjonalt farvatn

høyrande delmåla vert framleis utvikla indikatorar som landa skal rapportere på, mellom anna tiltak for reinare hav, kamp mot overfiske, og ulovleg, urapportert og uregulert fiske inngår (sjå kap. 2.4). Etter norsk initiativ i 2016 bad FN si generalforsamling at statar tek grep for å hindre det store talet av statslause fartøy i å fiske ulovleg. I arbeidet med statsministerens internasjonale høghavpanel av stats- og regjeringssjefar arrangerte Havforskningsinstituttet i 2018 ein internasjonal konferanse som skal kome med anbefalingar for ei berekraftig utvikling av fiskeri og akvakultur. Fleire liknande tema får også fokus i den internasjonale konferanseserien «Our Ocean» i Oslo i oktober 2019.

Fiskeriaktivitet og miljøpåverking

Fiskeriaktivitet får mykje negativ merksemeld i ulike internasjonale samanhengar. Noreg nyttar kunniskap og erfaring for å arbeide for ei betre regional og statleg fiskeriforvalting, nært der utfordringane oppstår og der løysninga også ligg.

Etter mykje fokus kring skadar frå fiske på havbotnen har FN dei siste ti åra vedteke ei rekke resolusjonar der dei ber FAO og dei internasjonale fiskeriforvaltingsorganisasjonane redusere skadeverknader på sårbarer botnhabitat (jf. stengde fiskeriområde i Nordaust-Atlanteren i figur 2.5). FN sin revisjon i 2016 viste lovande resultat for dei områda norske fartøy fiskar i. Glo-

balt er det tillate botnfiske i berre éin prosent av arealet utanfor nasjonal jurisdiksjon. Meir enn 19 internasjonale avtalar og instrument regulerer djuphavsfiske utanfor nasjonal jurisdiksjon. I tillegg har fiskeriforvaltingsorganisasjonane som Noreg er medlem i vedteke arealbaserte stengingar mot botnfiskeri for å verne sårbare marine økosystem på havbotnen, der den viktigaste for Noreg er Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen (NEAFC, sjå kap. 3.4.1).

Tapte fiskereiskap kan halde fram med å fiske i mange år etter at dei er tapt, dette vert kalla «spøkelsesfiske». Dette fører til skjult og uønska uttak av fiskeressursane. Tapt reiskap er også ein av de største kjeldene til plastforureining frå fiskeria. Yrkesfiskarar er forplikt til å sokne etter tapte reiskap. Dersom dei ikkje finn att reiskapen må dette rapporterast. Fiskeridirektoratet har sidan tidleg på 80-talet gjennomført årlege oppryddingstokt langs Norskekysten. I 2018 vart det i tillegg til det ordinære toktet gjennomført eit eige tokt for å rydde snøkrabbeteiner på norsk kontinentalsokkel. Under det norske formannskapet i Nordisk ministerråd 2017 vart tiltak mot spøkelsesfiske og marin plastforureining etablert som eit prioritert område for samarbeid mellom dei nordiske landa. Det vart då blant anna sett i gang eit treårig prosjekt kalla Clean Nordic Oceans (CNO). Prosjektet fokuserer på kartlegging av omfang, erfaringsdeling og å spreie kunnskap om effektive tiltak for å bekjempe spøkelsesfiske. Det er òg gjeve støtte til utviding av miljøprosjektet Fishing for Litter.

Miljøavtalar

Konvensjonen om biologisk mangfold (CBD) inneheld ein strategisk plan med talfesta arealmål for marint vern og andre arealmessige tiltak som skal ha som verknad å hegne om naturverdiar og det økologiske mangfaldet. Noreg har stadfestat mange slike arealbaserte tiltak gjennom fiskerilovgivinga, og departementet arbeider for å gjere dei synlege i det internasjonale arbeidet for å ta vare på det marine miljøet. CBD har nyleg vedteke ein resolusjon for kva type tiltak som skal reknast inn i arbeidet med marint vern, og fiskeriforvaltinga vil spele ei sentral rolle i å oppfylle måla i den strategiske planen.

CBD, Konvensjonen om internasjonal handel med trua plante- og dyreartar (CITES) og Konvensjonen om migrerande artar (Bonnkonvensjonen) er alle eksempel på globale miljøavtalar som får verknad for forvaltinga av kommersielle fiskeartar. Blant anna har konvensjonane verna seit voksende migrerande artar som hiar og skater.

På oppdrag frå FN si generalforsamling starta forhandlingane om ei ny global havmiljøavtale i 2018. For å tette hòl i eksisterande miljøregelverk for internasjonalt farvatn, tek ein høgde for å adressere utfordringar på tvers av sektorar. Det er semje om at avtalen skal vere juridisk bindande og omfatte utnytting av marine genetiske ressursar, bruk av marine verneområde, konsekvensutgreingar og kapasitetsbygging i utviklingsland. Ein framtidig ny avtale skal ikkje underminere eksisterande avtalar, som til dømes under FN sin internasjonale maritime organisasjon (IMO), eller dei eksisterande implementeringsavtalane under havrettskonvensjonen, medrekna FN-avtalen om fiske på det opne hav (UNFSA) og Regelverk under den internasjonale havbotnmyndigheita (mineralressursar). Forhandlingane held i første omgang fram til 2020.

Regionale løysingar

NEAFC og Konvensjonen om vern av havmiljøet i det nordaustlege Atlanterhavsområdet (OSPAR) har oppretta beskytta område (engelsk: Marine Protected Areas) i internasjonalt farvatn. NEAFC har sidan 2004 stengt stadig nye område for fiske som dekkjer eit areal større enn Storbritannia og Irland til saman, jf. figur 2.5. I 2008 oppretta dei to organisasjonane eit formelt samarbeid og til saman regulerer dei ei rad ulike aktivitetar. Samarbeidet utgjer ein modell for andre regionar og syner at ei rekke utfordringar må og kan finne sin løysning på regionalt nivå. Men ein del andre stavar tek til orde for globale løysingar med blant anna utpeiking av verneområde frå FN sentralt, slik det mellom anna har kome fram i forhandlingane om ein ny havavtale.

Andre arealtiltak

Fiskeriforvaltinga set også i verk andre tiltak for å beskytte ressursane, til dømes forbod mot å fiske med visse reiskapar, tidsavgrensa fiske, opning og stenging av fiskefelt og arealbaserte reguleringar (som korallvern og forbod mot botnfiske). Til saman medverkar alle dei nemnde tiltaka til eit viktig vern for sårbare marine område og økosystem. Noreg har innført ulike arealtiltak for fiskeriverksemid i omkring 50 prosent av det samla sjøarealet over norsk sokkel, som er kring to millionar kvadratkilometer.

Både i media og gjennom enkelte fagartiklar kan ein få inntrykk av at fiske på det opne hav er uregulert og at det er fritt fram for fiskarane å gjere som dei vil. Dette er ikkje tilfelle. Havrettskonven-

sjonen og underliggende avtalar set klåre reglar til utøvinga av fiskeriaktivitet på det opne hav. God forvalting er likevel avhengig av at alle stavar gjennomfører dei pliktene dei har tatt på seg internasjonalt, og gjennom deltaking i internasjonale fora jobbar Noreg kontinuerlig med å oppmøde til dette.

2.4 Kontroll og handheving

Ei berekraftig hausting av fiskeressursane krev at ein kan regulere den totale fiskeriaktiviteten og ha kontroll med det faktiske fisket. Det er utfordrande og krev stor grad av internasjonalt samarbeid, fordi fiskefartøy opererer innanfor jurisdiksjonsområda til mange ulike land og på det opne hav.

FN sin matvareorganisasjon (FAO) estimerer om lag 15 prosent av all fangst er fiska ulovleg, og er dermed eit alvorleg trugsmål mot fiskeressursane. Kampen mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske (UUU-fiske) står difor høgt på dagsorden i kontrollsamarbeidet Noreg har med andre land, i FAO og i dei regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonane.

Det viser seg at ulovleg fiske i ein del tilfelle har bindeledd til anna organisert kriminell verksemد som smugling av narkotiske stoff, miljø-

kriminalitet, korruksjon og økonomisk kriminalitet. Det har dei seinare åra vore klart at den omfattande fiskerikriminaliteten må takast på alvor og behandlast på same vis som annan grenseoverskridende organisert kriminalitet. Internasjonalt arbeider Noreg hovudsakleg med FN sitt kontor for narkotika og kriminalitet (UNODC) og Interpol på dette området, og støtter begge organisasjonane sine program mot fiskerikriminalitet.

I Noreg har Fiskeridirektoratet ansvaret for ressurskontrollen saman med Kystvakta og salslaga. Saman utarbeider dei nasjonale, strategiske risikovurderingar for å sikre at kontrollressursane blir sett inn der det er mest sannsynleg at lovbroter skjer, og der følgjene av lovbroten er størst. Etterforsking av fiskerikriminalitet har politi og påtalemakt ansvaret for.

Kystvakta og Fiskeridirektoratet har i ei årrekke samarbeidd om å kartleggje og analysere fiskerikriminalitet i norske havområde. Politiet, skattestyresmaktene, Kystverket, Arbeidstilsynet og tollstyresmaktene er også med i arbeidet, som omfattar systematisk innsamling av informasjon om mogleg grenseoverskridende fiskerikriminalitet der aktørar med ulik nasjonalitet er involverte. Kystverket og Fiskeridirektoratet har også eit samarbeid gjennom Analyseeininga i Vardø, som



Figur 2.6 Kystvakta på kontroll

Foto: Håkon Kjøllmoen, Kystvakta

Boks 2.2 Utval for fiskerikontroll

Fisk er ein ressurs med stor verdi og som vert forvalta gjennom sentrale lovar og reguleringar. Brot på desse øydelegg for konkuransen i næringa og fjerner grunnlaget for ei berekraftig forvalting. Det gjeld særleg ulovleg omsetnad, som skjer gjennom under- og feirrapportering av fangstar. For fiskeristyresmaktene må kunne legge til grunn at sjømaten er lovleg fangsta og omsett. Dette er òg noko verdsmarknaden er oppteken av, noko som gjer god ressurskontroll til eit viktig premiss for eksport av sjømat.

Trass varslar frå forsking, forvalting og næringa sjølv, avdekkjer fiskerikontroll få tilfelle av ulovleg fangst og omsetnad. Metodane for kontroll er i dag basert på at kontrolløren er til stades, og har liten førebyggjande effekt. Dette er noko også Riksrevisjonen har peika på i forvaltingsrevisjonen av fiskeriforvaltinga i Nordsjøen og Skagerrak. Riksrevisjonen meinte at det var manglar i organiseringa av kontroll, der både Fiskeridirektoratet, salgslaga, Kystvakta og Justervesenet har ei rolle.

Regjeringa har erkjent at det er behov for grunnleggjande endringar i arbeidet med kontroll og ynskjer å tenkje nytt og heilskapleg om fiskerikontroll. 15. juni 2018 satt regjeringa difor ned eit utval som skal sjå på korleis Noreg kan få ein meir effektiv kontroll, som også gjev fortrinn til den norske næringa i sjømatmarknaden. Utvalet skal granske korleis ny teknologi kan sikre at fiskeria er berekraftige og sjømaten lovleg omsett. Ny teknologi opnar for å dokumentere uttaket frå havet og korleis fangstar vert handtert gjennom heile verdikjeden.

Utvalet skal òg sjå på korleis styresmaktene kan bruke dei samla kontrollressursane. Målet er ein meir effektiv nasjonal kontroll, ein enklare kvardag for næringa og auka tillit til norsk sjømat i dei krevande marknadane for sjømat.

Direktør Magnar Pedersen frå forskingsinstituttet Nofima leiar utvalet, som består av 10 ekspertar med relevant kunnskap frå næring, forvalting og akademia. Utvalet skal overrekke ein rapport 1. desember 2019.



Figur 2.7 Statsråd Harald T. Nesvik helste på utvalet på deira første møte 3. september 2018. Frå venstre: Kine Marie Karlsen, Hanne Digre, Per William Lie, Henny Irene Bech, fiskeriministeren, Magnar Pedersen (leiar), Florian Diekert, Vårinn Marie Lassesen og Hans Petter Tetmo. Ørjan Nergård og Tor Alvik var ikkje til stades då biletet vart teke

består av tilsette frå begge etatane og ligg ved Kystverket sin trafikksentral i Vardø. Eininga analyserer data og informasjon om fartøyaktivitetar og bevegelsar for å avdekkje ulovleg fiske og andre lovbrot på havet, både nasjonalt og internasjonalt.

Kontrollsamarbeid med andre land

Noreg har tosidige avtalar om kontrollsamarbeid med alle land som har interesser i norske havområde. Kontrollavtalane inneber at partane skal samarbeide om å redusere ulovleg fiske, og omfattar mellom anna rapportering av landingar av fisk frå fartøy frå tredjeland.

Desse avtalane har vore viktige for nedgangen i UUU-fiske i Nordaust-Atlanteren dei siste åra. Ikkje minst har det norsk-russiske kontrollsamarbeidet hatt stor betydning for å få bukt med det ulovlege fisket i Barentshavet. Noreg og Russland utvekslar mellom anna kvoteoversikter og landingsstatistikk gjennom året. Kring årsskiftet gjennomfører partane felles analysar av totaluttaket og uttak knytt til enkeltfartøy. Noreg og Russland utvekslar òg inspektørar og observatørar ved kontrollar på havet og i land.


Noreg og EU har ein avtale om elektronisk utveksling av fangst- og aktivitetsdata ved fiske i kvarandre sine soner. Det er seinare inngått tilsvarende avtalar med Island, Russland og Færøyane. Gjeldande avtale med Island trådde i kraft 1. januar 2014. Avtalen med Færøyane trådde i kraft 10. januar 2017. Det er førebels ikkje bestemt når avtalen med Russland vil tre i kraft.

Satelittsporing og elektronisk fangstrapping er viktige element i kampen mot ulovleg fiske. Det ligg no føre satellittsporingsavtalar mellom dei landa som har felles fiskeriinteresser i Nordaust-Atlanteren.

Svartelister og hamnestatskontroll

Dei regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonane er viktige aktørar i kampen mot UUU-fiske. Noreg har vore ein pådrivar for å få organisasjonane vi er medlem av til å opprette svartelister over fartøy som driv UUU-fiske.

Fordi fartøy som driv UUU-fiske ofte opererer globalt, og fangsten gjerne blir landa utanfor området der fangsten vart teken, har Noreg òg arbeidd for at ulike RFMOar skal godta kvarandre sine UUU-lister. NEAFC fører til dømes i dag fartøy på si svarteliste dersom CCAMLR, NAFO eller SEAFO kan stadfeste at fartøyet har vore involvert i UUU-fiske.



Figur 2.8 Analyseeininga i Vardø er eit samarbeid mellom Fiskeridirektoratet og Kystverket for å analysere og avdekkje ulovleg verksemد på havet

Den internasjonale avtalen om hamnestatstiltak for å førebyggje, hindre og eliminere ulovleg, urapportert og uregulert fiske (hamnestatsavtalen) er eit viktig instrument som skal bidra til betre kontroll med fisket. Avtalen vart vedteken 22. november 2009 og trådde i kraft 16. juni 2016. Noreg er ein av 51 statar og organisasjonar (inkludert EU på vegne av dei 28 medlemslanda) som har ratifisert avtalen, og arbeider for at fleire statar skal slutte seg til. I mai 2017 var Noreg vertskap for det første møtet mellom landa som deltek i avtalen.

Etter avtalen skal partane krevje at informasjon om fartøy og fangst blir sendt til hamnestaten før fartøyet får tilgang til hamna. Denne informasjonen skal styresmaktene i hamnestaten bruke til å forsikre seg om at fartøyet ikkje har vore involvert i UUU-fiske.

Noreg har arbeidd aktivt for at RFMOane skal vedta reglar om hamnestatskontroll og for at desse reglane skal utvidast i samsvar med den globale avtalen. Både NEAFC, NAFO, CCAMLR, SEAFO og ICCAT har vedteke reguleringar om hamnestatskontroll.

Den globale avtalen om hamnestatstiltak er eit viktig supplement til andre reaksjonar mot ulovleg fiske. Det kan vere kontrollaktivitetar, å føre inn fartøy og andre straffeprosessuelle eller administrative skritt mot dei som kontrollerer eller eig fartøyet.

Globale retningslinjer om flaggstatsansvar

Som eit ledd i kampen mot UUU-fiske vedtok FAO sin fiskerikomite (COFI) globale retningslinjer for flaggstatsansvar i juni 2014. Retningslinjene innehold mellom anna kriterium for evaluering av

flaggstaten samt eit kapittel om samarbeid mellom flaggstatar og kyststatar.

Retningslinjene er ikkje folkerettsleg bindande, og skapar dermed ikkje nye plikter for statane, men konkretiserer korleis ansvarlege flaggstatar bør opptre. Dei kan vere til hjelp for statar som ynskjer å ta ansvar som flaggstat og bidra til å identifisere statar som ikkje opptrer ansvarleg.

Marknadstiltak – fangstsertifikat

Eit fangstsertifikat dokumenterer at fisken er fanga på lovleg vis i samsvar med gjeldande krav. EU har sidan 2008 stilt krav om at fangstsertifikat skal følgje med når villfanga fisk blir importert. Seinare har fleire statar kravd det same.

Noreg har ein eigen avtale med EU om krava som gjeld når norskfanga fisk skal importerast til EU. Liknande avtalar er inngått med Kina og Ukraina. Tunfiskorganisasjonen ICCAT har i fleire år kravd fangstdokumentasjon ved fangst av makrellstørje, storauge tunfisk og sverdfisk. CCAMLR har også eit system for elektroniske fangstsertifikat for patagonisk tannfisk.

I COFI er det sett i gang ein prosess for å utarbeide globale retningslinjer for fangstsertifikat. Noreg har teke til orde for å få på plass enklare og meir effektive modellar som ikkje utgjer tekniske hinder for handel. Komiteen har sluttar seg til at marknadsretta tiltak skal vere klare, enkle, rettferdige og gjennomsiktige.

Forsterka arbeid mot fiskerikriminalitet

Alle fiskeriresolusjonar frå generalforsamlinga i FN frå 2008 peikar på at det kan vere sambandslinjer mellom ulovleg fiske og annan grenseoverskridande organisert kriminalitet. For å ha ei heilskapleg tilnærming til UUU-spørsmåla må vi ta organisert kriminalitet i fiskerinaeringa med i vurderinga av framtidige tiltak.

Sjølv om tiltak som hamnestatskontroll og fangstsertifikat gjer det vanskelegare å få ulovleg fanga fisk på marknaden, er desse verkemidla ikkje tilstrekkelege til å få bukt med den omfattande organiserte fiskerikriminaliteten i verda. Arbeidet mot fiskerikriminalitet er komplisert og involverer både etterretningsmiljøa, politiet, påtalemakta og kontrollstyresmaktene.

Fiskeriforvaltinga sitt analysenettverk

Fiskeriforvaltinga sitt analysenettverk har sidan 2009 arbeidd mot organisert kriminalitet knytt til ulovleg fiske. FFA har sekretariat i Nærings- og fis-

keridepartementet og er eit samarbeid på tvers av ei rekke departement og etatar. Analysenettverket er samansett av fagpersonar frå Politiet, Fiskeridirektoratet, Kystvakta, Kystverket, Tolldirektoratet, Arbeidstilsynet og Skattedirektoratet. Nettverket lagar oppdaterte, tverrretatlege analysar om ulovleg uttak av fisk frå havet og annan kriminalitet i fiskeriverdikjeda, som til dømes ulovleg kapitalflyt som stammar frå omsetning av ulovleg fanga fisk. Gjennom bistandsprosjekt med Interpol og UNODC hjelpt FFA og utviklingsland med å handtere fiskerikriminalitet og koordinere ein felles innsats mot denne aktiviteten.

Fiskerikriminalitet inneber ofte grov økonomisk kriminalitet, og for å nedkjempe dette må ein følgje pengestraumane. Fiskeridirektoratet, Økokrim, Skattedirektoratet og Tolldirektoratet har dei siste åra utvikla gode rutinar og styrka samarbeidet, mellom anna gjennom arbeidet i FFA. Fisk er ei global handelsvare, og kunnskap om kva ruter som blir nytta og på kva måte den ulovlege fisken blir transportert, vil gje oss eit meir heilskapleg bilde av aktørane som er involverte.

FN sitt kontor for narkotika og kriminalitet

FN sitt kontor for narkotika og kriminalitet i Wien i Austrikk er den globale arenaen for å førebyggje og nedkjempe kriminalitet. Dei siste åra har organisasjonen auka merksemda om fiskerikriminalitet. Fiskerikriminalitet er ein del av organisasjonen sitt program mot miljøkriminalitet. FN sin kriminalitetskommisjon, som er det styrande organet for UNODC, har også etablert ei ekspertgruppe om organisert kriminalitet på havet. Desse tiltaka er viktige bidrag til arbeidet mot fiskerirelatert kriminalitet i framtida.

Noreg tek aktiv del i dette arbeidet og bidrar også økonomisk. I november 2016 inngjekk Noreg ei fireårig avtale med UNODC for å kjempe mot grenseoverskridande organisert fiskerikriminalitet. Avtalen er ein del av Fisk for utvikling-programmet og vil hjelpe utviklingsland med å oppdatera lovgjevinga og bidra til kompetanse- og kapasitetsbygging hos politiet, kontroll- og påtalestyresmaktene.

Interpol

Interpol er verdas største internasjonale politiorganisasjon og bidrar med koordinering og bistand til land ved grenseoverskridande operasjoner. Dei har ei permanent fiskerikriminalitetsarbeidsgruppe som arbeider med deling av etterretningsopplysningar, operasjonar mot ulovlege

Boks 2.3 Nordisk og internasjonalt samarbeid mot fiskerikriminalitet

Noreg hadde ordførarrolla i Nordisk ministerråd i 2017, og fiskerikriminalitet var då eitt av tema Noreg retta særleg fokus på. Nordisk Ministerråd har gjeve støtte til to prosjekt mot fiskerikriminalitet: Det første prosjektet er leda av Nordatlantisk fiskerietterretning (NA-FIG), og har som mål å kjempa mot fiskerikriminalitet ved å auke tverretatleg samarbeid i Norden. NA-FIG er eit samarbeidsforum mellom 13 land i det Nordatlantiske området som arbeider på tvers av sektorar som politi, fiskeri, skatt, toll, mattrryggleik og andre relevante myndigheter langs hele fiskeriverdikjeda, for å auke kunnskapen om og hjelpe til å avdekke kriminalitet i fiskeri- og havbruksnæringa.

I 2017 etablerte gruppa eit eiga nordisk samarbeidsprosjekt som vil gå over tre år (2017–2019). Prosjektet skal belyse kriminalitet som er spesielt relevant for dei nordiske landa. Sidan starten har representantar for fiskeri, skatt, mattrryggleik og toll i Danmark, Sverige, Grønland og Noreg hatt arbeidsmøte for å sjå nærare på relevante risikoområde som prosjektet vil jobbe med i prosjektperioden.

I 2017 la NM fram verdas første regionale erklæring mot organisert kriminalitet i fiskerienæringa. Dette er verdas første regionale ministererklæring mot fiskerikriminalitet. Norden har hausta anerkjenning frå ei rekke land og

internasjonale organisasjonar for å gå føre og vere pådrivar på dette området.

I samarbeid med mellom anna Noreg og Nordisk ministerråd vart det arrangert eit symposium mot fiskerikriminalitet i FN-byen i København 15. og 16. oktober 2018.

Under arrangementet vart det vedtatt ei internasjonal ministererklæring mot fiskerikriminalitet, etter initiativ av den norske fiskeriministeren.



Figur 2.9 Fiskeriminister Harald T. Nesvik og fiskeriministrane frå Namibia, Kiribati, Indonesia, Ghana, Sri Lanka, Palau og Færøyene gjekk saman om ei felles ministererklæring mot fiskerikriminalitet i København i oktober 2018

Foto: Nærings- og fiskeridepartementet

aktivitetar og kapasitetsbygging. Noreg har hjelpt med analyseverktøy og sporingsanalysar til denne gruppa.

Det første Interpol-programmet mot fiskerikriminalitet vart offisielt lansert i Lyon i Frankrike i februar i 2013, og norsk politi og forvalting deltok saman med representantar frå 62 andre statar. Det andre Interpol-programmet, som handlar om bistand til utviklingsland i kampen mot fiskerikriminalitet, starta i april 2014. Noreg tek aktivt del i og har gjeve finansielle bidrag til begge programma.


Den nord-atlantiske fiskerietterretningsgruppa

I 2015 vart NA-FIG oppretta for å kartlegge økonomisk kriminalitet i fiskeindustrien i Nord-Atlanteren. NA-FIG er ei regional tverretatleg gruppe knytt til OECD og er samansett av representantar

frå medlemslanda sine fiskeri-, toll- og skattestyrer. I 2018 fekk NA-FIG tildelt økonomisk støtte frå Nærings- og fiskeridepartementet til eit golvspel om fiskerikontroll og -etterforsking i utviklingsland. NA-FIG publiserte òg ei rapport om den blå skyggeøkonomien «Chasing Red Herrings» i Nordisk Ministerråd si tidskriftsserie TemaNORD.

PescaDolus

I 2018 arrangerte PescaDolus i samarbeid med Nordisk Ministerråd, Noreg og Færøyane Large Ocean Nations Forum mot fiskerikriminalitet. Seminaret hadde meir enn hundre deltakrar og innleiarar på minister- og ambassadørnivå. Det er planlagt fleire seminar med fokus på problemstillingar kring Large Ocean Nations og blå skuggeøkonomi.



Figur 2.10 Illustrasjonen viser korleis NA-fig arbeider langs heile verdikjeden

2.5 Anna internasjonalt fiskerisamarbeid

Fisk er mat

Tilgang til mat er ein viktig menneskerett. Fattigdom, matmangel og svolt er uløyseleg knytte saman. Det vert også reflektert i FN sin berekraftsstrategi «Transforming our world: The 2030 Agenda for Sustainable Development» vedtatt av FN si generalforsamling haustsesjonen 2016. Generalforsamlinga peika på at global matsikkerheit er den mest krevjande utfordringa i samband med befolkningsveksten. Verdas befolkning aukar og med det behovet for mat. FN sin fiskeriresolusjon peikar i tillegg på sjømatens aukande betydning for forbetra ernæring og human helse og bekjemping av fattigdom.

Feilernærings er ei av vår tids største globale utfrodringar for helsa. Eit stort tal menneske i verda lid av svolt. I tillegg lid mange menneske av såkalla «hidden hunger»- mangel på viktige mineralar og vitaminar. Samstundes aukar talet på overvektige. Fisk inneheld ei rekke viktige næringsstoff. Mange av desse er det lite av i anna mat. Fisk, gir tilgang til næringsstoff som kan hindre «hidden hunger». Relatert til fedme kan auka konsum av fisk også gi lågare forbruk av mindre sunn mat. I fattige land handlar konsum av fisk ofte om tilgjengelighet, i rike land ofte om preferansar.

Potensialet for produksjon frå havet er undervurdert og underutnytta. Difor har Noreg lagt særleg vekt på fisk som mat i alle relevante glo-

bale fora dei seinare åra. Dette har vore eit langtidsstrategisk arbeid som smått om senn har byrja å gjeve resultat.

Ufodringa har vore å få etablert den politiske erkjenninga av at auka produksjon av fisk er eit viktig bidrag i arbeidet for å fjerne svolt. Det har også vore eit mål å få fram kunnskap om verdien av marin mat i ein sunn diett. Deklarasjonen frå FN sin konferanse om berekraftig utvikling i Rio de Janeiro i 2012 (Rio+20) understreka den grunnleggjande retten til mat, og fiskeri og akvakultur si viktige rolle i arbeidet for betre matsikkerhet³ og ernæring. Dette var ein milepål i arbeidet med å anerkjenne fisken si rolle i global matforsyning som kom på plass etter iherdig innsats frå alle involverte norske myndighetsorgan og fagetatar.

Etter norsk initiativ behandla FN sin komité for global matsikkerheit (CFS) hausten 2014 for første gong mat frå havet som eit eige tema. CFS fatta då eit vedtak kor dei sentrale elementa var:

- Fisken sitt bidrag til matsikkerhet og ernæring;
- Fisken må takast med når ernærings- og matpolitikken blir utforma;
- Matsikkerheit og ernæringsomsyn må integrerast i strategiar og politikk innan fiskeri og akvakultur.

³ FN definerer matsikkerheit slik: "Matsikkerheit eksisterer når alle menneske til kvar ei tid har fysisk og økonomisk tilgang til nok og trygg mat for eit fullgodt kosthald, som møter deira ernæringsmessige behov og preferansar, og som danner grunnlag for eit aktivt liv med god helse".

Boks 2.4 Sjømat si rolle for matsikkerheit og ernæring

Store globale utfordringar forårsaka av feilernæring, kan motverkast ved at fisk og anna akvatisk mat (frå sjø og innland) vert inkludert som ein naturlig del av kosthaldet. Fisken bidreg med mineral, vitamin og høgverdige protein som kroppen lett kan ta opp. I tillegg viser studiar at fisk lettar opptak av næringsstoff og frå andre matvarer (planter), slik at næringsstoffverdien aukar utover det fisken i seg sjølv bidreg med. Både underernæring og aukande førekomst av overvekt, ikkje berre i vesten, men og der ein finn mangel, vil kunne motverkast med eit variert kosthald der fisk blir ein naturlig del. Spesielt næringsrik er småfisk som vert etne heile, fordi dei er rike på mineral som jern, sink, jod og vitamin A, B₁₂ og D, som det er underskot av i store folkesetnadsggrupper. I 2018 er framleis over 821 millionar menneske underernærte, og fleire av dei så alvorleg at det går ut over helsa. Mange

hundre tusen barn vert blinde som konsekvens av mangel på vitamin A. Mangel på vitamin D (rakitt), som fører til sviktande beinbygning, førekjem enno i den fattigaste delen av verda, og fleire millionar lid av jodmangel. Jod er heilt essensielt for nerve- og hjerneutvikling, og jodmangel kan føre til både psykisk og fysisk utviklingshemming (kretinisme). Jernmangel er og største årsak til anemi globalt, men småfisk som vert etne heile vil vere eit godt bidrag til jern. Fisk er og eit godt bidrag til vitamin B₁₂, som er viktig både for utvikling av hjerne- og nervesystemet, samt for å forhindre anemi (B₁₂-mangel kan føre til megaloblastisk anemi). Dei store vegetabiliske matvaregruppene manglar desse næringsstoffa, og kjøtt har avgrensa innhald av mikronæringsstoff (vitamin og mineral), samanlikna med fisk. Fisk bør difor inkluderast i eit kosthald for at det skal vere fullverdig.

Rio+20 erklæringa og vedtaket frå CFS dannar grunnfjellet og er plattforma for Nærings- og fiskeridepartementet sin innsats for å fremje forståinga for kva fisk har å seie for matsikkerheit og ernæring.

Som global hovudaktør innan sjømat er det i norsk sjømatnæring si interesse at etterspørsele etter fisk aukar. Norsk fiskeri- og havbruksnæring bidreg direkte med mat, men det norske bidraget i global matsikkerheit og ernæring er knytt til kunnskap og kompetanse på sjømat.

Noreg har leiande kompetanse og kunnskap om samanhengen mellom sjømat, ernæring og helse, overvaking for å sikre trygg og sunn sjømat, samt teknologi og kunnskap for berekraftig forvalting og produksjon. Kunnskapen kan bidra til matsikkerheit og betre ernæring nasjonalt og globalt. Kunnskap om havet si rolle som matfat er og viktig i arbeid med rene hav og berekraftig bruk. Internasjonalt kan Noreg bidra med å dele kunnskap om berekraftig produksjon, forvaltingsprinsipp og kunnskap om sunn og trygg sjømat.

FN si generalforsamling har erklært at tiåret 2016–2025 skal vere FN sitt ernæringstiår. WHO og FAO leiar arbeidet, som skal fremje medlemslandas oppfølging av forpliktingar om matsikkerheit og ernæring, inkludert FN sine berekraftsmål. «Berekraftige og robuste matsystem for sunt kosthald» er eit av handlingsområda. For å rette merksam mot sjømat si rolle og havet som matfat

under FN sitt ernæringstiår, har Noreg starta arbeid med eit globalt handlingsnettverk for berekraftig mat frå hav og innlandsvatn for matsikkerheit og ernæring. Initiativet vart annonsert i samanheng med FN sin havkonferanse i juni 2017. Etter dette har Noreg arrangert tre møter med andre land og internasjonale aktørar. Basert på innspel frå desse er det utarbeida føremålsparagraf, konsept, dokument og arbeidsplanar for vidare arbeid med nettverket. Nettverket rapporterer sin aktivitet til FN si generalforsamling. Nettverket skal bidra til handling frå det sunne hav til den sunne befolkning, drøfte og dele kunnskap om elementa som er viktig for matsikkerheit: Nok mat, trygg mat, sunn mat, ernæring, matpreferansar og bistand.

Noreg bidreg gjennom utviklingssamarbeid, med å hjelpe fram auka produksjon av fisk i andre delar av verda, mellom anna ved å bruke norsk forvalting som eit eksempel på korleis andre land kan auke produksjonen av sjømat.

Alle berekraftsmåla til FN heng saman og går over i kvarandre, og utfordrar difor forvalting på tvers av sektorar. Arbeidet med målet om matsikkerheit og ernæring heng òg saman med andre mål, som måla om helse og livskvalitet, reduksjon i matsvinn,livet under vatten og å utrydde fattigdom.

Reduksjon av matsvinn er eksempelvis viktig for matsikkerheit. Frå norsk side har ein auka



Figur 2.11 Forskingsfartøyet Dr. Fritjof Nansen har vore eit viktig verktøy for estimering av fiskeribestandar

Foto: Reidar Toresen, Havforskinsinstituttet

merksemda om matsvinn (mål 12). Det hjelper lite å produsere meir mat om den ikkje når fram til forbrukarane, eller er bederva på marknadsplas-sen. FAO har rekna ut at 35 prosent av all fisk som blir fiska og oppdretta går tapt. Det utgjer om lag 50 millionar tonn mat.

I FAO sin fiskerikomit  sin sesjon i juli 2016 vart det etter norsk initiativ vedteke   utvikle ein praktisk retta manual for   redusere tap av mat innanfor verdikjeda for fisk. Noreg delfinansierer dette arbeidet og ei webbasert l ysning er venta ferdig v ren 2018.

Det vil ogs  v re eit arbeidsm l at den faglege utforminga av FN sitt marine forskingsti r også omfattar «fisk er mat»-fagomr  da.

Utviklingssamarbeid

Norsk havressursforvalting n t stor respekt internasjonalt og har spelt ei sentral rolle i utforminga av internasjonale fiskeriregelverk, inkludert avtalor om botnfiske, hamnestatskontroll, utkast og bifangst. Noreg f r difor mange f respurnader fr  utviklingsland om   bidra til   utvikle deira fiskeri- og havbruksn  ring.

Det er Utanriksdepartementet som har forvaltingsansvaret for norsk fiskeribistand – b  de geografisk og tematisk. Fisk for utvikling-programmet vart l ssert i 2015 for   auke effekten av bistand knytt til berekraftig bruk av levande marine ressur-sar. Regjeringa etablerte programmet for   m te den store ettersp rselen etter kunnskap og forvaltingserfaring knytt til marine ressursar og hav.

Fiskeribistanden folgjer dei same f ringane som gjeld for norsk bistand generelt og omfattar samarbeid p  ei rekke omr  de, inkludert: fiskeri-

politikk, administrasjon, lovgjeving, regelverk, for-sking, ressurskartlegging og overv king, forbe-tring av teknologi, samt arbeid mot UUU-fiske og fiskerikriminalitet. Kapasitetsbygging er eit gjen-nomg  ande tema i all bistand p  omr  det. Utover EAF Nansen-programmet (sj  boks 2.5) er sam-arbeidstiltak p  fiskeriomr  det i hovudsak basert p  ettersp rsel etter norsk ekspertise.

For   f lgje opp ynskjer og oppmodingar fr  utviklingsland trekkjer Utanriksdepartementet og Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad) p  norsk fiskerifagleg kompetanse. Samarbeid mel-lom fagfolk i s sterinstitusjonar i utviklingsland og i Noreg har i all hovudsak vist seg   fungere bra. Slikt institusjonelt samarbeid fremjar fagleg kompetanse og kapasitetsbygging. Norad byggjer si eiga r dgjeving p  norsk fiskerikompetanse sett i samanheng med forholda i utviklingsland, og har mellom anna ein rammeavtale med Havforskinsinstituttet, som igjen trekkjer vekslar p  andre sentrale forskings- og forvaltingsinstitusjonar p  fiskeriomr  det: Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og Veterin  rinstittutet.

Norsk fiskeriforvalting og fiskeriforskning har fr  midt p  1990-talet bygd opp rammeverket for fiskeriforvaltinga (lovverket) og gjeve forvaltings-st  nad gjennom langsiktige program i Namibia, S  r-Afrika og Vietnam. I tillegg har det vore bistandsprosjekt innanfor fiskeriforvalting og fiskeriforskning i mellom anna Indonesia, India, Mosambik og Tanzania. Vi har n  bilateralt samar-beid med Sudan, Cuba, Kina, Ghana, Myanmar, Angola og Sri Lanka. I desse landa jobber vi med   forbetre kompetanse, kapasitet, infrastruktur og forvaltingssystem. Norsk fiskeribistand st  ttar ogs  regionale program og fiskeriforvaltingsme-kanismar som baserer seg p  norsk erfaring.

Eit samarbeidsprosjekt for utviklinga av fiske-riforvaltinga i Sri Lanka vart oppretta i januar 2017. Prosjektet kom i stand etter ynskje fr  begge land og skal vare ut 2019. N  rings- og fisk-eridepartementet har inng tt ein tosidig samar-beidsavtale med fiskeristyresmakten i Sri Lanka, og er r dgjevar i utviklinga av ny nasjonal politikk og nye lover for fiskeri- og akvakultursektoren i landet. Prosjektet vert regulert av ein bistands-finansiert institusjonell avtale.

Anna tosidig fiskerisamarbeid

Norske fiskeristyresmakter har tosidige samar-beidsavtalar med fleire land, s  kalla MoUar (engelsk: Memorandum of Understanding). Avtalane med USA, Canada og India er dei kor det er mest aktivitet.

Boks 2.5 EAF Nansen-programmet

Nansen-programmet har vore ein hjørnestein i norsk fiskeriutviklingssamarbeid heilt sidan 1970-talet. Programmet er tufta på ein avtale inngått med FAO om at Noreg skulle stille til disposisjon og drifte eit fiskeriforskningsfartøy. Skipet, som fører både norsk flagg og FN-flagg, utgjer hovudverktøyet for ressursprogrammet. Sidan 1975 har over 60 land i Afrika, Asia, Mellom-Amerika og Sør-Amerika fått assistanse til kartlegging og overvaking av fiskeressursar, og med opplæring og utdanning. For mange land har slik kartlegging gjeve eit særsviktig data-grunnlag for berekraftig fiskeriforvalting og investeringsplanar i flåte og industri. Ressurskartlegginga frå Nansen-programmet er i fleire område dei einaste bestandsoversiktene som eksisterer. Frå 2017 vart «Science plan» for Nansen utvida med trygg og sunn sjømat, og prøvane samla inn vart analysert for miljøgifter og næringsstoff. Kontaktnetta i landa vart utvida med kompetanse innan matsikkerheit og ernæring.

I tråd med moderne krav til fiskeriforvalting har programmet endra seg og utvikla seg i retning av ei økosystembasert fiskeriforvalting (engelsk: Ecosystem Approach to Fisheries, EAF).

Nansen-programmet har følgjande hovedoppgåver:

- Stønad til nasjonal og regional fiskeriforvalting ved å planlegge og innføre nye forvaltingssystem i samsvar med EAF-prinsipp;
- Økosystemvurderingar og overvaking;
- Kapasitets- og kompetansebygging i nasjonale institusjonar og lokale organisasjonar.

Ansvaret for planlegging, økonomi, gjennomføring og rapportering under EAF Nansen-programmet ligg hos FAO. Havforskinsinstituttet i Noreg er ansvarleg for drifta av forskningsfartøyet og hovedansvarleg for den vitakaplege delen av programmet, medan Fiskeridirektoratet bidreg med kapasitetsbygging på fiskeriforvaltingsområdet. Det første fartøyet, F/F Dr. Fridtjof Nansen, vart bygd i 1974. Ho blei erstatta av eit nytt fartøy i 1993. I 2016 vart dette skipet overtatt av Nærings- og fiskeridepartementet og etter ei omfattande oppussing innlemma i den norske forskingsflåten. Det tredje Dr. Fridtjof Nansen vart bygd i Spania og overteke av Norad i januar 2017. Etter innstallering av utstyr og utprøving i norske farvatn, drog skipet på tokt langs vestkysten av Afrika. I 2018 segla det vidare til Det indiske hav.



Figur 2.12 Det nye fartøyet F/F Dr. Fridtjof Nansen

Foto: Kjartan Mæstad, Havforskinsinstituttet

Basert på MoUane har Noreg årlege møter med fiskeristyresmaktene i USA og Canada. Møta gjev høve til å drøfte saker der det er usemjø, samt til å diskutere initiativ og samarbeid i internasjonale forum som FAO, OECD, WTO og i aktuelle RFMOar. I det tosidige forholdet med USA er det særleg spørsmål om UUU-fiske og oppfølging av vedtak i internasjonale forum som FAO og forskingssamarbeid som står sentralt.

Dei siste åra har amerikanske styresmakter innført regelverk som kan påverke andre land sin tilgang til marknad for sjømat. Dette er dels motiveret av ynskje om å kjempe mot UUU-fiske, dels for å få andre land til å redusere bifangst av sjøpatedyr i kommersielt fiske. Frå norsk side har ein innvendingar mot måten USA har gått fram på i desse sakene.

Noreg og India sitt samarbeid på fiskeriområdet har røter attende til 1952 og vart vitalisert med ein ny MoU i 2010. Samarbeidet omfattar forsking, utstyr og teknologi, fiskeri- og havbruksfor-



Figur 2.13 Det årlege møtet med fiskeristyresmaktene i USA vart i 2018 halde i Annapolis, Maryland i USA

Foto: Nærings- og fiskeridepartementet

valting, kvalitet, fiskehelse og miljø, samt samarbeid gjennom globale organisasjoner og prosesser. I det vidare samarbeidet vil det bli lagt særleg vekt på å utvikle marint oppdrett i merdar og overføre norsk teknologi og utstyr.

3 Fiskeriavtalane for 2019

3.1 Oversikt over avtalane

Med bakgrunn i det havrettslege rammeverket fører norske styresmakter kvart år forhandlingar med andre land om forvaltinga av felles fiskeriresursar. Noreg inngår både tosidige og fleirsidige avtalar om forvaltinga av bestandar vi deler. I tillegg blir det inngått avtalar i dei internasjonale fiskeriforvaltingsorganisasjonane der Noreg deltek.

Det er tre overordna mål som ligg til grunn for Noreg sin medverknad i ulike forhandlingsprosesar og internasjonale ressursforvaltingsfora:

- Å fremje ei berekraftig forvalting av dei levande marine ressursane, basert på den best tilgjengelege vitskaplege kunnskapen og ei økosystembasert tilnærming;
- Å sikre Noreg ein rettferdig del ved kvotefordeling av felles regulerte bestandar;
- Å sikre tilfredsstillande kontroll og handheving innan dei forvaltingsregima der Noreg tek del.

3.2 Tosidige avtalar

Noreg har ført forhandlingar og inngått avtalar for 2019 med Russland, EU, Færøyane og Grønland. Det er òg ført forhandlingar og inngått avtalar med EU, på vegne av Danmark og Sverige, om fiske i Skagerrak og Kattegat, og med EU, på vegne av Sverige, om svensk fiske i Noreg si økonomiske sone. Noreg har også samarbeidd med Island om kvotebytte og oppfølging av Smotholav-




Figur 3.1 Måla for det internasjonale fiskerisamarbeidet


talen. Figur 3.2 gjev ein oversikt over dei tosidige avtalane Noreg inngår.

Kyststatsavtalar og andre fleirsidige avtalar

Forhandlingane om kyststatsavtalane gjeld forvalting og fordeling. Noreg har teke del i kyststatsforhandlingar om dei store vandrande bestandane makrell, norsk vårgytande sild og kolmule for 2019. For makrell er rammeavtalen frå 2014 mellom Noreg, EU og Færøyane forlenga og vil vare ut 2020, med høve til å forlenge i ytterlegare eitt år. For norsk vårgytande sild og kolmule er par-



Figur 3.2 Oversikt over dei tosidige avtalane Noreg har med andre land



Figur 3.3 Oversikt over kyststatsavtalane der Noreg deltek

tane samde om totalkvoter (TAC) for 2019. Noreg har også forhandla om og inngått ein ny avtale med Island og Grønland om regulering av lodde i området mellom Island, Grønland og Jan Mayen. I tillegg er det forhandla om fleirsidige avtalar om forvaltinga av snabeluer i Irmingerhavet, Barentshavet og Norskehavet med ulike partar.

Internasjonale fiskeriforvaltingsorganisasjonar

FN-avtalen om fiske på det opne hav pålegg kyststatane og statar som fiskar på det opne hav å delta i regionalt samarbeid om forvaltinga av vandrande fiskebestandar. Noreg legg stor vekt på det internasjonale samarbeidet om fiskeriforvalting og deltek i fleire regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonar – dei såkalla RFMOane. I tillegg deltek vi aktivt i nokre globale organisasjonar. Ei oversikt over organisasjonane Noreg deltek i finst i figur 3.4.

Delegasjonane

Når Nærings- og fiskeridepartementet utnemner delegasjonar til dei ulike fiskeriforhandlingane, ligg det ei balansert vurdering til grunn. Det blir lagt vekt på at partane forhandlingane vedkjem skal vere representerte, at delegasjonen må ha ein handterleg storleik og dessutan forhandlingstaktiske omsyn. Tradisjonelt har delegasjonane hatt representantar frå Nærings- og fiskeridepartementet, Utanriksdepartementet, Fiskeridirektoratet, Havforskinsinstituttet, Noregs Fiskarlag, Norsk Sjømannsforbund, Sjømat Noreg og Noregs Kystfiskarlag. Dei seinare åra har Kommunanes Sentralforbund, Troms og Finnmark statsadvokatembeter, Kystvakta og Sametinget vore medlemar av delegasjonen til dei tosidige forhandlingane med Russland. Det vert vurdert frå år til år kven forhandlingane er relevante for.

3.2.1 Noreg – Russland

Fiskerisamarbeidet mellom Noreg og Russland er formalisert gjennom avtalen av 11. april 1975 om samarbeid innan fiskerinæringa og avtalen av 15. oktober 1976 om gjensidig fiskerisamarbeid. Avtalane regulerer ei gjensidig plikt til samarbeid om praktiske spørsmål innanfor fiskeriforvaltinga og til å gjennomføre konsultasjonar om desse spørsmåla, med særleg vekt på tiltak for å ta vare på bestandane og koordinere fiskerivitskapleg forsking.

Med bakgrunn i avtalane, har Noreg og Russland gjennom Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen ført årlege forhandlingar om totalkvotor og reguleringstiltak for bestandane vi deler i Barentshavet. Til fellesbestandane reknar vi nordaustarktisk torsk, nordaustarktisk hyse, blåkveite, snabeluer og lodde.

Partane fastset totalkvotor og fordeler kvotane mellom Noreg, Russland og tredjeland. Partane avtalar også gjensidig rett til å delta i fisket i kvarandre sine soner og byter kvotor som gjeld både fellesbestandar og nasjonale bestandar. I tillegg omfattar avtalane harmonisering av teknisk regelverk og det vert utarbeidd felles fiskerivitskapleg forskingsprogram.

Noreg og Russland har forvaltingsreglar for torsk, hyse og lodde som legg fast bestandsnivå og tiltaksgrenser som grunnlag for å fastsetje kvotor. I 2016 vart reglane reviderte. Det vart vedteke ny forvaltingsregel på torsk, medan dei gjeldande reglane for hyse og lodde vart vidareført. Alle forvaltingsreglane skal ligge fast i 5 år.

Organisasjon	Formål	Medlemmar
 NEAFC Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen	Berekraftig bruk, rasjonell forvaltning og kontroll av marine artar i konvensjonsområdet.	Danmark (på vegne av Færøyane og Grønland), EU, Island, Noreg og Russland.
 NAFO Den nordvestatlantiske fiskeriorganisasjonen	Bidra til langsiktig bevaring, optimal utnytting og rasjonell forvaltning av fiskeressursane i konvensjonsområdet.	12 medlemsland. Fire er kyststatar til konvensjonsområdet: USA, Canada, Frankrike og Danmark.
 SEAFO Den søraustatlantiske fiskeriorganisasjonen	Langsiktig og berekraftig bruk av marine ressurser i søraustatlanteren.	Medlemmar i SEAFO er Angola, Namibia, Sør-Afrika, EU, Noreg, Japan og Sør-Korea.
 CCAMLR Kommisjonen for bevaring av marine levande ressursar i Antarktis	Bevare dei levande marine ressursane i Antarktis. Det omfattar rasjonell utnytting.	24 statar pluss EU er medlemmar, i tillegg til 11 tiltredande statar.
 ICCAT Den internasjonale kommisjonen for bevaring av atlantisk tunfisk	Bevare og forvalte tunfisk og tunfiskliknande artar i Atlanterhavet og Middelhavet.	52 partar (medrekna EU som ein part).
 NAMMCO Den nordatlantiske sjøpattedyrkommisjonen	Samarbeid om forsking, bevaring og forvaltning av sjøpattedyr i Nord-Atlanteren.	Noreg, Grønland, Færøyane og Island er medlemmar. Danmark, Russland, Canada og Japan er observatørar.
 IWC Den internasjonale kvalfangstkomisjonen	Verne kvalbestandar mot overbeskatning og sørge for utvikling i kvalfangstnæringa, basert på vitskapleg grunnlag.	89 partar.

Figur 3.4 Oversikt over internasjonale fiskeriforvaltingsorganisasjonar som Noreg deltek i

Partane er einige om å forvalte kongekrabbebestanden kvar for seg i sine respektive økonomiske soner, men drøftar resultata frå felles forskingsinnsats om krabben på dei årlege sesjonane. Partane er einige om at snøkrabben er ein sedentær art underlagt høvesvis norsk og russisk sokkeljurisdiksjon, og at eit uttrykkelig samtykke frå kyststaten er nødvendig for å kunne drive fiske på arten.

Det er semje mellom dei to landa om ei fast prosentvis fordeling av fellesbestandane. Etter at det er fastsett kvote til tredjeland blir kvotane for nordaustarktisk torsk og nordaustarktisk hyse fordelte med 50 prosent til kvar av partane Russland og Noreg. Loddekvoten er fordelt med 60 prosent til Noreg og 40 prosent til Russland. Kvoten for blåkveite er fordelt med 51 prosent til Noreg, 45 prosent til Russland og 4 prosent til tredjeland for fiske i fiskevernsona ved Svalbard. I 2014 vart Noreg og Russland også einige om fordelinga av snabeluerbestanden. Etter dette er snabeluerkvoten fordelt med 72 prosent til Noreg, 18 prosent til Russland og 10 prosent til tredjeland.

Dei siste åra er det lagt stor vekt på å utvikle felles tekniske reguleringstiltak for fisket i Barentshavet og Norskehavet. Tiltaka er basert på vitskaplege analysar. Det er også utvikla ein felles metodikk for å analysere det totale uttaket av torsk og hyse i Barentshavet.

2019-avtalen

Kvotearvtalet for 2019 mellom Noreg og Russland vart underskrive i Ålesund 18. oktober 2018, på den 48. sesjon til Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen. Den avtalte totalkvoten for fellesbestandane og fordelinga mellom Noreg, Russland og tredjeland er ført opp i tabell 3.1. Tabellane 3.2 og 3.3 på neste side viser ei oversikt over norske kvotar i russisk økonomisk sone og russiske kvotar i norsk økonomisk sone.

Partane vart einige om ei totalkvote for nordaustarktisk torsk på 725 000 tonn i 2019. Dette inneber ei fortsett forsvarleg og berekraftig forvalting av bestanden. Totalkvoten er fordelt mellom Noreg, Russland og tredjeland etter same mønster som tidlegare år. Dette er ein nedgang på 50 000 tonn frå fjorårets kvote. Den norske kvoten for 2019 er 328 697 tonn, inkludert 21 000 tonn kysttorsk og 7 000 tonn avsett til forsking.

For nordaustarktisk hyse har Noreg og Russland avtalt ei totalkvote på 172 000 tonn. Dette er ein nedgang på 30 305 tonn frå 2018. Den norske hysekvoten er med dette 85 080 tonn, inkludert kvoten avsett til forsking.



Figur 3.5 Delegasjonsleiarane Ilja Vasiljevitsj Sjestakov og Arne Benjaminsen ved underskrivinga av den norsk-russiske fiskeriavtalet for 2019

Foto: Nærings- og fiskeridepartementet

Noreg og Russland vedtok også å vidareføre kvotefleksibilitet mellom år i fisket etter torsk og hyse. Vedtaket inneber at partane kan overføre inntil 10 prosent av kvoten til neste år, eller fiske inntil 10 prosent av neste års kvote på forskot.

Noreg har tradisjonelt gjeve Russland tilgang til å fiske store delar av torske- og hysekvote sine i vår økonomiske sone. Dette er både fordi fiskene er større lenger vest og fordi ei vestleg fordeling av fisket gjer kontrollen enklare. Av omsyn til balansen i kvoteavtalet, er Noreg og Russland òg for 2019 einige om like høye til å fiske torsk og hyse i sonene til kvarandre. Avtalet for 2019 gjev mellom anna partane rett til å fiske inntil 200 000 tonn torsk i kvarandre sine soner.

Totalkvoten for blåkveite er 27 000 tonn i 2019.

Med bakgrunn i bestandssituasjonen og loddas iktiologiske rolle i økosystemet, blei det bestemt i samsvar med forvaltingsregelen at det ikkje blir åpna for loddefiske i 2019.

Det er fastsett ein totalkvote for snabeluer på 53 757 tonn for 2019. Det er ein auke på 21 099 tonn frå 2018.

Partane vart einige om at norske og russiske havforskarar skal lage eit meir robust system for gjennomføring av fiskeriforskingstokt i Barentshavet, noko som vil gje betre kartlegging av fiskebestandane i åra framover.

Marin forureining blir sett på som ei stadig større global utfordring, og det er også eit veksande problem i Barentshavet. Partane er einige om å kjempe mot marin forureining som kjem frå fiskeriaktivitet gjennom kartlegging, forsking og erfarringsutveksling.

Tabell 3.1 Fastsette kvotar¹ for fellesbestandane i Barentshavet i 2019 (tonn)

Fiskeslag	TAC	Kvotar til Noreg	Kvotar til Russland	Kvotar til tredjeland
Nordaustarktisk torsk ²	725 000	307 697	316 697	100 606
Nordaustarktisk hyse	172 000	85 080	76 080	10 840
Blåkveite	27 000	13 755	12 225	1 020
Snabeluer	53 757	36 7053	11 676	5 376

¹ Kvotar etter byte av kvotar, men før tilbakeføring av ubrukt tredjelandskvote.

² Inklusive forskingsfangst, eksklusiv norsk kysttorsk.

Tabell 3.2 Norske kvotar i russisk økonomisk sone i 2019 (tonn)

Fiskeslag	Kvotar
Torsk	200 000
Hyse	47 000
Blåkveite	13 005
Snabeluer	36 705
Reker	6 000
Grønlandssel	7 000
Steinbit	1 000
Flyndre	200
Andre artar	500

Tabell 3.3 Russiske kvotar i norske havområde i 2019 (tonn)

Fiskeslag	Kvotar
Torsk	200 000
Hyse	47 000
Blåkveite	11 475
Sei	12 000
Steinbit	5 000
Uer og snabeluer	13 676
Kolmule	19 906
Norsk vårgytande sild	75 454
Andre artar	2 500

Kontrollsamarbeid

Noreg og Russland har sidan starten av 1990-talet gradvis utvida fiskerisamarbeidet til å omfatte forvaltings- og kontrollspørsmål. I 1993 vart Det permanente utval for forvaltings- og kontrollspørsmål på fiskerisektoren (DPU) etablert under Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen. DPU er eit samarbeid mellom dei utøvande fiskeristylesmaktene i begge land. I dag samarbeider kontrollstyresmaktene i dei to landa tett og utvekslar informasjon om fangst- og landingsdata. Dette inkluderer fast utveksling av informasjon om omlasting til havs og landingar i tredjelands hamner av fisk som høyrer til fellesbestandar i Barentshavet og Norskehavet.

Noreg og Russland er einige om å halde fram med samarbeidet om inspeksjonar av fiskefartøy både i NEAFC sitt reguleringsområde og i Barentshavet. Begge landa gjev difor inspektørar

høve til å vere på den andre parten sine fartøy for å observere under inspeksjonane.

Noreg og Russland er òg einige om å vidareføre arbeidet i analysegruppa, som er samansett av representantar frå Fiskeridirektoratet, Kystvakta, Det føderale fiskeribyrået si territoriale avdeling for Barentshavet og Kvitsjøen og Russlands sikkerheitsstyremakt si grenseavdeling i Murmansk fylke. Analysegruppa samkøyrer informasjon på fartøy nivå både for norske og russiske fartøy, og har vore sentral i arbeidet mot ulovleg fiske i Barentshavet, som var eit stort problem fram til midten av 2000-talet. Det er i åra 2009–2018 ikkje avdekkja ulovleg overfiske av torsk og hyse i Barentshavet og Norskehavet.

Ulike grupper i Fiskerikommisjonen har dei siste åra arbeidd med å harmonisere det tekniske regelverket for fisket i Barentshavet og Norskehavet, samt med spørsmål knytt til utkast av fisk.

Boks 3.1 Thorvald Stoltenbergs heiderspris 2019

Thorvald Stoltenbergs pris vart stifta av Barentssekreteriatet i 2018. Prisen vert tildelt ein person eller organisasjon som har arbeidd for å fremje dialog mellom land og menneske i Barentsregionen. Mottaker må ha vore inkluderande og arbeidd for å få personar til å møtast på tvers av grenser og arbeidd for vekst, utvikling og mangfald i Barentsregionen. Arbeidet bør også ha fått god omtale og gjort barentssamarbeidet meir synleg.

Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjon vart tildelt prisen for 2019, som var første gang prisen vart delt ut. I grunngjevinga til juryen står det mellom anna:

«Det har vært viktig for juryen av prisen går til en mottaker som bidrar til trygghet og stabilitet, og som både gjenspeiler storheten i nord, og samtidig gjenspeiler felleskap og møter mellom mennesker. Mange spørsmål har vært viktige i regionen, men blant de aller viktigste har det vært å forvalte og ta vare på livet i havet på en slik måte at det har tjent oss godt. Mottaker av Thorvald Stoltenbergs pris 2019 er et bredt samarbeid som er basert på kompromisser. Mottakeren har møysommelig og over årtier jobbet jevnt og trutt, i tillit og med mål om å finne løsninger. Det har gitt oss det fineste samarbeidet vi har hatt i nord - bygd på kunnskap

fra havforskerne både på russisk og norsk side, samarbeid mellom organisasjonene i fiskeriene, inkludering av samfunnsinstitusjoner som Sametinget, og med kyndig ledelse fra embetsverkene.

Med et faglig sterkt grunnlag for samarbeidet oppstår en naturlig tillit. Denne verdien har prisvinneren tatt godt vare på til beste for de to kyststater og alle andre land som nyter godt av verdiene i Barentshavet. Selv om forholdene har variert over tid har dette samarbeidet stått som en bauta.»

Det første steget mot eit norsk-russisk samarbeid vart tatt allereie på byrjinga av 1900-tallet, av dei to forskarane Fridtjof Nansen og Nikolaj Knipovitsj. Då det russiske forskingsfartøyet «Sevastopol» la til kai i Bergen, 16. februar 1958, tok dei åtte forskarane om bord opp at havforskningssamarbeidet Noreg og Russland hadde hatt før revolusjonen i 1917. Eit halvt år seinare vitja norske havforskarar Murmansk igjen. I 1975 vart Noreg og Sovjetunionen einige om ein avtale om fiskerisamarbeid, og i januar 1976 fann det første kommisjonsmøtet stad i Moskva.

Med forsking som første steg, har Noreg og Russland utvikla eit samarbeid i forvaltinga av delte bestandar. I 2018 kunne havforskarane feire heile 60 år med samarbeid.



Figur 3.6 Viktor Rozinov, leiar av Det føderale fiskeribyrået si territoriale for Barentshavet og Kvitsjøen, og ekspedisjonssjef Vidar Landmark i Nærings- og fiskeridepartementet tok imot prisen på vegne av Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjon. Mathias Stoltenberg overleverte prisen

Foto: Jonas Karlsbakk, Barentssekreteriatet.

Partane vart også einige om at arbeidet med å lage felles retningslinjer for korleis inspeksjon av fiskefartøy i Barentshavet og Norskehavet skal gå føre seg, foreløpig vert stansa, då skilnader i partane sine nasjonale loverk gjer at ein ikkje har klart å gjennomføre denne oppgåva.

3.2.2 Noreg – EU

Fisket i Nordsjøen, Barentshavet, vest av Dei britiske øyane og ved Grønland

Strukturen i avtalane

På grunnlag av rammeavtalen med EU om fiskeri har Noreg frå 1978 og fram til i dag inngått årlege kvoteavtalar om Noreg og EU sitt fiske i Nordsjøen, Noreg sitt fiske vestom Dei britiske øyane og EU sitt fiske i Noreg si økonomiske sone i Barentshavet. Noreg blir òg tildelt kvotar frå EU i grønlandske farvatn. Avtalen inneholder føresegner om forvalting av felles fiskebestandar og gjensidig løyve til å fiske i den andre parten si fiskerisone. Partane har såleis eit felles ansvar for å forvalte fiskeressursane i Nordsjøen.

Eit anna element i kvoteavtalen er byte av kvotar på dei eksklusive bestandane og på enkelte bestandar i Nordsjøen og vestom Dei britiske øyane. I denne utvekslinga av kvotar skal det vere balanse i dei gjensidige tildelingane.

Nivået og omfanget av kvotebytet har tradisjonelt sett vore ei vidareføring av tidlegare fiskemønster hos partane, men nivået er òg avhengig av variasjonar i storleiken på dei ulike bestandane. Dei seinare åra har det utvikla seg ein situasjon der torskekveten Noreg tilbyr EU har vore høg, og EU har ikkje kunne kompensert heile tilbodet

med kvotar til Noreg. Dette gjer at Noreg i 2019 har halde tilbake 7920 tonn torsk.

Fellesforvaltinga

Noreg er i ein kontinuerleg prosess med EU i spørsmålet om langsiktige tiltak i forvaltinga av viktige kommersielle fiskebestandar i Nordsjøen. Sjølv om vi ikkje gjer alt likt, har Noreg og EU eit godt og tett samarbeid på fiskeriforvaltingsområdet.

Noreg og EU har forvaltingsplanar for fellesbestandane i Nordsjøen som skal ta seg av omsynet til ei forsvarleg forvalting og bidra til føreseielege rammer. Desse planane er eit viktig verktøy for forvaltarane. På grunn av interne avgjersleprosessar i EU har det vore utfordrande å revidere desse planane. Etter planen skal Noreg og EU møtast i 2019 for å konsultere om nye planar, men arbeidet med nye planar må også ta omsyn til brexit.

I arbeidet med å forbetter skattleggingsmønsteret i Nordsjøen, har utkast av fisk vore ei utfordring. EU har mange år praktisert eit utkastpåbod, medan utkast av fisk er forbode i Noreg.

Gjennom forvaltingssamarbeidet med EU har vi etter kvart vorte einige om tiltak for å redusere utkast, mellom anna har EU innført forbod mot utsortering (high-grading). Noreg og EU har også kvar sine system for stenging og opning av fiskefelt for å verne yngel og småfisk.

EU har vedteke ein reform av sin felles fiskeripolitikk som mellom anna inneber forbod mot utkast av fisk. Sjølv om reformvedtaket inneholder fleire unntak er det eit viktig steg i rett retning. Forbodet har vorte implementert stegvis og fullført i 2019.

Kontroll

Arbeidet for skjerpa kontroll og overvaking av ressursuttaket er ei viktig oppgåve. Dette skjer til dømes ved å utveksle fangststatistikk og landingsdata, inklusiv fiskeriaktivitet frå tredjeland, ved å utveksle observatørar som kontrollerer og overvaker, og ved satellittsporing av fiskefartøy. I tillegg til satellittsporing er elektronisk fangstrapportering viktig i samband med kontroll. Noreg og EU har ein avtale om elektronisk utveksling av fangst- og aktivitetsdata ved fiske i kvarandre sine soner. Det blir lagt særleg stor vekt på kampen mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske (UUU-fiske). Noreg og EU har styrke samarbeidet om kontroll, og for 2019 er partane er einige om å vidareføre arbeidsgruppa for kontroll av nordsjøbestandane. Vidare er dei



Figur 3.7 Kontakt med EU og EU sine medlemsland er viktig. Fiskeriminister Harald T. Nesvik møtte EU sin Kommisær for miljø, maritime saker og fiskeri Karmenu Vella i Brussel

Foto: Nærings- og fiskeridepartementet

Tabell 3.4 Kvotar for felles forvalta bestandar i Nordsjøen i 2019 (tonn)

Fiskestag	TAC	Kvotar til Noreg	Kvotar til EU
Torsk	29 437	5 004	24 433
Hyse	28 950	6 359	22 591
Sei	122 342	63 818	58 524
Kviting	17 191	1 219	15 972
Raudspette	125 435	8 780	116 655
Norsdsjøsild	385 008	111 652	273 356

Tala inkluderer overføring av 300 tonn hyse og 500 tonn kviting frå Noreg til EU og 200 tonn sei frå EU til Noreg.

Tabell 3.5 Byte av kvote mellom Noreg og EU i Nordsjøen og vest av Dei britiske øyane (tonn)

Fiskestag	Kvotar til Noreg i EU-sona	Kvotar til EU i norsk sone
Augepål	14 500	
Sei	940	
Blålange	250	
Lange	8000	1 350
Brosme	2 923	170
Brisling	10 000	
Blåkveite	1 250	
Kombinert kvote	280	
Reker		200
Hestmakrell	2 550	
Andre artar	6750	11 000
Tunge	10	
Breiflabb		1 700
Sjøkreps		600
Kolmule	99 900	

einige om mandat for kva gruppe skal arbeide med fram til 2022.

2019-avtalen

Noreg og EU underteikna 12. desember 2018 ein kvoteavtale for 2019. Kvotane er endra samanlikna med 2018. Fleire kvotar er reduserte. Torskekvota

Tabell 3.6 Kvotar til EU på eksklusive norske bestandar nord for 62°N i 2019 (tonn)

Fiskestag	Kvotar
Norsk-arktisk torsk	21 518
Norsk-arktisk hyse	1100
Sei	2 550
Blåkveite (bifangst)	50
Anna (bifangst)	350

Tabell 3.7 Kvotar til Noreg frå EU i Grønland si sone i 2019 (tonn)

Fiskestag	Kvotar
Reker	1 200
Blåkveite	1 150
Uer	561
Skolest og isgalt	65
Lodde ¹	10 000

¹ Loddkvoten kan fiskast på Island

er sett ned med 33 prosent, og sildekvota gjekk ned med 35,9 prosent. Byteavtalen vart balansert. For Noreg er det kvotane på sei, sild og torsk som er viktigast. Sjå tabell 3.4 for ei oversikt over kvotane for dei felles forvalta bestandane i Nordsjøen i 2018. Tabellane 3.5–3.7 viser byte av kvotar mellom Noreg og EU, kvotar til EU på norske bestandar nord for 62°N og kvotar til Noreg frå EU i Grønland si sone.

Fisket i Skagerrak/Kattegat

EU forhandlar om fiske i Skagerrak på vegne av Danmark og Sverige.

Avtalen fastset totalkvotar og fordelinga av desse for bestandane torsk, hyse, kviting, raudspette, sild, brisling og reker. Det norske fisket utgjer ein liten del av det totale fisket, og silde- og rekefisket er av størst interesse for norske fiskarar. EU (Danmark og Sverige) har størstedelen av dei enkelte kvotane.

Noreg og EU vart 12. desember 2018 einige om reguleringane for fisket i Skagerrak og Kattegat i 2019. Tabell 3.8 viser fordelinga av kvotane. Det er fastsett ein bifangstkvote på totalt 6 659 tonn nordsjøsild i industritrålfisket og i brislingfisket i Skagerrak/Kattegat i 2019. Norske fisk-

**Tabell 3.8 Kvotar i Skagerrak og Kattegat i 2019
(tonn)**

Fiske slag	TAC	Kvotar til Noreg	Kvotar til EU
Torsk	4 205	136	4 069
Hyse	1 780	75	1 706
Kviting	1 660	30	1 630
Raudspette	16 782	336	16 446
Reker	3 226	1 503	1 723
Sild	29 326	3 911	25 415
Brisling	26 624	1 997	24 627

arar kan i 2019 fiske inntil 50 prosent av den norske skagerrakkvoten på sild i norsk sone av Nordsjøen.

Dei årlege avtalane om fisket i Skagerrak/Kattegat har tidlegare bygd på trepartsavtalen av 1966 mellom Noreg, Danmark og Sverige. Ifølgje denne avtalen var farvatnet utanfor 4 nautiske mil å sjå på som opne hav. I dag har landa territorialfarvatn på 12 nautiske mil og økonomisk sone utanfor det. Det finst såleis ikkje opne hav i Skagerrak. Med sikte på å endre rammeverket, slik at det vart i tråd med moderne havrett, starta Noreg difor ein prosess som etter kvart resulterte i at Noreg sa opp Skagerrak-avtalen i 2009. Overeinskomen tok slutt 7. august 2012. Ein ny avtale om norsk, dansk og svensk fiske i Skagerrak vart endeleg signert 15. januar 2015.

Sverige

Utdelinga av norsk fiskerijurisdiksjon i 1977 fekk også noko å seie for svenske fiskarar som hadde hatt eit tradisjonelt fiske i Nordsjøen i område som etter 1977 inngjekk i Noregs økonomiske sone. Desse fiskarane hadde ikkje alternativt driftsgrunnlag langs svenskekysten. Dette var bakgrunnen for at Noreg tilbaud Sverige ein nablandsavtale om fiskeri, som sikra svenske fiskarar retten til å halde fram med eit begrensa fiske i norsk sone i Nordsjøen. Svenske fiskarar får tildekt kvotar på torsk, hyse, kviting, lyr, sei, sild, makrell, reker og industrifisk. Strukturen i avtalen med Sverige har vore stabil, og det har såleis ikkje blitt opna for nye fiskeri.

Kvoteavtalen om svensk fiske i den norske delen av Nordsjøen i 2019 vart underskriven av

**Tabell 3.9 Kvotar til Sverige i norske farvatn i 2019
(tonn)**

Norsk økonomisk sone sør for 62°N	Kvotar
Torsk	382
Hyse	707
Sei	880
Lyr og kviting	190
Reker	123
Sild	886
Makrell	253
Industrifisk (øyepål, kolmule, tobis)	800

Andre fiske slag skal vere på eit tradisjonelt nivå.

Noreg og EU 12. desember 2018. Sjå tabell 3.9 for ei oversikt over kvotane. Kvotane er med nokre få små endringar ei vidareføring av nivået frå 2018.

3.2.3 Noreg – Færøyane

Noreg og Færøyane vart 13. desember 2018 einige om ein tosidig avtale om fiskerisamarbeid og kvotebytte for 2019. Avtalen byggjer på ein rammeavtale frå 1979 om gjensidige fiskerettar. Strukturen i bytet går grovt sett ut på at Færøyane får torsk, sei og hyse i Barentshavet, medan Noreg får botnfisk og makrell av Færøyane. I tillegg får Noreg fiske delar av sin kolmulekvote i færøysk fiskerisone mot at Færøyane får fiske noko torsk og hyse som dei har bytt til seg frå Russland i norske farvatn.

Norske fiskarar får ein kvote for 2019 på 2 300 tonn lange/blålange, 1 921 tonn brosme, 100 tonn sei, 800 tonn andre artar som bifangst, samt 5 979 tonn makrell. Makrellkvoten kan også fiskast i Noreg si økonomiske sone eller på det opne hav. I tillegg kan norske fartøy fiske 30 000 tonn kolmule av Noregs kolmulekvote i færøysk fiskerisone. Færøyane får ein kvote på 4 610 tonn torsk, 1 075 tonn hyse, 500 tonn sei og 400 tonn andre artar i norsk økonomisk sone. Av kvotar som dei har fått gjennom byteavtalen med Russland, kan Færøyane i tillegg fiske opp til 3 450 tonn torsk og 300 tonn hyse i norske farvatn.

3.2.4 Noreg – Grønland

Noreg og Grønland vart 6. desember 2018 einige om ein tosidig avtale om gjensidige fiskekvotar for 2019. Avtalen byggjer på ein rammeavtale frå

1992. Samarbeidet på fiskeriområdet med Grønland fungerer godt, og omfattar også kontrollsamarbeid og forskingssamarbeid. For norske fiskarar er kvotane på dei kommersielt viktige artane blåkveite, uer og torsk av størst verdi. I tillegg til desse kvotane får Noreg mellom anna reker, blåkveite og uer frå EU i grønlandske farvatn.

Kvotane for 2019 blir vidareført på same nivå som for 2018. Det betyr at grønlandske fiskarar kan fiske følgjande kvanta i norske jurisdiksjonområde i 2019: 4 000 tonn nordaustarktisk torsk, 900 tonn nordaustarktisk hyse, 500 tonn norsk-arktisk sei og inntil 300 tonn andre artar som bifangst (uer og blåkveite). Som ein del av avtalen kan grønlandske fiskarar ta delar av dei torske- og hysekvoteane som Grønland er tildelt av Russland i Noreg si økonomiske sone nord for 62°N, under føresetnad av at Russland godtek ei slik ordning.

I avtalen forpliktar Grønland seg til å avgrense det totale fisket sitt i Barentshavet til dei artane og kvotane dei har fått tildelt i avtalane med Noreg og Russland, utan omsyn til om fisket skjer i eller utanfor Noreg og Russland sitt jurisdiksjonområde.

I 2019 kan Noreg fiske følgjande kvanta i Grønland si sone:

- Ved Vest-Grønland: 900 tonn blåkveite. Ved fiske etter blåkveite ved Vest-Grønland kan trål-fisket berre skje sør for 64°30'N.
- Ved Aust-Grønland: 400 tonn blåkveite, 1 000 tonn uer fiska med botntrål/line, 340 tonn brosme, 100 tonn skolest, 10 tonn kveite og 150 tonn bifangst av andre artar.
- Ved Aust- og Vest-Grønland: 1 200 tonn torsk.

Noreg og Grønland inngjekk ein avtale om kontrollsamarbeid 4. mars 2005. Avtalen er vidareført i 2019. Partane er òg einige om å vidareføre samarbeidet om å etablere elektronisk fangstdagbok med intensjon om å oppnå gjensidig rapportering i kvarandre sine soner så snart som mogleg.

Forskingssamarbeidet vert vidareført for blåkveite, torsk, uer og makrell. Partane er også einige om å halde fram samarbeidet om klimaendringane sin effekt på fiskebestandane i Vest-Norden.

3.2.5 Noreg – Island (Smottholavtalen)

Noreg, Island og Russland inngjekk i 1999 ein trepartsavtale om visse samarbeidsforhold på fiskeriområdet (Smottholavtalen). Gjennom denne avtalen greidde norske og russiske styresmakter å gjere slutt på det uregulerte islandske fisket på

regulerte bestandar i internasjonalt område i Barentshavet.

Ein protokoll til Smottholavtalen regulerer bytet av fisk mellom Island og Noreg. Etter denne protokollen kan Island i sesongen 2019 fiske 6 592 tonn nordaustarktisk torsk i Noreg si økonomiske sone nord for 62°N. I tillegg kjem ein bifangstkvote av andre artar i torskefisket på 30 prosent.

Som kompensasjon for den islandske torskekvoten har norske fiskarar ein kvote botnfisk og ein loddekvote i Islands økonomiske sone. Botnfiskkvoten ligg fast på 500 tonn pluss bifangst. Loddekvoten blir justert i takt med totalkvoten for nordaustarktisk torsk. For 2018/2019 er loddekvoten førebels sett til 0 tonn.

Smottholavtalen er gyldig i fire år, og det vart i 2018 bestemt at Noreg ikkje skal be om revisjon av avtalen. Neste tidspunkt det kan vere aktuelt å reforhandle den er i 2022.

3.3 Kyststatsavtalar og andre fleirsidige avtalar

3.3.1 Forvaltinga av norsk vårgytande sild

Norsk vårgytande sild har vore den største fiskebestanden i Nord-Atlanteren og den største sildebestanden i verda. Bestanden er no på eit lågare nivå enn tidlegare.

18. januar 2007 vart det undertekna ein ny kyststatsavtale mellom EU, Færøyane, Island, Noreg og Russland om forvaltinga av nvg-sild. Denne avtalen gav Noreg 61 prosent av nvg-silda. Avtalen inneheldt òg den same langsiktige forvaltingsplanen partane vart einige om under den tidlegare avtalen frå 1996. Partane var i tillegg einige om tosidige avtalar om sonertilgang.

Færøyane har dei siste åra kravd ein høgare del av den totale kvoten, noko som har ført til at heile spørsmålet om delinga mellom partane vart opna på nytt. Kyststatane har forhandla om delinga i fleire forhandlingsrundar, men har ikkje klart å bli einige om ein ny fempartsavtale.

I 2013 og 2014 inngjekk Noreg, EU, Island og Russland ein firepartsavtale med ein kvote til Færøyane basert på deira tradisjonelle del av silda. For 2015 og 2016 derimot inngjekk ikkje partane firepartsavtalar. For 2017 og 2018 inngjekk alle fem kyststatane ein avtale om totalkvote (TAC). På bakgrunn av Færøyane sin auke av eigen eigarpark på kolmule, vedtok Noreg å auke sin eigarpark for nvg-sild frå 61 prosent til 67 prosent i 2017 og deretter til 70 prosent i 2018, basert på nvg-silda si sonetilhørsle til norske farvatn.



Figur 3.8 Sildefiske på Kvænangen

Foto: Fiskeridirektoratet

Kyststatane signerte 6. november 2018 ein ny forvaltingsplan for forvaltinga av norsk vårgytande sild. Kyststatane signerte same dag ein fempartsavtale om ein totalkvote på 588.652 tonn. Dette er i tråd med tilrådd kvote frå ICES der det er tatt utgangspunkt i den nye forvaltingsplanen. I mangel av semje om fordeling, vert partane sine kvotar fastsett unilateralt. Med utgangspunkt i ein felles kyststatsrapport om nvg-silda si sonetilhøyrslle har Noreg sett ein kvote for 2019 som inneber ein eigarpart på 73 prosent.

I mangel på semje mellom alle partane inn gjekk Noreg og EU 11. desember 2018 ein bilateral soneadgangsavtale for nvg-sild og kolmule for 2019. Avtalen gjev begge partar tilgang til å fiske delar av sine tradisjonelle kvotedelar av kyststatskvotane i kvarandre sine farvatn. Kvotane bind ikkje partane opp med omsyn til framtidige forhandlingar om delar.

I ein situasjon utan avtalar om deling av andelar for 2019 er det positivt at Noreg og EU har ein avtale som gjev noko stabilitet for fiskarane i 2019. I tillegg gjev Noreg Russland tilgang til å fiske den russiske kvoten i norsk sone for å unngå fiske på småfisk i russisk sone.

3.3.2 Forvaltinga av lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen

Ein trepartsavtale om loddebestanden ved Island, Grønland og Jan Mayen vart underteikna 12. juni 1989. Etter dette har rammeavtalen om reguleringane i loddefisket vore forhandla på nytt tre gonger. Dei mest sentrale elementa i denne avtalen omhandlar kva prosentdelar dei tre partane skal ha av totalkvoten for lodde, og i kva omfang partane kan fiske av sin kvote i sonene til dei andre partane kvar loddesesong.

Island valde å seie opp trepartsavtalen i 2002, med verknad frå mai 2003. På grunn av oppseininga vart det opna nye forhandlingar mellom partane i juni 2003. Forhandlingane førde fram til ein ny avtale basert på hovudelementa i den tidlegare avtalen. Avtalen gjeld no berre for eitt år om gongen, i motsetnad til den gamle avtalen som var gjeldande for tre år om gongen.

Etter forhandlingane mellom Island, Grønland og Noreg i 2015, vart Island og Noreg mellom anna einige om betre vilkår for det norske vinterfisket i den islandske økonomiske sona (IØS) for sesongen 2015/2016. No kan 100 prosent av



Figur 3.9 Loddefiske

Foto: Johan Wildhagen, Noregs Sjømatråd

den norske kyststatsdelen av lodda fiskast i IØS. Noreg kan også fiske overføringer av lodde fra Grønland/EU i islandsk sone. Fiskeperioden er utvida med ei veke.

Grønland meiner at sonetilhørslerapportar viser at dei har krav på ein større del av den totale kvoten enn det dei har per i dag. Partane har difor møttest til forhandlingar ei rekje gongar dei seinare åra, seinast i juni 2018, der partane inngjekk ein ny avtale om fordeling og forvalting av lodde. Avtalen inneber ei endring i fordelinga mellom landa, basert på biologiske forhold og at lodda sitt vandringsmønter har vorte endra dei seinare år. Noreg sin eigardel er no redusert frå 8 prosent til 5 prosent

Basert på resultat etter fleire tokt er det sett ein førebels kvote på 0 tonn for sesongen 2018/2019.

3.3.3 Forvaltinga av kolmule

Etter fleire år med forhandlingar inngjekk kyststatane EU, Noreg, Island og Færøyane ein rammeavtale om forvaltinga av kolmule 16. desember 2005. Dette har vore følgt opp med årlege kvoteavtalar. Fordelinga var slik at ein først avsette ei viss mengd til fiske i internasjonalt farvatn (Russland og Grønland) og så delte kyststatane det resterande kvantumet.

Etter initiativ frå EU har partane utarbeidd ein felles rapport om sonetilhørsle for kolmulebestanden. Med utgangspunkt i rapporten krev EU ein høgare del av totalkvoten. Færøyane har følgt opp og krev også ein høgare del. Kyststatane har forhandla i fleire runder dei seinaste åra om ei ny deling av totalkvoten. Fram til no har dette ikkje lukkast. I forhandlingane for 2017 greidde partane likevel å verte samde både om storleiken på totalkvoten og ein ny forvaltingsplan for fisket. Dette sikrar at alle kyststatane har eit felles utgangspunkt når dei fastsett sine respektive kvotar. Plannen er evaluert av ICES og reknast for å vere innanfor føre-var-rammer.

Både for 2018 og 2019 vart partane samde om ein totalkvote. For 2019 er totalkvoten på 1.143.629 tonn, basert på ICES si rådgjeving og forvaltingsplanen som vart evaluert av ICES i 2018. Partane er framleis ikkje einige om delinga av totalkvoten, og fastset kvotane unilateralt. Noreg fastset ein kvote for 2019 på 26,25 prosent av TAC etter avsetnad til NEAFC for fiske i internasjonalt farvatn. Den norske kvoten er basert på tradisjonell andel.

Som for 2018, inngjekk Noreg og EU 11. desember 2018 ein bilateral soneadgangsavtale om nvg-sild og kolmule for 2019. Avtalen gjev begge partar tilgang til å fiske delar av sine kyst-

statkvotar i kvarandre sine farvatn. Kvotane bind ikkje partane opp med omsyn til framtidige forhandlingar om delar.

I ein situasjon utan avtalar om deling av andelar for 2019 er det positivt at Noreg og EU har ein avtale som gjev noko stabilitet for 2019.

3.3.4 Forvaltinga av makrell

Noreg, Færøyane og EU inngjekk i perioden 1999–2009 årlege trepartsavtalar om forvalting av makrell i Nordaust-Atlanteren. Partane vart ikkje samde om ein ny avtale for 2010. Bakgrunnen var at Færøyane ynskte ein større del av totalkvoten. I tillegg la Island fram krav som kyststat. Noreg og EU inngjekk difor 26. januar 2010 ein tiårig prinsippavtale om forvaltinga av makrell. Avtalen er seinare forlengd til og med 31. desember 2020 og omfattar mellom anna fordeling mellom Noreg og EU og gjensidig soneadgang.

I perioden 2010–2014 gjennomførte Noreg, EU, Færøyane og Island 20 rundar med drøftingar utan at partane vart samde om ein ny kyststatsavtale om framtidig fordeling og forvalting av makrell. Russland deltok som observatør. I mangel på fullverdige kyststatsavtalar, inngjekk Noreg og EU årlege tosidige avtalar om forvalting av makrell for åra 2010–2013.

Då det i mars 2014 vart klart at ein heller ikkje for 2014 vart samde om ein kyststatsavtale, inngjekk Noreg, EU og Færøyane i staden ein trepartsavtale. Ein ny rammeavtale mellom dei tre partane om fordeling og forvalting av makrell vart difor undertekna 12. mars 2014. Avtalen gjaldt for fem år og er sidan forlengd ut 2020. I tilknyting til trepartsavtalen vart Noreg og Færøyane samde om gjensidig soneadgang. Den gjensidige soneadgangen som Noreg har hatt

med EU gjennom den tosidige avtalen er også ført vidare.

Ein har seinare gjort fleire forsøk på å inkludere Island i trepartsavtalen, men ikkje lukkast med dette. Grønland har òg delteke i dei årlege forhandlingane, då det har utvikla seg eit makrellfiske i grønlandske farvatn, men utan at partane har blitt samde om ein felles avtale.

Noreg, EU og Færøyane har difor frå og med 2015 inngått årlege avtalar om forvaltinga av makrell i tråd med rammeavtalen frå 12. mars 2014. Hausten 2015 vart dei tre partane dessutan samde om ein forvaltingsplan for makrell. Ein ny forvaltingsplan vart fastsett hausten 2017 på bakgrunn av ein metoderevisjon frå ICES. For 2019 fastsette dei tre partane ein totalkvote på 653 438 tonn, ein nedgang på 20 prosent frå totalkvoten for 2018. Innanfor dette kvantumet er det sett av eit kvantum på 15,6 prosent til andre kyststatar og fiskeripartar – i praksis Grønland, Island og Russland. Norsk kvote for 2019 er på 147 085 tonn, som svarar til 26,67 prosent av delen til dei tre partane i avtalen.

3.3.5 Forvaltinga av uer


Det finst fleire artar av uer i Nordaust-Atlanteren. Det er størst kommersiell interesse knytt til snabeluerbestandane i Irmingerhavet, i Barentshavet og i Norskehavet. Desse blir utnytta av fleire statar.

Snabeluer i Barentshavet og Norskehavet

I 2005 starta eit nytt fiskeri etter snabeluer på det opne hav i Norskehavet. Bestanden som det blir fiska på er hovudsakleg i norsk sone, men delar av bestanden dreg på næringsvandring i område utanfor norsk fiskerijurisdiksjon i om lag tre månader om hausten. ICES har for 2019 tilrådd ein kvote på 53 757 tonn.


NEAFC sette i 2008 i gang ei uavhengig utgreiing med tanke på å etablere eit vitskapleg fundament for ein fordelingsnøkkel. Rapporten konkluderte med at sonetilhøyrla til Noreg ligg på rundt 74 prosent. Russland er også kyststat til snabelueren, og Noreg og Russland vart i oktober 2014 einige om ein fordeling av bestanden: 72 prosent til Noreg, 18 prosent til Russland, 5,9 prosent til det opne hav i Norskehavet og 4,1 prosent til tredjeland sin bifangst i fiskevernsona rundt Svalbard.

Det har vore halde fleire møter i NEAFC med sikte på å verte einige med ikkje-kyststatane om kor stor del av kvoten som skal setjast av til fiske på det opne hav i Norskehavet. Island støtta det



Figur 3.10 Makrellfiske

Foto: Fiskeridirektoratet



Figur 3.11 Uer fiska med botntrål

Foto: Fiskeridirektoratet

norske og russiske synet, men EU og Danmark på vegne av Færøyane og Grønland stod framleis langt frå kyststatane sin posisjon, og møtet vart utan resultat. Følgeleg vart partane heller ikkje einige om ei regulering for det opne hav under årsmøtet i NEAFC (sjå nærmare omtale av årsmøtet i kapittel 3.4.1). Arbeidet med å få aksept i NEAFC for den avsetjinga Noreg og Russland er einige om til fiske på det opne hav, og såleis ei betre forvalting av ueren, vil halde fram. Noreg har sett ein kvote på 34 705 tonn til fiske i eiga sone.

Snabeluer i Irmingerhavet

Partane i prosessen om fordeling og regulering av snabeluer i Irmingerhavet er kyststatane Island, Grønland og Færøyane og ikkje-kyststatane EU, Noreg og Russland. Alle partane utanom Russland og Island vart i november 2018 einige om å ikkje hauste meir enn 6 000 tonn i 2019. Russland var ueinig i forslaget. Island avstod frå å røyste fordi dei primært meiner at fisket bør stansast fullt ut. Noreg har 3,85 prosent av den samla kvoten.

Det samla uttaket har i lang tid vore altfor høgt. Uttalet var òg i 2018 vesentleg høgare enn

ICES si tilråding, fordi Russland, som ikkje godtek fordelingsnøkkelen og ICES si rådgjeving, har gjeve seg sjølv ein svært høg kvote. Heller ikkje for 2019 er Russland part i avtalen.

3.4 Internasjonale fiskeriforvaltingsorganisasjonar

3.4.1 NEAFC


Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen skal sørge for ei langsiktig bevaring og best mogleg utnytting av fiskeressursane i konvensjonsområdet. Kommisjonen skal legge til rette for ei samfunnsøkonomisk optimal og miljøvenleg utnytting av fiskebestandane. Partane til NEAFC er Danmark (på vegne av Færøyane og Grønland), EU, Island, Noreg og Russland. Sekretariatet ligg i London.

Den viktigaste oppgåva til NEAFC er å vere med å utvikle ei meir økosystembasert forvalting av havområda og gode regionale kontrollregime. Myndighetsområda til NEAFC (vanlegvis kalla reguleringsområdet) er i utgangspunktet avgrensa til områda utanfor partane sine økonomiske soner. Når det gjeld reguleringar av fisket på bestandar som vandrar både innanfor og utanfor partane sine økonomiske soner, har kommisjonen i første rekke ein samordnande funksjon. NEAFC kan likevel gjere vedtak om reguleringstiltak innanfor den økonomiske sona til ein part dersom vedkomande part ynskjer det og støttar at det blir sett i verk eit reguleringstiltak. NEAFC-konvensjonen gjeld i utgangspunktet for alle fiskeressursar i konvensjonsområdet. Unntaket er sjøpattedyr og langtmigrerande artar dersom dei er omfatta av andre internasjonale avtalar (til dømes tunfisk).

Fiskerireguleringar for 2019

NEAFC har i første rekke ein samordnande funksjon i reguleringa av fisket etter bestandar som vandrar mellom partar sine økonomiske soner og internasjonalt farvatn. Dette gjeld kolmule, norsk vårgytande sild, makrell og uer. Det blir vanlegvis inngått kyststatsavtalar for desse bestandane. Dei er omtala i kapitlet ovanfor.

Gjennom kyststatsavtalane for kolmule, norsk vårgytande sild og makrell, blir det sett av ein del til fiske i NEAFC sitt reguleringsområde for ikkje-kyststatar. I tillegg til dette kan kyststatane fiske sine delar av totalkvotane av dei enkelte artane i internasjonalt farvatn. Basert på forslag frå kyststatane, vedtek kommisjonen regulering av fisket etter dei enkelte artane i internasjonalt farvatn.



Figur 3.12 NEAFC sitt konvensjonsområde ligg innanfor dei stipla linjene, myndigheitsområde er merka i oransje

I tråd med kyststatsavtalen for kolmule for 2019, vedtok årsmøtet ein kvote for fisket i internasjonalt farvatn på 91 020 tonn, fordelt på Danmark (Grønland) og Russland. Årsmøtet vedtok også ei regulering av fisket etter norsk vårgytande basert på kyststatsavtalen om ein totalkvote på 588 562 tonn. Når det gjeld makrell, er kyststatare ikkje einige om ein avtale for 2019 som omfattar alle partar. Årsmøtet vedtok difor ei regulering for internasjonalt farvatn utan kvantumsavgrensingar. Reguleringa sikrar rapportering og hindrar ekspansjon i fisket av statar som ikkje er kontraktspart til NEAFC.

Noreg og Russland er kyststatar til snabelueren i Norskehavet og vart i oktober 2014 einige om ei fordeling av bestanden på bakgrunn av ein sonetilhørslerapport utarbeidd av forskarar frå NEAFC-landa. Avtalen inneheld også ein kvote til internasjonalt farvatn. I tråd med tilrådinga frå ICES og kvoten som er sett av i avtalen, la difor Noreg og Russland fram forslag om ei NEAFC-regulering for 2019. Forslaget fekk ikkje fleirtal fordi dei andre NEAFC-partane ikkje er einige i

kvoten som Noreg og Russland har avsett til fiske i internasjonalt farvatn. Resultatet av dette er at det ikkje er fastsett nok å regulere snabeluer i den internasjonale delen av Norskehavet for 2019.

Partane i prosessen om fordeling og regulering av snabeluer i Irmingerhavet er kyststatane Island, Grønland og Færøyane, og ikkje-kyststatare EU, Noreg og Russland. Alle partane utanom Russland og Island vart under årsmøtet i 2018 einige om å ikkje hauste meir enn 6 000 tonn i 2019. Island avstod frå å stemme, då dei primært meiner at fisket bør stansast fullt ut. Russland er ikkje einig i spørsmålet om fordeling eller ICES si rådgjeving, og støttar difor ikkje forslaget.

På årsmøtet i 2018 vart NEAFC sitt forbod mot å fiske pigghå, som har vore på plass sidan 2009, vidareført for 2019 og 2020. Kontraktspartane vart også, mot éi stemme, einige om reguleringar for skolestfiskeria i NEAFC sitt reguleringsområde i 2019. Partane vart ikkje einige om å forby fisket etter raud keisarfisk (*Hoplostethus atlanticus*, engelsk: orange roughy).

Områdeforvalting

NEAFC vedtok for første gong i 2004 å stenge enkelte område for botntråling og fastståande reiskapar for å verne sårbar marine økosystem. I dei følgjande åra har kommisjonen med jamne mellomrom gjort justeringar i områda og stengt nye område i tråd med tilrådingar frå ICES. Det er no i alt 13 område innanfor NEAFC sitt reguleringsområde som er stengt for botnfiske, sjå figur 2.5.

Alle tiltaka som er vedtekne om marine verneområde og botnfiske er element i NEAFC si oppfølging av fiskeriresolusjonen til FN frå 2006 og FAO sine retningslinjer om botnfiske frå 2008. NEAFC vedtok i 2014 eit nytt og betre regelverk for botnfiske. I tillegg til å liste opp dei stengte områda, definerer regelverket kva for område som per i dag er rekna for å vere eksisterande fiskeområde, og dermed opne for fiske. For å kunne fiske i områda som ligg utanfor eksisterande fiskeområde, men som ikkje er stengde for å verne sårbar marine økosystem, stiller regelverket strenge krav. Det er krav som seier at det skal gjennomførast konsekvensutgreiingar før det er aktuelt å vurdere eit forsøksfiske. Dersom fartøy støyter bort i sårbar marine økosystem (korallar og svamp) pliktar dei å stoppe fisket, rapportere hendinga og flytte minst to nautiske mil frå staden med sårbare økosystem.

Kontrollsamarbeid

Kampen mot urapportert, uregulert og ulovleg fiske har vore høgt prioritert i NEAFC i fleire år. Arbeidet har resultert i eit omfattande kontroll- og handhevingsregelverk, som mellom anna innehold krav til satelittsporing, rapporteringsplikter, reglar om inspeksjon til sjøs, hamnestatskontroll og svartelisting. Etter at kommisjonen på årsmøtet i 2014 vedtok å utvide verkeområdet for NEAFC sitt system for hamnestatskontroll, er dette no fullt på linje med den internasjonale hamnestatsavtalen forhandla fram under FAO.

Partane tok på årsmøtet 2018 eit ytterlegare steg for å betre kontrollsamarbeidet i NEAFC ved å vedta omfattande endringar i kontroll- og handhevingsregelverket. Med det nye regelverket på plass, er NEAFC no klare til å implementere eit nytt og heilelektronisk rapporteringssystem. Det nye systemet vil gjere det mogleg for inspektørar å få sanntidsinformasjon om fiskeriaktivitet i reguleringsområdet, noko som vil vere ein styrke i kontrollarbeidet. Systemet skal implementerast gradvis i ein overgangsfase på to to år.


3.4.2 NAFO

Det overordna målet til Den nordvestatlantiske fiskeriorganisasjonen er å bidra til langsiktig bevaring, optimal utnytting og rasjonell forvalting av fiskeressursane i konvensjonsområdet. NAFO har 12 medlemsland frå Nord-Amerika, Europa, Asia og Karibia, inkludert EU på vegne av dei 28 medlemslanda. Fire av medlemslanda er kyststatar i konvensjonsområdet: USA, Canada, Frankrike (på vegne av Saint-Pierre og Miquelon) og Danmark (på vegne av Færøyane og Grønland). NAFO-sekretariatet ligg i Dartmouth i Canada.

NAFO har i dei seinare åra lagt vekt på å modernisere organisasjonen og har innført nødvendige endringar av NAFO-konvensjonen. Den nye konvensjonen frå 2008 tek mellom anna omsyn til føre-var-prinsippet, økosystembasert forvalting, etablering av ein mekanisme for twisteløsing og strukturelle endringar av organisasjonen. Noreg ratifisert den reviderte konvensjonen i 2009, og konvensjonen tredde i kraft 18. mai 2017.

Prestasjonsevaluering

Sidan årsmøtet 2017 har eit panel bestående av både interne og eksterne eksperter gjennomført ei evaluering av NAFO sitt arbeid. Dette var andre



Figur 3.13 NAFO sitt konvensjonsområde

gong NAFO gjennomførte ein såkalla performance review og panelet leverte sin rapport til årsmøtet 2018. Fyrste gong var i 2011.

Evalueringssrapporten gav ein gjennomgang av NAFO si måloppnåing samanlikna med NAFO sitt mandat og formålet med organisasjonen i perioden 2011–2017, med særleg fokus på korleis NAFO har fulgt opp tilrådingane fra NAFO si fyrste evaluering. Panelet påpeikar blant anna at NAFO har gjort stor framgang med tanke på modernisering av organisasjonen, herunder vore meir gjennomsiktig og synleg i sitt arbeid, styrka arbeidet med å inkludere føre-var-betraktingar og økosystembasert forvalting i sine avgjerdss prosesser, betra innsamling av data samt styrka samarbeidet mellom forskrarar og forvaltarar.

Panelet kom samtidig med ei rekke forslag til forbetringar innanfor ulike område. Som oppfølging av panelet sine tilrådingar nedsette årsmøtet i 2018 ei arbeidsgruppe som skal arbeide vidare med dette i 2019.

Fastsette kvotar for 2019

Etter ti år med fiskeforbod (moratorium) vart direktesfisket etter torsk i reguleringsområde 3M (sjå kart i figur 3.13) opna igjen i 2010. Partane vedtok i utgangspunktet ein totalkvote for fisket i 2019 under årsmøtet i 2017, men på grunn av ny rådgjeving som viste ein betre bestandssituasjon på det noverande tidspunkt, vart spørsmålet tatt opp på nytt under årsmøtet i 2018. Endeleg totalkvote for 2019 vart sett til 17 500 tonn og Noreg sin del er på 9,25 prosent. Trass i at bestandssituasjonen tillét eit høgare uttak i 2019 enn det ein tidlegare har gått ut i frå, har bestanden svak rekruttering og ein må rekne med redusert totalkvote i dei komande åra.

Noreg har sidan 1993 fiska reker på Flemish Kapp. Det har gått føre seg to separate rekefiskeri i dette området, eitt i reguleringsområde 3M og eitt i reguleringsområde 3L. På grunn av den dårlege bestandssituasjonen vedtok NAFO, i tråd med havforskarane si tilråding, å stoppe rekefisket i område 3M i 2011. Forskarane har sidan stadfestat den sviktande bestandssituasjonen i rådgjevinga, og tilrådd ei vidareføring av moratoriet. Under årsmøtet i 2018 blei det vedtatt å følgje denne tilrådinga i 2019.

I åra før 2011 låg totalkvoten for reker i reguleringsområde 3L på 30 000 tonn. For 2011 tilrådde vitskapskomiteen i NAFO å redusere den totale fangsten. Partane var i åra etter einige om behovet for ein reduksjon, men vart ikkje einige om å redusere den totalt tillate fangsten like mykje som forskarane tilrådde. Noreg og fleire land røysta imot å fastsetje høgare rekekvote enn det tilrådinga frå forskarane sa. Då bestanden vart ytterlegare redusert, vart partane på årsmøtet i 2014 einige om å innføre fiskeforbod også for denne bestanden. Rådgjevinga for 2019 stadfestar den sviktande bestandssituasjonen og årsmøtet vedtok ei vidareføring av moratoriet for 2019.

Noreg har kvoterettar i NAFO på 30 prosent av totalkvoten for lodde i reguleringsområde 3NO. Grunna den dårlege bestandssituasjonen har det lenge vore forbode å drive direktesfiske på denne arten.

Bestandsevalueringa for blåkveite har lenge vore usikker. Ei arbeidsgruppe har difor vurdert alternative forvaltingsstrategiar og haustingsreglar og ein ny forvaltingsplan for blåkveite vart vedtatt under årsmøtet 2017. For 2019 vart det i tråd med den nye forvaltingsplanen fastsett ein totalt tillaten fangst på 16 521 tonn. Noreg har ingen del i denne bestanden, men når totalkvoten

kjem opp på 30 000 tonn eller meir, har Noreg rett til å fiske på ein eigen kvote som blir sett av til land utan fast kvotedel.

Regulering av fiske med botnreiskapar

I tråd med fiskeriresolusjonen som FN vedtok i 2006 (UNGA 61/105), har NAFO lagt stor vekt på å regulere fisket med botnreiskapar slik at sårbar marine økosystem blir skåna. NAFO har også arbeidd med å setje i verk FAO sine retningslinjer for djuphavsfiske på det opne hav.

Ulike område i konvensjonsområdet er delt inn i tre kategoriar: noverande område, stengde område og nye fiskeområde. NAFO har formelt vedteke eit kart som viser dei noverande fiskeområda. Det blir stilt særleg strenge krav til fisket i nye område, men også i noverande fiskeområde er det strenge miljøkrav. Det gjeld særleg dersom ein ynskjer å nytte nye reiskapstypar eller dersom ny vitskapleg informasjon seier at dagens fiskepraksis bør endrast.

NAFO sitt område 14 vart i 2016 stengt for fiske med botnreiskapar for å beskytte sjøfjær, med ein solnedgangsklausul til 31. desember 2018. Partane vart på årsmøtet i 2018 ikkje einige om ei ny stenging av området, som dermed vart opna for fiske med botnreiskapar 1. januar 2019. NAFO har etter dette 20 områder som er stengde for fiske med botnreiskapar for å verne konsentrasjonar av korallar og svamp som har særleg sårbar marine økosystem. Stengingane gjeld også fleire område med undersjøiske fjell.

NAFO har i tillegg vedteke regelverk for kva fartøya skal gjere dersom reiskapar kjem i kontakt med sårbar marine økosystem under fiske. Fartøy pliktar ved samanstøyt, uavhengig av område, å stoppe fisket, rapportere hendinga og flytte minst to nautiske mil frå staden med sårbar marine økosystem. I utgangspunktet er fiske med botnreiskapar ikkje tillate i dei nye områda. Det er likevel høve til eit forsøksfiske, men dette er strengt regulert. Mellom anna er det plikt til å ha ein vitskapleg observatør om bord. På grunnlag av rapportar frå forsøksfiske og vitskapleg rådgjeving kan NAFO opne for generelt fiske i avgrensa område.

Kontrollsamarbeid

Kampen mot urapportert, uregulert og ulovleg fiske (UUU-fiske) har hatt høg prioritet i NAFO i fleire år. Arbeidet har resultert i eit omfattande kontroll- og handhevingsregelverk, som mellom anna inneholder krav til satellittsporing, rapporte-

ringsplikter, reglar om inspeksjon til sjøs, hamnestatskontroll, svartelisting og eit observatørprogram.

NAFO vedtok på årsmøtet i 2016 endringar i reglane om hamnestatskontroll som innebar implementering av FAOs hamnestatsavtale mot UUU-fiske.

3.4.3 IWC

Noreg er ein av dei opphavlege partane til konvensjonen om regulering av kvalfangst av 1946, som regulerer fangst og bevaring av større kvalartar. Konvensjonen har i dag 88 partar. Den internasjonale kvalfangstkommisjonen (IWC) er overvakingsorganet til konvensjonen. IWC har som hovudoppgåve å sikre ei berekraftig forvalting og bevaring av dei større kvalartane. I 1982 vedtok IWC eit totalforbod mot all kommersiell kvalfangst. Noreg har reservert seg mot forbodet og er difor ikkje bunden av det. Frå 1994 til 2006 forsøkte IWC å få på plass eit revidert forvaltingsregime for å opne for kommersiell kvalfangst utan å lukkast. Japan la i 2018 fram eit forslag til reform av organisasjonen utan å lukkes. Forslaget tok sikte på blant anna å opne for alminneleg bærekraftig kvalfangst. Som en følgje av nederlaget og lang tids frustrasjon over IWCs dysfunktionalitet, melde Japan seg ut av IWC 26. desember 2018. Japans utmelding vil tre i kraft 30. juni 2019.

Forskarane i IWC har etablert prosedyrar for å vurdere dei ulike kvalbestandane og uttaket av dei. Kvotetrekningsmodellane er konservative for å sikre ei føre-var-tilnærming. Den norske kvoten på vågekval blir fastsett på bakgrunn av det arbeidet som er gjort i IWC sin vitskapskomité. 2018-kvota var på 1 278 vågekval, ein auke på 279 kval i forhold til 2017. Kvoten kan fangast i heile forvaltingsområdet til IWC, som er noko større enn havområda under norsk jurisdiksjon. Det vil seie at det også kan drivast fangst i internasjonalt farvatn mellom Noregs økonomiske sone og fiskerisona ved Jan Mayen.

I tråd med kvoteberekningsmodellen skal vågekvalbestanden vurderast på nytt i vitskapskomiteen til IWC kvart sjette år på grunnlag av teljinger som er gjennomførte dei siste seks åra. Samstundes skal oppdelinga av havområdet i underområde vurderast på nytt. Vitskapskomiteen starta ein ny gjennomgang av det norske fangstgrunnlaget i 2014. Oppdelinga i småområder vart grundig diskutert under møtet i vitskapskomiteen i Slovenia i mai 2014. Komiteen konkluderte med at nye genetiske analysar ikkje gjev grunnlag for å



Figur 3.14 Underområde i forvaltinga av vågekval

dele opp i underområde for Barentshavet (EB), Svalbardområdet (ES) og Nordsjøen (EN). Komiteen ynskte derimot at Nordsjøen (EN) framleis skal vere eit eige underområde. Endelege bestandstal med usikkerheit for teljepериодen 2008–2013 vart godkjende av Vitskapskomiteen ved årsmøtet i 2015. Tilpassingar av simuleringsmodellane til fangstar, bestandstal og biologiske data for å teste forvaltingsstrategiar har teke mykje tid og vart fullført ved årsmøtet i 2017. Med utgangspunkt i den reviderte forvaltingsprosedyren vil ein ha ei gjennomgåande trygg forvalting av vågekvalen. Den neste vurderinga med omsyn til vågekval i våre område vil starte i 2022.

3.4.4 NAMMCO

Den nordatlantiske sjøpattedyrkommisjonen vart etablert i 1992. Hovudgrunnane for å etablere organisasjonen var å legge til rette for internasjonal samarbeid på dei områda der IWC ikkje har kompetanse (småkval, sel og kvalross), samt sikre ein internasjonal samarbeidsstruktur i tilfelle IWC skulle bryte saman.

Hovudoppgåva til NAMMCO er å arbeide for vern og forvalting av sjøpattedyr i Nord-Atlanten basert på vitskapleg råd. Arbeidet er konsentrert om småkval, sel og kvalross, men omfattar òg dei store kvalartane. Noreg, Færøyane, Grønland og Island er medlem i kommisjonen. Danmark, Russland, Canada og Japan møter regelmessig som observatørar, og Canada og Russland tek aktivt del i arbeidsgruppene.

NAMMCO har lukkast godt i arbeidet med å forbetre fangstmetodar – eit arbeid som er av interesse langt utover medlemslanda i organisasjonen. Representantar frå alle dei nordiske landa, samt Japan, USA og Canada, deltek i dette arbeidet. Resultata gjev grunnlag for å forbetre fangst-


metodane og setje standardar for fangst på sjøpattedyr, og Noreg har no utarbeidd ein standard for bruk av våpen i vågekvalfangsten. Vitskapskomiteen i NAMMCO gjev råd og deltek i forskinga på sjøpattedyr i Nord-Atlanteren. Komiteen deltek også i arbeidet med å lage ein plan for å organisere og gjennomføre teljetokt for kval som omfattar heile Nord-Atlanteren.

3.4.5 CCAMLR

Kommisjonen for bevaring av dei marine levande ressursane i Antarktis forvaltar konvensjonen med same namn. CAMLR-konvensjonen vart vedteken i 1980 med Noreg som ein av grunnleggjarane. Konvensjonen er ein del av Antarktistraktaten og vart gjeldande frå 1982. Sekretariatet og hovudkvarteret til kommisjonen ligg i Hobart på Tasmania i Australia. Hittil er 36 land partar i CAMLR-konvensjonen, medan EU og 24 land er medlem i CCAMLR-kommisjonen.

CCAMLR sitt mandat om å forvalte dei marine ressursane på ein balansert måte ligg i føremålsparagrafen. Det inneber at prinsippa om vern og rasjonell bruk av ressursane er sidestilte. Føresegna viser at ein ynskjer å leggje til rette for berekraftig fiske i konvensjonsområdet.

CCAMLR har heilt frå starten vore ein viktig aktør i utviklinga av internasjonal havressursforvalting, og har hatt stor suksess i kampen mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske etter tannfisk.



Figur 3.15 CCAMLR sitt konvensjonsområde og dei ulike underområda

Fiskeri

Interessa for å fiske i Antarktis gjeld i hovudsak bestandane av krill og tannfisk. CCAMLR vedtek årleg totalkvotar for dei ulike artane, basert på tilrådingar frå vitskapskomiteen til kommisjonen. Kommisjonen kan også på vitskapleg grunnlag fastsetje forbod mot å fiske på enkelte fiskeslag innan eitt eller fleire underområde. CCAMLR deler ikkje totalkvotane mellom dei enkelte medlemmane. Det er såleis ope for eit «olympisk» fiske, der alle fiskar inntil fisket blir stoppa når totalkvotane er tekne.

Det er store krillressursar i Sørishavet. Anslag for opphavleg biomasse er 60 millionar tonn i det havområdet der det blir fiska i dag som i hovudsak er dei vestlige delane av Atlantisk sektor og langs Antarktishalvøya. I dette området har CCAMLR vedteke ei totalkvote på 5,61 millionar tonn. Likevel er fangsten etter råd frå vitskapskomiteen avgrensa til maksimalt 620 000 tonn. Og for å hindre for stort fiskepress i enkeltområde der krill er viktig mat for fugl og pattedyr, er denne totalfangsten fordelt på fire av underområda vist i Fig. 3.15. Dei siste åra har totalfangsten av krill vore mellom 100 000 og 270 000 tonn, eller om lag 0,3 prosent av anslag for opphavleg biomasse.

Den norske flåten fiskar årleg om lag 60 prosent av den samla fangsten av krill i havområda rundt Antarktis. Dei norske krillfartøya har alltid med seg ein internasjonal observatør som tek prøvar av fangstane, samt rapporterer til CCAMLR om gjennomføringa av fisket, bifangst av fisk, eventuelle tilfelle av skader på fugl og pattedyr.

Den samla fangsten i det kvoteregulerte fisket etter tannfisk i Antarktis har dei siste åra lege kring 15 000 tonn årleg av dei to artane som vert fiska. Dette er eit svært lågt fangstnivå sett i forhold til det svære geografiske området fiskeriet nytter. Tannfisken blir fiska på djupt vatn, mellom 500 og 2 000 meter. Dette er eit lite, men nokså lønnsamt fiskeri. Noreg har ikkje notifisert fartøy for dette fisket i 2019.

Miljø og forsking

Vitskapskomiteen i CCAMLR er sentral i utviklinga av forskingsplanar i havområda rundt Antarktis, og dette gjeld også forskinga på krill. Noreg gjev viktige bidrag til dette arbeidet. Havforskningsinstituttet starta mellom anna i 2011 eit overvakningsprogram av krill ved Sør-Orknøyane. Ved hjelp av fartøy frå krillindustrien gjennomfører dei eit tokt ei knapp veke i året etter eit fast

mønster og med vitskapleg akustisk instrumentering for å vurdere mengda og samansettinga av krillbestanden i dette fiskeriområdet.

CCAMLR si samla vurdering av krillbestanden byggjer på data frå ei stor basisundersøking så langt attende som i år 2000. Seinare er kunniskapen supplert med ei rekke enkeltstudiar. Dei viktigaste blir gjennomført årleg i dei tre beste fiskeområda. Ein av desse studiane er det norske toktet med fiskefartøy. Desse undersøkingane dekkjer berre avgrensa delar av utbreiingsområdet til krillen. CCAMLR er likevel trygg på at uttaket av krill er berekraftig i høve til storleiken på bestanden, då fisket er avgrensa samanlikna med både kvotane og bestandsvurderinga. Det viktigaste elementet i reguleringa av krillfisket i dag er omsynet til sjøfugl og pattedyr, fordi dei beitar på krill i nokre av dei same områda som krillfisket foregår. Dersom uttaket av krillressursen i Antarktis skal aukast, må vedtak om dette bygge på vitskaplege undersøkingar og råd som viser at auka fangst er forsvarleg i høve til produksjons- og bestandstilhøva for krill samt næringstilhøva for fugl og pattedyr.

I 2017 fremma Noreg forslag om å gjennomføre omfattande undersøkingar av krill i 2019, og annonserte planar om ekspedisjon med det nye polare forskingsfartøyet Kronprins Haakon vinteren 2018–2019. Det norske initiativet vart helst velkommen av CCAMLR, og vitskapskomitéen og kommisjonen har slutta seg til og bidrøge til planane.

Undersøkinga med 6 – 7 fartøy koordinert av norske forskrarar vart gjennomført i januar–februar 2019. Det norske forskingsfartøyet opererte saman med fartøy og landstasjonar frå andre CAMLR-medlemer. I tillegg bidrog krillindustrisamskipnaden ARK med eit eige leigefartøy og omfattande innsats under norsk forskarleidning. Til saman sikra forskings- og leigefartøy god dekning i alle viktige fiskeriområde og heile det same område som ble undersøkt i år 2000. I tillegg til det store krilltoktet, vart det gjennomført undersøkingar i underområde for å granske tilhøva for pingvinar og sel som et krill. Frå landstasjonar vart satellittmerka pingvinar og sel overvåka under beitevandringar i krillområda. Under krilltoktet vart det samla svære datamengder om fysisk-kjemiske tilhøve og plante- og dyreplankton. Langsmed kurslinene vart det registrert observasjoner av fugl og kval. Utbytet av toktet strekk seg dermed langt utanom den auka kunnskapen om krillressursane. Dette har relevans for blant anna klimaforsking og generell økosystemforståing.

Under årsmøtet i 2011 vedtok CCAMLR forvaltingstiltak CM 91/04 som legg fast eit rammeverk for etableringa av eit sett med representative marine verneområde i Antarktis.

Etter fleire års arbeid, vart det under årsmøtet i 2016 fatta vedtak om å etablere eit marint verneområde i Rosshavet. Det marine verneområdet dekkjer eit areal på 1,55 millionar kvadratkilometer. Av dette er 1,12 millionar kvadratkilometer (72 prosent) underlagt strengt vern, som betyr at berre eit visst forskingsfiske er lov.

Verneområdet beskyttar sårbare naturområde og dyregrupper, inkludert landbaserte toppredatorar som sel og pingvinar, som er avhengige av tilgang til mat i nærleiken av områda dei forplanter seg i. Sårbare botnhabitat og oppvekstområde for yngel og ungfisk blir også ivaretatt.

Verneområdet er utvikla i tråd med den beste tilgjengelege kunniskapen og i tråd med norske prinsipp. Området gjev eit godt grunnlag for balanse mellom vern og berekraftig hausting av marine ressursar i Rosshavet.

Forslag til verneområde er òg under arbeid for områda i Aust-Antarktis, i Weddellhavet og langs Antarktishalvøya. Etter at krilltoktet er sluttført, skal ekspedisjonen til forskingsfartøyet Kronprins Haakon vidareførast med eit tokt til dei lite kjende områda og økosistema utanfor Dronning Maud Land. Desse områda er under vurdering for utvikling av verneområde i samband med forslaget som føreligg for Weddellhavet lengre vest. Dette toktet har brei internasjonal og fagleg deltaking og skal granske fysisk-kjemiske tilhøve, istilhøve, plankton, fisk, botndyr, fugl og sel.

3.4.6 ICCAT

Den internasjonale kommisjonen for bevaring av atlantisk tunfisk vart etablert i 1966. Noreg har vore medlem sidan 2004. Denne regionale organisasjonen har ansvar for å bevare og forvalte tunfisk og tunfiskliknande artar i Atlanterhavet og Middelhavet. ICCAT har 52 avtalepartar, inkludert EU på vegne av medlemslanda. Ansvarsområdet til organisasjonen omfattar kring 30 artar, mellom anna makrellstørje, som særleg i 1950-åra vart fiska i store kvanta langs Norskekysten. Overfiske førte til ein kraftig reduksjon i bestanden og førekommstane i våre farvatn var i fleire tiår næraast ikkje-eksisterande. Dei seinare åra har bestanden likevel tatt seg opp att, og det er igjen makrellstørje i norske farvatn.

På bakgrunn av bestandssituasjonen og fordi totalkvoten vart sett høgare enn tilrådd, hadde



Figur 3.16 | 2018 døpte prinsesse Ingrid Alexandra det nye polar forskningsfartøyet FF Kronprins Haakon

Foto: Gunnar Sætra, Havforskningsinstituttet

Noreg forbod mot fiske og landing av makrellstørje i perioden 2007–2013. Det er no klare indikasjoner på at den negative trenden er snudd og at tilstanden til bestanden er mykje betre. Det viser mellom anna den auka mengda av størje i våre farvatn.

ICCAT vedtok ein ny forvaltingsplan for makrellstørje på årsmøtet i 2018. Noreg var aktivt med i forhandlingane av planen og fekk blant anna forhandla fram betre reglar for bifangst og reglar som ivaretok land med ilandføringsplikt. I tillegg har Noreg både på årsmøtet i ICCAT i 2017 og i intersesjonalt møte i 2018 lagt fram krav om ein høgare eigarpark av makrellstørjebestanden. Noreg er kyststat til bestanden som etter fleire tiår med fråvær no er tilbake i norsk økonomisk sone. Det norske kravet har resultert i ein gradvis auke av den norske eigarparten frå 2018 til 2020. I 2018 fekk Noreg fiske 104 tonn, i 2019 får Noreg fiske 239 tonn og 300 tonn i 2020. Totalkvotane for 2019 og 2020 er på høvesvis 32 240 tonn og 36 000 tonn.

I 2018 var den norske kvoten på 104 tonn, og to ringnotfartøy vart gjeve løyve til å delta i direktefisket etter makrellstørje. Fartøya fekk tildelt ein kvote på 45 tonn, og resten av kvoten vart sett av til bifangst. Den norske kvoten på 104 tonn vart ikkje fiska opp i 2018.

ICCAT har også vedteke reglar for bifangst av pelagiske haiartar i fisket etter tunfisk og tunfiskliknande artar i heile konvensjonsrådet. Reguleringane omfattar påbod om utkast, men i dei seinaste vedtaka finst det unntak for partar som har påbod om ilandføring som ein del av den generelle fiskerilovgjevinga. For å styrkje forvaltinga i ICCAT er det sett i gong ein prosess for å fornye konvensjonsteksten for at konvensjonen skal harmonisere betre med moderne havrett. Dette arbeidet skulle etter planen vore ferdig i 2016, men det har teke tid for partane å bli samde om alle endringane. På årsmøtet i 2018 vart partane samde om ny konvensjonstekst, og denne skal etter planen bli vedteke på årsmøtet i ICCAT i 2019.

3.4.7 SEAFO

Den sørøstatlantiske fiskeriorganisasjonen vart etablert i 2001 og har hovudsete i Namibia. Det overordna målet til SEAFO-konvensjonen er langsiktig bevaring og berekraftig bruk av marine ressursar i Sørøst-Atlanteren. Partane pliktar å innføre tiltak i konvensjonsrådet for å nå dette målet. Konvensjonsrådet er avgrensa til det opne hav, og omfattar såleis ikkje dei økonomiske sonene til kyststatane i området.



Figur 3.17 SEAFO sitt konvensjonsområde

SEAFO-konvensjonen vart underteikna av dei fire søraustatlantiske kyststatane Angola, Namibia, Storbritannia (på vegne av St. Helena) og Sør-Afrika, i tillegg til EU, Island, Noreg og USA. Den tok til å gjelde 13. april 2003. Noreg ratifiserte konvensjonen 12. februar 2003. Konvensjonen er òg ratifisert av Angola, Japan, Namibia, Sør-Afrika, Sør-Korea og EU-kommisjonen.

For tida er det ikkje norske kommersielle interesser i SEAFO-området. Kartlegginga av fiskeripotensialet er mangelfull, og det er såleis vanskeleg å vurdere kva for interesser norske fisk-

arar kan ha i området i framtida. Ein viktig grunn til at Noreg ratifiserte SEAFO-konvensjonen er at Noreg prinsipielt er ein sterkt tilhengar av regionalt samarbeid om felles fiskeressursar, og deltek aktivt i ei rekke andre regionale fiskeriorganisasjonar. SEAFO var òg den første regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonen som vart etablert etter FN-avtalen om fiske på det opne hav, og vart då eit viktig forum for å setje i verk prinsippa i FN-avtalen. Noreg arbeider òg for å harmonisere tiltak som dei ulike fiskeriforvaltingsorganisasjonane set i verk.


4 Bestandane – status og rådgjeving

Dette kapitelet gjer greie for tilstanden til dei viktigaste fiskebestandane Noreg deler med andre land, og dei vitskaplege råda om korleis bestandane bør regulerast. For kvart geografiske område – Barentshavet, Norskehavet og Nord-sjøen – er det til innleiing ei kort oversikt over tilstanden i økosystemet og dei viktigaste bestandane der. I omtalen av kvar bestand viser vi den historiske utviklinga i bestandsstørleik, gytebestand og fangstar, i tillegg til tirlådd og avtalt totalkvote dei siste fem åra. Havforskinsinstituttet har meir utfyllande informasjon om bestandane på si heimeside.

4.1 Barentshavet

I Barentshavet finn vi framleis store mengder vaksen torsk (skrei) sjølv om vi er over toppen og mengda vil minke noko dei neste åra. Også hysebestanden står det godt til med, men rekrutteringa har vore meir normal dei siste åra, og storleiken på bestanden er no redusert frå det rekordhøge nivået vi har hatt i perioden 2008–2016 til eit gjennomsnittleg nivå. Det er teikn til betra rekruttering dei nærmeste åra. Det ser også ut som om blåkveitebestanden og snabeluerbestanden er på eit stabilt eller litt aukande nivå. Lodda var i åra 2009–2013 på eit relativt høgt og stabilt nivå, men kasta lite av seg i form av fiske, sidan det kraftige beitepresset frå torsken har teke mesteparten av den årlege produksjonen. Loddebestanden minka kraftig etter 2013, men tok seg brått opp igjen i 2017 og minka noko att i 2018. Det var ikkje loddefiske i 2016 og 2017, men i 2018 vart det igjen opna for fiske på denne bestanden.

Barentshavet er eit relativt grunt havområde som ligg på kontinentalsokkelen nord for Noreg og Russland, jf. figur 4.1. Barentshavet er sterkt prega av varmt atlantisk vatn som strøymer inn frå sørvest. Det er i stor grad det som gjer at dette havområdet ikkje berre er leveleg, men eit svært produktivt hav. Områda på denne breiddgraden på motsett side av jordkloden er dekte med is året rundt, då dei ikkje har denne innstrøyminga av varmt vatn. Dei siste åra har det vore varmt



Figur 4.1 Barentshavet – straumar og djupn

Atlanterhavsvatn nord i Barentshavet og nordom Svalbard enn nokon gong. Det varme vatnet skaper stor produksjon av plankton og godt med mat, både til lodde og torsk. Torsk og lodde har i dei siste åra hatt den nordlegaste utbreiinga som er registrert i Havforskinsinstituttet sine målingar gjennom dei siste 40 åra.

Noreg og Russland har eit særslig godt samarbeid om forsking i Barentshavet, og dette gjev god kunnskap om fiskestammene og økosystemet.

Det er funne over 200 fiskeartar i Barentshavet, men berre nokre få har ei kommersiell rolle. Dette er først og fremst den nordaustarktiske torsken (verdas største torskebestand), den nordaustarktiske hysa, den nordaustarktiske blåkveita, vanleg uer, snabeluer og lodde. I tillegg spelar også reker og kongekrabbe viktige økonomiske roller. Snøkrabbe er ein ny art som no breier seg vestover i Barentshavet, og eit kommersielt fiske på denne bestanden har utvikla seg dei siste åra.

Figur 4.3 viser det samla fangstkvantumet av botnfisk og pelagisk fisk i Barentshavet frå starten av førre hundreåret og fram til 2017. Den pelagiske fisken er nesten berre lodde, med eit lite inn-




Figur 4.2 Økosystemet i Barentshavet


Illustrasjon: Havforskingsinstituttet

slag av polartorsk først på 1970-talet. Tidlegare var det litra interesse for å fiske lodde, men nedgangen i sildebestanden i Norskehavet på 1960-talet gjorde at fiskeflåten som før fiska sild no søkte etter nye bestandar å fiske på. Utover 1970-talet utvikla det seg eit omfattande loddefiske som nådde ein topp i 1977 med om lag tre millionar tonn fangst.

Kvantumet av fiska lodde har vore mykje mindre sidan 1990 enn det var i 1970-åra og tidleg på 1980-talet, sjølv om ikkje loddebestanden har vore så mykje mindre. Vi ser då bort frå dei fire periodane då loddebestanden var særslit og fisket vart stogga. Denne utviklinga i fisket heng saman med at torskebestanden, som har lodde som sitt



Figur 4.3 Fisket i Barentshavet fra 1903 til 2017



Figur 4.4 Torskebestanden sitt konsum av ulike byttedyr fra 1984 til 2017

viktigaste før, har vokse seg svært stor i seinare år. Det har også gått med at torsken no breier seg langt lengre nord og aust enn før, og overlappar geografisk med loddebestanden ein mykje lengre periode av året. Torsken et difor ein langt større del av loddebestanden no enn før. Dette er vist på figur 4.4.

Av figuren ser vi at torsken konsumerte meir enn 9 millionar tonn mat rundt 2010, og det går tydeleg fram at lodda utgjorde størstedelen av dette. I 2017 var konsumet minka til 5 millionar

tonn. Innsamlinga av mageprøver av torsk er eit sams norsk-russisk prosjekt. Det kom i stand i 1984 som eit første steg mot fleirbestandsforskning og forvalting. Ved å studere kva den viktigaste rovfisken i Barentshavet er, har vi lært svært mykje om korleis dette økosystemet fungerer. Det er denne kunnskapen som ligg til grunn når vi nå ser forvaltinga av lodde og torsk i samanheng, og tek med i bestandsvurderinga for torsk og hyse kor mykje småtorsk og småhyse den store torsken set til livs.

Boks 4.1 Nordaustarktisk torsk



Figur 4.5 Torsk

Foto: Øystein Paulsen, Havforskningsinstituttet

Fisket

Gjennomsnittleg årsfangst sidan 1946 er 670 000 tonn. Fram til om lag 1980 vart det teke store fangstar, men dei gjekk jamt nedover, med unntak av periodar då særstak sterke årsklassar kom inn i fisket. Fisketrykket var for høgt, og bestanden minka. Etter kvart som det kom på plass strengare reguleringar, og særleg då haustingsregelen vart innført etter tusenårsskiftet, snudde den negative trenden og bestanden byrja å auke igjen, jf. figur 4.7. I periodar var ulovleg, uregulert og urapportert fiske eit stort problem, men etter 2009 har det ikkje vore registrert urapportert overfiske av kvoten. Dette heng spesielt saman med innføringa av NEAFC sitt hamnestatsregime frå 1. mai 2007, aktivt kontrollsamarbeid mellom landa, og auka interesse for problemet både i næringa og på politisk hald.

Norsk fangst har dei siste åra vore om lag 45 prosent av total rapportert internasjonal fangst. Nesten alt utanlandsk fiske på nordaustarktisk torsk skjer med botntrål, men i det norske fisket er 65–70 prosent av fangsten teken med andre reiskapar.

Status og råd

Bestanden minka fram til tusenårsskiftet, men har sidan auka til eit svært høgt nivå, jf. figur 4.7. Ein viktig grunn til auken etter tusenårsskiftet er truleg betre ungfiskvern gjennom stenging av område med småfisk og bruk av sorteringsrist i trålfskeria. Dessutan har det vore betre samsvar mellom tilrådde kvotar og fiske dei siste åra. Det har også vore svært gunstige tilhøve for torsken i Barentshavet i seinare år; høgare temperaturar

Artsnamn: Torsk – *Gadus morhua*

Maksimal storleik: 169 cm og 55 kg


Levetid: Maks 25 år

Bestandsstorleik (2018): Om lag 2,3 millionar tonn

Kvote for 2019: 725 000 tonn, av dette 312 956 tonn til Noreg

Norsk fangstverdi (2018): Om lag 6,7 mrd. kroner

Fakta om bestanden: Verdas største torskebestand. Beitar på fisk og krepsdyr, mest lodde. Bestanden er no utbreidd i mesteparten av Barentshavet, også nord for polarfronten. I første halvår er gytefisken (skrei) fordelt langs Norskekysten, for det meste sør til Lofoten, men enkelte år finst skrei heilt sør om Stad. Gyteperioden er mars-april.



Figur 4.6 Utbreiingsområde og gyteområde for nordaustarktisk torsk


har gjort det mogleg for torsken å breie seg ut over eit mykje større område enn før. Matfatet blir då større, og det har også vore generelt god mattilgang. Rekrutteringa til bestanden har vore jamn og nedgangen i individuell vekst har vore mindre enn ein skulle vente med ein så kraftig auke i bestanden. Takka vere alle desse faktorane har gytebestanden i perioden 2008–2018 vore på det høgaste nivået vi har hatt i etterkrigstida. Sidan rekrutteringa dei siste åra har minka noko, og uttaket har auka samanlikna med bestandsstorleiken, er no gytebestanden på veg nedover.

Boks 4.1 forts.

I siste bestandsvurdering klassifiserte ICES gytebestanden til å vere godt over føre-var-nivået og fiskepresset til å vere under føre-var-nivået. ICES tilrådde ein kvote for 2019 på 674 678 tonn i tråd med gjeldande haustingsregel. ICES påpeika òg at utøvinga av torskefisket må ta omsyn til tronen for vern av kysttorsk og

trongen for redusert bifangst av vanleg uer. Kvoten for 2019 vart sett til 725 000 tonn, omtrent 50 000 tonn over gjeldande haustingsregel.

Det avtalte fangstnivået vil innebere at gytebestanden og totalbestanden vil halde fram med å minka.



Figur 4.7 Utviklinga i bestand og fangst av nordaustarktisk torsk

Tabell 4.1 Tilrådd totalkvote (TAC), avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordaustarktisk torsk dei siste fem åra

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
2015	Følg den avtalte forvaltingsplanen, ta omsyn til vern av kysttorsk og vanleg uer	<894	894	864	2 085
2016	Følg den avtalte forvaltingsplanen, ta omsyn til vern av kysttorsk og vanleg uer	<805	894	849	1 713
2017	Følg den avtalte ¹ forvaltingsplanen, ta omsyn til vern av kysttorsk og vanleg uer	<890	890	868	1 809
2018	Følg den avtalte ¹ forvaltingsplanen, ta omsyn til vern av kysttorsk og vanleg uer	<712	775		1 486
2019	Følg den avtalte ¹ forvaltingsplanen, ta omsyn til vern av kysttorsk og vanleg uer	<675	725		

¹ Det vart avtalt ein ny forvaltingsplan hausten 2016

Boks 4.2 Nordaustarktisk hyse



Figur 4.8 Hyse

Foto: Thomas de Lange Wenneck, Havforskningsinstituttet

Fisket

Gjennomsnittleg årsfangst sidan 1946 er 139 000 tonn, men fangstane har variert mykje; frå 20 000 til 320 000 tonn, jf. figur 4.10. Saman med Russland står Noreg for størstedelen av hysefangsten. Også Færøyane, Storbritannia, Grønland, Tyskland og Frankrike fiskar på bestanden. Dei norske fangstane er i stor grad bifangst i trålfisket etter torsk, men eit direkte fiske med line langs kysten av Finnmark er også viktig. I tillegg går det også føre seg eit norsk fiske med snurrevad og garn. Dei andre landa fiskar hovudsakleg hyse med botntrål.

Status og råd

Bestanden av nordaustarktisk hyse har dei siste åra vore på eit historisk høgt nivå, jf. figur 4.10. Rekrutteringa til bestanden har vore over langtidsgjennomsnittet sidan 2000, og årsklassane 2004–2006 var særstaker. Dei yngre årsklassane har vore rundt middels nivå, og vi ventar difor at bestanden no vil kome ned på eit meir normalt nivå. Hysa har hatt ei vidare utbreiing i Barentshavet dei siste åra samanlikna med tidlegare, og dette er truleg ein kombinert effekt av at bestanden er stor, og at temperaturauken har gjort det mogleg for hysa å utvide leveområdet sitt mot nord og aust.

Kvoterådet for 2019 er basert på den vedtekne haustingsregelen, og tilseier at kvoten maksimalt bør vere på 152 000 tonn, jf. tabell 4.2. Fastsett kvote er 20 000 tonn over haustingsregelen; 172 000 tonn.

Artsnamn: Hyse – *Melanogrammus aeglefinus*

Maksimal storleik: 110 cm og 14 kg

Levetid: Maks 20 år

Bestandsstorleik (2018): Om lag 0,45 millionar tonn

Kvote for 2019: 172 000 tonn, av dette 86 689 tonn til Noreg


Norsk fangstverdi (2018): 1,4 mrd. kroner

Fakta om bestanden: Beitar på fisk og botndyr. Bestanden er no utbreidd i store delar av Barentshavet. I første halvår er gytefisken fordelt i dei vestlege delane av Barentshavet og langs vestkanten av Tromsøflaket. Gyteperioden er mars–april.



Figur 4.9 Utbreiingsområde og gyteområde for nordaustarktisk hyse

Boks 4.2 forts.



Figur 4.10 Utviklinga i bestand og fangst av nordaustarktisk hyse

Tabell 4.2 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordaustarktisk hyse dei siste fem åra

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
2015	Følg den avtalte forvaltingsplanen	<223	223	195	656
2016	Følg den avtalte forvaltingsplanen	<244	244	233	675
2017	Følg den avtalte forvaltingsplanen	<233	233	228	536
2018	Følg den avtalte forvaltingsplanen	<202	202		251
2019	Følg den avtalte forvaltingsplanen	<152	172		

Boks 4.3 Nordaustarktisk sei



Figur 4.11 Sei

Foto: Thomas de Lange Wenneck, Havforskinginstituttet

Artsnamn: Sei – *Pollachius virens*

Maksimal storleik: 130 cm og 20 kg

Levetid: Maks 30 år

Bestandstorleik (2018): Om lag 450 000 tonn

Kvote for 2019: 149 550 tonn, av dette 134 000 tonn til Noreg

Norsk fangstverdi (2018): Om lag 1,1 mrd. kroner

Fakta om bestanden: Opptrer både pelagisk og ved botnen. Beitar mest på fisk. Bestanden er utbreidd langs Norskekysten fra Stad til Varanger. Gyt på kystbankane fra Nordsjøen til Vesterålen. Gyteperioden er i februar.


Fisket

Gjennomsnittleg årsfangst i perioden 1960–2017 var på 161 000 tonn, og har variert mellom 90 000 og 260 000 tonn, jf. figur 4.13. Noreg dominerer fisket med over 90 prosent av fangstane dei siste åra. Dei ti siste åra har trål-fisket stått for 40 prosent av dei norske landingane, not 25 prosent, garn 20 prosent og line, snurrevad og jukse 15 prosent.

Status og råd


Seibestanden nord for 62°N var på eit historisk høgt nivå i 2001–2007, men deretter gjekk bestanden kraftig ned. Etter 2011 har bestanden igjen tatt seg opp, og ser no ut til å stabilisere seg i underkant av 800 000 tonn.

Fiskeri- og kystdepartementet justerte i 2013 utnyttingsgraden i haustingsregelen frå føre-varnivå til det nivået som vil gje høgast langtidsutbytte. ICES tilrådde, i tråd med denne regelen, ein maksimalkvote for 2019 på 149 550 tonn. Nærings- og fiskeridepartementet har fastsett kvoten for 2019 til 149 550 tonn, jf. tabell 4.3.



Figur 4.12 Utbreiingsområde og gyteområde for nordaustarktisk sei

Boks 4.3 forts.



Figur 4.13 Utvikling i bestand og fangst av nordaustarktisk sei

Tabell 4.3 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordaustarktisk sei dei siste fem åra

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
2015	Følg den avtalte forvaltingsplanen, ta omsyn til bifangst av vanleg uer og kysttorsk	<122	122	132	408
2016	Følg den avtalte forvaltingsplanen, ta omsyn til bifangst av vanleg uer og kysttorsk	<140	140	140	469
2017	Følg den avtalte forvaltingsplanen, ta omsyn til bifangst av vanleg uer og kysttorsk	<150	150	146	468
2018	Følg den avtalte forvaltingsplanen, ta omsyn til bifangst av vanleg uer og kysttorsk	<173	173		383
2019	Følg den avtalte forvaltingsplanen, ta omsyn til bifangst av vanleg uer og kysttorsk	<150	150		

Boks 4.4 Nordaustarktisk blåkveite



Figur 4.14 Blåkveite

Foto: Thomas de Lange Wenneck, Havforskningsinstituttet

Artsnamn: Blåkveite – *Reinhardtius hippoglossoides*

Maksimal storleik: 120 cm og 20 kg. Høfisken blir større enn hannfisken.

Levetid: Truleg meir enn 30 år

Bestandstorleik: Ukjend

Kvote for 2019: 27 000 tonn, av dette 13 755 tonn til Noreg

Norsk fangstverdi (2018): Om lag 482 mill. kroner


Fakta om bestanden: Ein arktisk fisk som lever i vatn kaldare enn 4°C, og som opptrer både pelagisk og ved botnen. Beitar mest på fisk, blekksprutar og krepsdyr. Bestanden er utbreidd langs Eggakanten frå Nordsjøen til Frans Josefs Land, og i djupe område av Barentshavet. Gyt langs Eggakanten frå Vesterålen til Svalbard. Gyteperioden er om vinteren med topp i desember-januar.

Fisket

Gjennomsnittleg årsfangst i perioden 1964–2017 var på 24 000 tonn, men har variert mellom 10 000 og 90 000 tonn, jf. figur 4.16. I perioden før 1984 tok Noreg under halvparten av totalfangsten dei fleste åra, men har sidan dominert i dette fisket. Frå og med 2010 er fisket kvoteregulert og fordelt med 51 prosent til Noreg, 45 prosent til Russland og 4 prosent til andre land. Vel 60 prosent av fangsten blir fanga med botntrål, knapt 30 prosent med line og resten med garn eller andre reiskapar.

Status og råd


Det er stor uvisse knytt til storleiken på denne bestanden, men fiskbar del av bestanden auka frå 1992 til 2012 og har sidan vore stabil. Haustingsraten har vore relativt stabil sidan 1992. Det er ikkje semje om ein alderslesemetode, og det kan difor heller ikkje køyраст aldersfordelte bestandsmodellar eller fastsetjast biologiske referansepunkt. ICES gjev difor råd basert på føre-var-basis. Sidan blåkveite er ein langleva art som er relativt gammal før den rekrutterer til fisket, baserer ein seg på ein 5-års prognose for fiskbar biomasse. Dersom fiskepresset er på det noverande nivået (gjennomsnitt av siste to år), seier prognosene at bestanden vil halde seg over B_{pa} i denne 5-års perioden, og dette er grunnlaget for rådgjevinga. Bruken av midlet av dei



Figur 4.15 Utbreiingsområde og gyteområde for nordaustarktisk blåkveite

siste to års fiskepress er ei førebels tilnærming og set ikkje naudsynlegvis standarden for framtidia. Dette svarar til eit fiske på maksimalt 23 000 tonn for 2018 og 2019, jf. tabell 4.4. Som vanleg dei siste åra vart det fastsett ein kvote som er høgare enn rådet.

Boks 4.4 forts.




Figur 4.16 Utviklinga i fangst av nordaustarktisk blåkveite

¹ Sidan det er stor uvisse knytte til storleiken på bestanden, er bestandtal ikkje vist i Figur 4.16 og Tabell 4.4.

Tabell 4.4 Tilrådd TAC, avtalt TAC og fangst (tusen tonn) av nordaustarktisk blåkveite dei siste fem åra

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
2015	Same råd som i 2014	<15	19	25	-
2016	Føre-var tilnærming	<20	22	25	-
2017	Føre-var tilnærming	<20	24	-	-
2018	Føre-var tilnærming	<23	27	-	-
2019	Føre-var tilnærming	<23	27	-	-

Boks 4.5 Snabeluer i ICES- område I og II



Figur 4.17 Snabeluer

Foto: Havforskningsinstituttet

Artsnamn: Snabeluer – *Sebastodes mentella*

Maksimal storleik: 47 cm og 1,3 kg

Levetid: Over 70 år

Bestandstorleik (2018): Om lag 1,3 millionar tonn

Kvote for 2019: 53 757 tonn, av dette 36 705 tonn til Noreg

Norsk fangstverdi (2018): Om lag 252 mill. kroner (begge uer-artane samla)

Fakta om bestanden: Beitar mest på fisk og kril. Bestanden er utbreidd i Barentshavet, ved Svalbard, og langs kontinentalskråninga mot Norskehavet. Føder levande ungar i mars–april langs Eggakanten.

Fisket


Gjennomsnittleg årsfangst av snabeluer i perioden 1992–2017 var på om lag 15 000 tonn jf. figur 4.18, men har vore over 100 000 tonn på 1970–1980-talet, og heile 300 000 tonn i 1976. Alt fiske etter snabeluer, inkludert bifangst, går føre seg med trål. Snabeluer blir dels fiska i Barentshavet, dels på det opne hav i Norskehavet (Smotthavet). Det er hovudsakleg Noreg og Russland som fiskar etter denne arten.

Status og råd

Basert på ein analytisk bestandsberekningsmodell klassifiserer ICES bestanden til å vere stabil og med god reproduksjonsevne. Gytebestanden auka jamt frå 1992 til 2007 og har frå og med 2007 vore rundt 900 000 tonn (jf. figur

4.18). Sidan snabelueren blir kjønnsmoden først i 12-årsalderen, og årsklassane fødde mellom 1996 og 2004 er svake, vil gytebestanden kunne auke monaleg når dei større årsklassane fødde etter 2004 byrjar å rekruttere til gytebestanden. Det er ikkje vedteken nokon forvaltingsplan for snabeluer, men ICES tilrår, basert på føre-var-tilnærming, at fangsten i 2019 ikkje bør overstige 53 757 tonn, jf. tabell 4.5. Ein metoderevisjon for snabeluer og vanleg uer vart gjennomført i 2018. Dessutan vart ulike forvaltingsreglar for snabeluer evaluert. Den norsk-russiske fiskerikommisjonen vurderte det slik at ein forvaltingsregel med fiskedødeligheit $F=0,06$ og triggerpunkt $B_{trigger}$ på 450 000 tonn var å føretrekkje. Ein forvaltingsregel for denne bestanden bør likevel ikkje vedtakast før 2020 slik at ein kan ta omsyn til resultata for snabeluer frå toktet i Norskehavet 2019.

Boks 4.5 forts.



Figur 4.18 Utviklinga i bestand og fangst av snabeluer i ICES område I og II

Tabell 4.5 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av snabeluer i ICES område I og II dei siste fem åra

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC ¹	Fangst	Gytebestand
2015	Føre-var tilnærming	<30	30	26	799
2016	Føre-var tilnærming	<30	30	34	796
2017	Føre-var tilnærming	<30	30	31	797
2018	Føre-var tilnærming	<33	33		814
2019	Føre-var tilnærming	<54	54		

¹ Noreg og Russland har fordelt snabeluerkvoten med utgangspunkt i ein totalkvote på 30 000 (32 658 for 2018) tonn, men det er ikkje fastsett noko regulering av snabeluer i den internasjonale delen av Norskehavet, jf. omtale i kapittel 3.4.1 NEAFC.

Boks 4.6 Lodde i Barentshavet



Figur 4.19 Lodde

Foto: Jan de Lange, Havforskningsinstituttet

Artsnamn: Lodde – *Mallotus villosus*

Maksimal storleik: 20 cm og 50 g

Levetid: Maks 5 år

Bestandstorleik (2018): Om lag 1,6 millionar tonn

Kvote for 2019: 0 tonn

Norsk fangstverdi (2018): Om lag 320 mill. kroner


Fakta om bestanden: Lodda er ein planktonetar, som berre gyt ein gong før ho dør. Ho er mat for mange artar av fisk, sjøpattedyr og sjøfugl. Ho gyt ved Finnmarksksyten i mars–april, og beitar over store delar av Barentshavet om sommaren og hausten. Lodda legg eggja sine på botnen, slik som silda og nokre få andre artar gjør.

Fisket

Gjennomsnittleg årsfangst i perioden 1965–2018 er på 675 000 tonn, men har variert mellom 0 og 3 millionar tonn, jf. figur 4.21. I løpet av dei siste 30 åra har loddefisket vorte stoppa i tre periodar kvar på 5 år, fordi bestanden av naturlege årsaker nærmast har kollapsa. Ein fjerde periode med stopp i fisket varte berre i to år (2016–2017) og fisket vart opna igjen i 2018, men vert på nytt stengt i 2019. Loddekvoteane blir delte mellom Noreg og Russland i høvet 60/40. Tidlegare vart det fiska både om vinteren før gytinga ved kysten og om hausten i beiteområda, men dei seinare åra har det berre vore opna for fiske før gytinga. På norsk side er loddefisket hovudsakleg eit ringnotfiske, medan Russland fiskar lodde med flytetrål.

Status og råd


Etter at bestanden vart målt til å vere låg både i 2015 og 2016, målte ein monaleg meir lodde enn venta på det norsk-russiske økosystemtoktet hausten 2017. Hausten 2018 fann ein igjen mindre lodde. Årsakene til det store spraket mellom målingane hausten 2016 og 2017 er ikkje klarlagde, men ein reknar med at målinga hausten 2016 var eit underestimat. Hausten 2018 estimerte ein den modnande delen av loddebestan-



Figur 4.20 Utbreiingsområde og gytemråde for lodde i Barentshavet

den til å vere 1 056 000 tonn, og i følgje forvaltingsplanen for lodde (5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 tonn ved gyting) gav dette ikkje rom for ein loddekvote i 2019.

Boks 4.6 forts.



Figur 4.21 Utviklinga i bestand og fangst av lodde i barentshavet


Tabell 4.6 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av lodde i Barentshavet dei siste fem åra

År	Råd frå ICES SSB=gytebestand	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Modnande bestand
2015	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	<6	120	115	446
2016	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	0	0	0	147
2017	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	0	0	0	1723
2018	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	<205	205	195	1056
2019	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	0	0	0	

4.2 Norskehavet


Livet i Norskehavet er prega av at det er eit djuphav; mange stader er det djupare enn 3 000 meter, jf. figur 4.22. Det er difor berre på kontinentalsockelen og eit stykke nedover skråninga mot djuphavet vi finn botnfisk. Dei store og kommersielt viktige bestandane i Norskehavet er difor å finne i dei frie vassmassane; vi kallar dei pelagiske bestandar. Dei tre viktigaste er sild, makrell og kolmule.

Både sildebestanden og makrellbestanden er nå på nedtur, mens kolmulebestanden framleis viser positiv bestandsutvikling. Makrellen har hatt svært god rekrytting fram til 2014, men rekryttinga har blitt dårligare dei siste tre åra basert på tilgjengelege data. Etter ein historisk ekspansejon inkludert store delar av Norskehavet, havområda ved Island og Grønland og heilt nord til Svalbard, har makrellbestanden si utbreiing og mengde minka ein del i vestlege og nordlege områdar dei siste få åra. Kolmulebestanden er no på eit høgt nivå. Silda er, som nemnt, inne i ein periode med bestandsreduksjon på grunn av manglende rekrytting. Gytebestanden blir difor




Figur 4.22 Norskehavet – straumar og djup

redusert frå år til år både på grunn av naturleg død og fiske. Førebelts berekningar tyder på at 2016-årsklassen er over middels stor.



Figur 4.23 Økosystemet i Norskehavet

Illustrasjon: Havforskingsinstituttet



Figur 4.24 Fisket i Norskehavet fra 1980 til 2018

Det har historisk vore eit svært stort fiske på desse tre artane i Norskehavet. Rundt tusenårs-skiftet var den samla fangsten oppe i nesten 4 millionar tonn, jf. figur 4.24. Etter dette gjekk fangsten ned til godt under 3 millionar tonn rundt 2010 sidan bestandssituasjonen for både sild og kolmule vart vesentleg dårligare. I dei seinare åra har den samla fangsten tatt seg opp igjen sjølv om sildebestanden fortsett er på eit lavt nivå.

Norskehavet er prega av varmt Atlanterhavsvatn som strøymer inn frå sør. Men langs Aust-Grønland strøymer det kaldt arktisk vatn inn frå nord, og skapar eit skilje, ein polarfront, mellom det varme vatnet i aust og det kalde i vest. Heile havområdet er vorte varmare det siste tiåret, og dette påverkar også livet i havet på ulikt vis.

Sidan Norskehavet er så mykje djupare enn Nordsjøen og Barentshavet, finst det eit element i dette økosystemet som ikkje finst i det andre; eit organisk lag frå 400 til 800 meter djupn. Dette laget består av småorganismar av mange slag, både planktonorganismar og mesopelagiske fisk som lysprøkkfisk. Desse organismane lever av den biomassen som søkk ned frå dei øvre laga, der sjølege produksjonen, basert på det fotosyntetiseraende planteplanktonet, skjer. Dyreplanktonet, som hovudsakleg består av ørsmå krepsdyr som raudåte og krill, et planteplanktonet og fører energien oppover i næringsnettet. Sidan tidleg på 2000-

talet har dyreplanktonmengdene i Norskehavet vist ein negativ trend, men denne trenden flata ut rundt 2009, og dei siste åra har det igjen vore ein auke. No er tettleiken av dyreplankton i Norskehavet oppe på same nivå som i Barentshavet.

Mellan djupvassfisken og botnfisken som finst på sokkelen og i skråninga langs kysten viser ulike artar ulik utvikling. Snabelueren, som finst både i Barentshavet og i Norskehavet og alt er nemnt i det førre delkapittelet, er i vekst, medan den vanlege ueren er raudlista som «sterkt truga». Brosme og lange, som er dei viktigaste kommersielle artane i denne gruppa, ser ut til å auke svakt. Også blåkveite, som gyt langs Eggakanten i det nordaustlege Norskehavet, og den nordaustarktiske seien, som har ei vid utbreiing langs Norskekysten, er nemnde i det førre kapittelet.

Selen i Norskehavet har også hatt ulik utvikling. Medan grønlandsselen i Vestisen (som er områda langs austkysten av Grønland) er i bra forfatning og toler hausting, er klappmyssbestanden i Vestisen freda fordi bestanden er på eit lågt nivå samanlikna med tidlegare.

På og langs kontinentsokkelen i aust er ei grundig kartlegging av botndyrsamfunna i gang gjennom MAREANO-programmet. Det blir stadig gjort nye funn av korallrev, koralskog, og område med svamp, sjøfjør og andre sårbare samfunn som kan trenge vern.

Boks 4.7 Norsk vårgytande sild



Figur 4.25 Sild

Foto: Kjartan Mæstad, Havforskningsinstituttet

Artsnamn: Sild – *Clupea harengus*

Maksimal storlek: 40 cm og 500 g

Levetid: Maks 25 år

Bestandsstorlek (2018): Om lag 3,8 mill. tonn (gytebestand)

Kvote for 2019: 588 562 tonn av dette 429 650 tonn til Noreg

Norsk fangstverdi (2018): Om lag 1,58 mrd. kroner


Fakta om bestanden: Silda er ein planktonetar. Ho er mat for mange artar av fisk og kval. Ho gyt langs kysten frå Møre til Nordland i februar–mars, og beitar over store delar av Norskehavet om sommaren og hausten. Silda legg egg sine på botnen, slik som loddar og nokre få andre artar gjør. Yngelen blir ført med straumen nordover langs kysten og endar opp i Barentshavet, der silda lever i kring tre år før ho vandrar ut i Norskehavet.

Fisket

Den gjennomsnittlege årlege totalfangsten av norsk vårgytande sild i perioden 1950–2017 er om lag 710 000 tonn, men det har vore store variasjonar knytt til endringar i storleiken av bestanden, jf. figur 4.27. Når bestanden har vore på topp har det vore teke fangstar på opp mot 2 millionar tonn, medan det vart full stopp i fisket då bestanden braut saman på 1960-talet. Minstmålet på sild er 25 cm, så fisket føregår på voksen sild, hovudsakleg under gyteinnisiget langs Norskekysten om vinteren, medan ho er på beitevandring i Norskehavet om sommaren og når ho vandrar mot kysten av Nord-Noreg for å overvintrie om hausten. Det norske fisket, som for det meste skjer om vinteren når silda har høgst kvalitet, skjer hovudsakleg med ringnot.


Status og råd

Bestanden er inne i ein periode med reduksjon etter å ha vore på eit svært høgt nivå, jf. figur 4.27. Dette skuldast dårleg rekruttering i ei rekke år. Bestandsvurderinga syner at gytebestanden no er estimert til å være over 3.184 millionar tonn, som er den nye føre-var-grensa etablert i 2018. Etter fleire år med låg rekruttering tyder førebels berekningar på at 2016-årsklassen er over middels stor. Tilrådd totalkvote for 2019 er på 588 562 tonn, jf. tabell 4.7.



Figur 4.26 Utbreiingsområde og gyteområde for norsk vårgytande sild

Boks 4.7 forts.



Figur 4.27 Utviklinga i bestand og fangst av norsk vårgytande sild

Tabell 4.7 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av norsk vårgytande sild dei siste fem åra

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC ¹	Fangst	Gytebestand
2015	Følg den avtalte forvaltingsplanen	<283	283 ²	329	4 615
2016	Følg den avtalte forvaltingsplanen	<317	317 ³	377	4 336
2017	Følg den avtalte forvaltingsplanen	<437 ³ (<646)	685 ⁴	721	4 235
2018	Følg den avtalte forvaltingsplanen	<384	437 ⁵		3 826
2019	Følg den avtalte forvaltingsplanen (ny av 2018)	<589	589 ⁶		3 859

¹ Summen av nasjonale kvotar. Det er inngått avtale om TAC, men ikkje om fordeling av TAC.

² Det er ikke inngått nokon kyststatsavtale for 2015, men det ligg føre ei felles forståing mellom Noreg, Island, EU, Færøyane og Russland om ein totalkvote på 283 013 tonn.

³ Korrigert råd i oktober 2017, opphavleg råd i parentes.

⁴ Det vart inngått ein kyststatsavtale om TAC for 2017, og i ettertid vedtok Noreg å auke sin del av TAC frå 61 til 67 prosent.

⁵ Det vart inngått ein kyststatsavtale om TAC for 2018, og i ettertid vedtok Noreg å auke sin del av TAC frå 61 til 70 prosent.

⁶ Det vart inngått ein kyststatsavtale om TAC for 2019, og i ettertid vedtok Noreg å auke sin del av TAC til 73 prosent

Boks 4.8 Makrell



Figur 4.28 Makrell

Foto: Leif Nøttestad, Havforskningsinstituttet


Fisket

Den gjennomsnittlege årlege totalfangsten av nordaustatlantisk makrell i perioden 1980–2018 er 745 000 tonn, og uttaket har variert relativt lite samanlikna med mange andre bestandar, jf. figur 4.30. Det knyter seg likevel stor uvisse til om rapportert fangst gjev eit godt bilet av dei reelle fangstane, særleg i perioden fram til 2005. Truleg har fangstane vore langt høgare enn desse tala viser. Fisket går hovudsakleg føre seg i eit direkte fiske med ringnot og trål. I dei sørlege områda tek dei også ein del makrell som bifangst i trål. Det norske fisket går føre seg med ringnot, men ei mindre mengd blir fanga med garn, dorg og trål. Dette fisket går mest føre seg om hausten i den nordlege delen av Nordsjøen, i Norskehavet og i Skagerrak. I seinare år har makrellen vandra langt mot nord og vest, og større delar av fangsten har vore teken utanfor Nord-Noreg. Andre viktige aktørar i makrellfisket er EU, Island og Færøyane.

Status og råd

ICES vurderer at makrellbestanden no er i dårligare forfatning og ikkje blir hausta berekraftig, jf. figur 4.30. Gytebestanden er berekna til å ha auka sidan 2000 til eit maksimum i 2011, og har sidan minka. Bestanden er estimert til å vere under MSY $B_{trigger}$ sidan 2007. Fiskepresset minka frå høge nivå på midten av 2000-talet, men har auka igjen etter 2012 og er framleis høgare enn F_{MSY} . Ei rekke sterke årsklasser har blitt produsert etter 2001, men 2015- og

Artsnamn: Makrell – *Scomber scombrus*
Maksimal storleik: 65 cm og 3,5 kg, sjeldan over 1 kg
Levetid: Maks 25 år
Bestandsstorleik (2018): Om lag 2,4 mill. tonn (gytebestand)
Kvote for 2019: 653 438 tonn (Noreg, EU og Færøyane), av dette 147 085 tonn til Noreg
Norsk fangstverdi (2018): Om lag 2 mrd. kroner
Fakta om bestanden: Makrellen et dyreplankton, fiskelarvar og småfisk. Han gyt sentralt i Nordsjøen (mai-juli), vest av Irland (mars-juli) og i portugisiske farvatn (februar-mai). Makrellen beitar over store havområde frå Gibraltar til Grønland, i Nordsjøen og i Norskehavet heilt nord til Svalbard om sommaren og hausten.




Figur 4.29 Utbreiingsområde og gyteområde for nordaustatlantisk makrell

2016-årsklassene er estimerte til å vere under gjennomsnittet. Det er stor uvisse i bestandsvurderinga for makrell for 2019, og det finst alternative plausible bestandsberekingar som også viser ein bestandsnedgang i seinare år, men frå eit høgare bestandsnivå og på et seinare tidspunkt. Gytebestanden har auka vesentleg sidan 2002, og er på eit høgt nivå historisk sett.

Boks 4.8 forts.

Dette skuldast først og fremst at rekrutteringa har vore god; årsklassane 2002 og 2006 er dei mest talrike som er målt i heile tidsserien. Også årsklassane 2010–2011 er bra, og det ser det ut

til at 2014-årsklassen kan vere sterk. ICES sitt råd om fiske i 2018 er å følgje ei MSY-tilnærming, som tilsvara ein fangst på 550 948 tonn, jf. tabell 4.8.



Figur 4.30 Utviklinga i bestand og fangst av nordaustatlantisk makrell

Tabell 4.8 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordaustatlantisk makrell dei siste fem åra

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC ¹	Fangst	Gytebestand
2015	Følg den avtalte forvaltingsplanen	831-906	1 229	1 209	4 217
2016	MSY tilnærming	<774 ²	1 057	1 094	3 971
2017	MSY tilnærming	<857	1 021	1 194	3 444
2018	MSY tilnærming	<551	817	1 009	
2019	MSY tilnærming	<318	653		

¹ Det var ikkje oppnådd semje om internasjonal kvote. Tala er summen av nasjonale kvotar. Totalkvotet fastsett av Noreg, EU og Færøyane. Sjå omtale i kapittel 3.3.4 Forvaltinga av makrell.

² Korrigert september 2016.

Boks 4.9 Kolmule



Figur 4.31 Kolmule

Foto: Jan de Lange, Havforskningsinstituttet

Fisket

Den gjennomsnittlege årlege totalfangsten av nordaustatlantisk kolmule i perioden 1978–2018 er 999 000 tonn, og uttaket har variert mykje i takt med storleiken på bestanden, jf. figur 4.33. Hovudfisket skjer langs kontinentalskråninga og bankane vest av Dei britiske øyane og ved Færøyane, der kolmula samlar seg for å gyte om våren. Fisket går føre seg med flytetrål. Noreg har historisk sett dominert dette fisket, og tok fram til 2004 om lag 40 prosent av den totale fangsten. Seinare har den norske delen gått attende, og Island, EU, Færøyane og Russland tek no ein større del av totalfangsten.

Status og råd

Etter ein topp i bestandsstorleiken rundt 2003 minka bestanden kraftig til 2009, jf. figur 4.33. No er denne trenden snudd, og gytebestanden er attende på omlag same nivå som i 2003. Årsklassane fra 2004–2009 var svært svake samanlikna med føregåande tiår, men frå 2009 vart rekrutteringa betre og var over gjennomsnittsnivå fram til 2015. Rekrutteringa etter dette er estimert til å vere under gjennomsnittet igjen. Den auka rekrutteringa saman med lågare fiskepress i perioden etter 2010 førte til ein auke i bestanden. Bestanden har no stabilisert seg.

ICES sitt råd om fiske i 2019 er å følgje den avtalte forvaltingsplanen, som svarar til ein fangst på 1 143 629 tonn, jf. tabell 4.9.

Artsnamn: Kolmule – *Micromesistius poutassou*

Maksimal storlek: 50 cm og 800 g


Levetid: Sjeldan over 10 år, opptil 20 år

Bestandsstorlek (2018): Om lag 5,4 mill. tonn (gytebestand)

Kvote for 2019: 1 143 629 tonn (Noreg, EU, Færøyane og Island), av dette 356 251 til Noreg.


Norsk fangstverdi (2018): Om lag 935 mill. kroner

Fakta om bestanden: Kolmula et for det meste stort dyreplankton, men store individ et også fiskeyngel. Den oppheld seg mest i dei midtre vasslagene, på djup frå 100–600 m. Kolmula har ei vid utbreiing i Nordaust-Atlanten frå Kanariøyane og Azorene til eit stykke inn i Barentshavet og nord til Svalbard. Den gyt vest av Irland på ettermiddagen.



Figur 4.32 Utbreavingsområde og gyteområde for nordaustatlantisk kolmule

Boks 4.9 forts.



Figur 4.33 Utviklinga i bestand og fangst av nordaustatlantisk kolmule

Tabell 4.9 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordaustatlantisk kolmule dei siste fem åra


År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
2015	Følg den avtalte forvaltingsplanen	<840	1 260 ¹	1 402	4 001
2016	MSY-tilnærming	<776	1 147 ¹	1 195	4 575
2017	MSY-tilnærming	<1 342	1 675 ¹	1 558	5 509
2018	Følg den avtalte forvaltingsplanen	<1 388	1 728 ¹		5 422
2019	Følg den avtalte forvaltingsplanen	<1 144	1 144		

¹ Det er ikkje oppnådd semje om internasjonal kvote. Tala er summen av nasjonale kvotar.


4.3 Nordsjøen og Skagerrak

Om det er djupna som pregar Norskehavet, så er det grunna som pregar Nordsjøen. Det er grunnast i sør, for det meste mindre enn 50 meter, og djupnar gradvis mot nord, men også her er det mindre enn 200 meter. Langs Norskekysten går det ei djuprenne – Norskerenna – med maksdjup på 250–700 meter, som følger kysten rundt og endar i Skagerrak. Det sørlege området er varmare enn områda lenger nord, og atlantisk vatn kjem inn både gjennom Den engelske kanalen og nordom Dei britiske øyane, jf. figur 4.34. Nordsjøen er eit svært produktivt område der det har vore hausta mykje sjømat på eit lite areal. Her finst både pelagisk fisk, botnfisk, reker og kreps, jf. figur 4.35.


I lange periodar har botnfisken vore viktigast i fiskeriet i Nordsjøen og Skagerrak, men det har gått attende med fangsten av botnfisk. Dei siste åra har pelagisk fisk og botnfisk omtala i denne rapporten vore omtrent på same nivå; kring 500 000 tonn kvar. Både på 1970- og 1980-talet vart det hausta rundt 1 million tonn botnfisk åleine frå dette området. Det er vanskeleg å peike på ei ein-skild årsak til nedgangen, men både overfiske og utkast/neddrepning av yngel har utan tvil mykje av skulda. Det er likevel eit faktum at mange av bestandane i Nordsjøen i ei årrekke har hatt dårlig rekruttering, enten gytebestanden har vore stor eller liten, utan at ein sikkert har kunna peike på årsakene til dette.



Figur 4.34 Nordsjøen og Skagerrak – straumar og djupn



Figur 4.35 Økosystemet i Nordsjøen og Skagerrak



Figur 4.36 Fisket i Norsjøen og Skagerrak fra 1963 til 2017

Boks 4.10 Nordsjøsild



Figur 4.37 Sild

Foto: Jan de Lange, Havforskningsinstituttet

Fisket

Den gjennomsnittlige årlege totalfangsten av nordsjøsild i perioden 1960–2017 er kring 490 000 tonn, og uttaket har variert i takt med storleiken på bestanden, frå nesten 0 på slutten av 1970-talet til toppar på 0,6, 0,8 og 1,2 millionar tonn før og etter, jf. figur 4.39. Sildefisket i Nordsjøen går føre seg i eit direkte fiske med ringnotfartøy og trålarar, og som bifangst i industritrålafisket. Danmark, Noreg og Nederland tek brorparten av fangstane. Det norske fisket har variert mellom 0 og 605 000 tonn, og er i gjennomsnitt på 117 000 tonn.

Status og råd

Bestanden har full reproduksjonsevne og blir hausta berekraftig, jf. figur 4.39. ICES vurderer bestanden til å vere i ein fase med låg produksjon, og rekrutteringa har vore dårleg i lang tid. Men fiskepresset er redusert og gytebestanden har sidan midt på 1990-talet vore over føre-var-grensa. ICES ga i 2018 råd basert på MSY-tilnærminga om eit maksimalt uttak på 291 040 tonn i direktefisket i 2019, jf. tabell 4.10.

Artsnamn: Sild – *Clupea harengus*

Maksimal storlek: 35 cm og 400 gram


Levetid: Maks 15 år

Bestandsstorlek (2017): Om lag 1,9 millionar tonn (gytebestand)

Kvote for 2019: 385 008 tonn, av dette 111 652 tonn til Noreg


Norsk fangstverdi (2018): Om lag 634 mill. kroner

Fakta om bestanden: Silda er ein planktonetar. Ho er mat for mange artar av fisk og kval. Ho gyt i den vestlege delen av Nordsjøen frå august til januar, og beitar over store delar av Nordsjøen, Skagerrak og Kattegat. Silda legg egg sine på botnen.



Figur 4.38 Utbreiingsområde og gytemråde for nordsjøsild

Boks 4.10 forts.



Figur 4.39 Utviklinga i bestand og fangst av nordsjøsild

Tabell 4.10 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordsjøsild dei siste fem åra

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
2015	Følg den avtalte forvaltingsplanen	<445	445	494	2060
2016	Følg den avtalte forvaltingsplanen	<518	518	564	2357
2017	Følg den avtalte forvaltingsplanen	<426	482	499	1887
2018	Følg den avtalte forvaltingsplanen	<491	601		
2019	Maksimalt langtidsutbyte	<291	385		

Boks 4.11 Sei i Nordsjøen, Skagerrak, Rockall og vest for Skottland



Figur 4.40 Sei

Foto: Havforskningsinstituttet

Artsnamn: Sei – *Pollachius virens*

Maksimal storleik: 115 cm og 20 kg

Levetid: Maks 20 år

Bestandsstorleik (2017): Om lag 523 000 tonn

Kvote for 2019: Nordsjøen og Skagerrak: 122 342 tonn, av dette 63 818 tonn til Noreg; vestom Skottland: 12 693 tonn

Norsk fangstverdi (2018): Om lag 314 mill. kroner


Fakta om bestanden: Sei finst på begge sider av det nordlege Atlanterhavet, og er delt inn i mange bestandard. Han lever hovudsakleg ved botnen, men kan gå opp i sjøen for å beite. Medan småsei et mest dyreplankton og krepsdyr, et større sei mest fisk. Gytinga (februar til mars) går føre seg langs Eggakanten fra vest av Shetland til Vikingbanken.

Fisket

Den gjennomsnittlige årlege totalfangsten av nordsjøsei i perioden 1967–2017 er kring 145 000 tonn¹. Uttaket har variert i takt med storleiken på bestanden, og det var langt høgare fram til midten av 1980-talet, jf. figur 4.42. Seien blir hovudsakleg fiska med trål, både av EU og Noreg. For Noregs del blir om lag 85 prosent av seifangstane tekne med trål og litt over 5 prosent med net på kysten av Vestlandet.

Status og råd

Det er uklare bestandsgrenser, og difor blir seien i Nordsjøen og Skagerrak slått sammen med seien vest av Skottland i bestandsvurderinga og kvoterådgjevinga. Gytebestanden har fluktuert utan klare trendar, og har vore over føre-var grensa etter 1996. Rekrutteringa har sidan 2003 vore under langtidsgjennomsnittet. Tiltrådd kvote for 2019 er basert på maksimalt langtidsutbyte, og gjev ein totalfangst på 135 035 tonn i Nordsjøen/Skagerrak og vest av Skottland².




Figur 4.41 Utbreiingsområde og gytemråde for sei i Nordsjøen, Skagerrak og vest av Skottland

¹ Dette er basert på assessment results, dvs. modellerte fangster.

² 22. februar 2019 korrigerte ICES rådet sitt til 130 327 tonn. Det er ikkje per 1. mars 2019 avtalt ny TAC.

Boks 4.11 forts.



Figur 4.42 Utviklinga i bestand og fangst av sei i Nordsjøen, Skagerrak og vest av Skottland

Tabell 4.11 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av sei i Nordsjøen, Skagerrak og vest av Skottland dei siste fem åra

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
2015	Følg den avtalte forvaltingsplanen	<80	80	78	227
2016	Følg den avtalte forvaltingsplanen	<75	73	68	225
2017	Maksimalt langtidsutbyte	<141	111	95	275
2018	Maksimalt langtidsutbyte	<118	116		326
2019	Maksimalt langtidsutbyte	<136 ¹			

¹ 22. februar 2019 korrigerte ICES rådet sitt til 103 327 tonn.

Boks 4.12 Torsk i Nordsjøen, Skagerrak og den austlege engelske kanalen



Figur 4.43 Torsk

Foto: Espen Bierud, Havforskningsinstituttet

Artsnamn: Torsk – *Gadus morhua*

Maksimal storlek: 100 cm og 20 kg

Levetid: Maks 15 år

Bestandsstorlek (2017): Om lag 243 000 tonn (totalbestand)

Kvote for 2019: Nordsjøen og Skagerrak: 33 602 tonn, av dette 5 140 tonn til Noreg

Norsk fangstverdi (2018): Om lag 141 mill. kroner


Fakta om bestanden: Torsk finst på begge sider av det nordlege Atlanterhavet, og er delt inn i mange bestandard. Han lever hovudsakleg ved botnen, men kan gå opp i sjøen for å beite. Medan småtorsk et mest dyreplankton og krepsdyr, et større torsk mest fisk, som augepål, sild, tobis og småtorsk. Også for torsken i Nordsjøen reknar vi med at det finst fleire lokale stammar med eigne gytefelt, men det er ingen klare skilje-liner mellom stammene. Gytinga går føre seg fra januar til april.

Fisket

Den gjennomsnittlige årlege totalfangsten av nordsjøtorsk i perioden 1963–2017 er kring 176 000 tonn, men med ein kraftig reduksjon av fangsten, i takt med reduksjon i bestanden, gjennom perioden, jf. figur 4.45. Fram til 1980-talet var fangsten på eit nivå rundt 250–300 000 tonn, men vart så gradvis redusert til rundt 50 000 tonn, og har lege på dette nivået dei siste 10 åra. Torsk blir for det meste fanga i eit blandings-fiskeri med trål saman med hyse, kviting, sjøkreps, raudspette og tunge. I det norske fisket blir litt over halvparten teke med garn, ein firedel med trål og ein femdel med line. Alle land som grensar til Nordsjøen fiskar torsk, men Danmark, Storbritannia og Noreg er dei viktigaste aktørane.


Status og råd

Det er vanskeleg å skilje dei ulike torskestammene i Nordsjøen, Skagerrak og den austlege engelske kanalen, og torsken i dette området blir difor handsama som ein bestand i forvaltingssamanhang. ICES vurderer gytebestanden til å ha auka noko frå det kritisk låge nivået i 2006 til over grensenivået, og han er no rundt føre-var-/tiltaksnivået. Tiltrådd kvote for 2019 er maksimalt 28 204 tonn, jf. tabell 4.12.



Figur 4.44 Utbreiingsområde og gyteområde for torsk i Nordsjøen, Skagerrak og den austlege engelske kanalen

Boks 4.12 forts.



Figur 4.45 Utviklinga i bestand og fangst av torsk i Nordsjøen og Skagerrak

Tabell 4.12 Tiltrødd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av torsk i Nordsjøen og Skagerrak dei siste fem åra

År	Råd frå ICES	Tiltrødd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
2015	Følg den avtalte forvaltingsplanen	<36	33	52	120
2016	MSY-tilnærming	<49	40	51	120
2017	MSY-tilnærming	<47	45	47	114
2018	MSY-tilnærming	<53	53		118
2019	MSY-tilnærming	<29	34		

Boks 4.13 Hyse i Nordsjøen, Skagerrak og vest for Skottland



Figur 4.46 Hyse

Foto: Thomas de Lange Wenneck, Havforskingsinstituttet

Fisket

Den gjennomsnittlege årlege totalfangsten av hyse i Nordsjøen, Skagerrak og vest av Skottland i perioden 1972–2017 er vel 163 000 tonn, men med ein reduksjon av fangsten gjennom mesteparten av denne perioden, i takt med ein minkande bestand, jf. figur 4.48. Dei siste åra har fangsten lege på rundt 45 000 tonn. Hyse blir hovudsakleg fanga med botntrål og i mindre grad med snurrevad. Hyse er målart for delar av flåten, men blir også fanga i blandingsfiskeri saman med mellom anna torsk, kviting og sjøkreps.

Status og råd

ICES vurderer bestanden til å vere i god stand og berekraftig hausta. Rekrutteringa har sporadisk vore sterkt, men bortsett frå 2005- og 2009-årsklassen, som var middels store, har rekrutteringa dei siste åra vore langt under langtidsgjennomsnittet. Det er førebels ikkje utarbeidd nokon forvaltingsplan for heile området. Basert på maksimalt langtidsutbyte, meiner ICES at den totale fangsten ikkje bør overstige 33 956 tonn i 2019, jf. tabell 4.13.

Artsnamn: Hyse – *Melanogrammus aeglefinus*

Maksimal storlek: 60 cm og 4 kg


Levetid: Maks 15 år

Bestandsstorlek (2018): Om lag 218 000 tonn (gytebestand)

Kvote for 2019: Nordsjøen og Skagerrak: 30 730 tonn, av dette 6 434 tonn til Noreg


Norsk fangstverdi (2018): Om lag 22 mill. kroner

Fakta om bestanden: Hysa finst på begge sider av det nordlege Atlanterhavet, og er delt inn i mange bestandard. Ho lever hovudsakleg ved botnen, og dei viktigaste byttedyra er botndyr som børstemark, muslingar og slangestjerner. Tobis- og silde-egg står også på menyen. Gytefeltet ligg i den sentrale Nordsjøen, og gytinga går føre seg frå mars til mai.



Figur 4.47 Utbreiingsområde og gyteområde for hyse i Nordsjøen, Skagerrak og vest for Skottland

Boks 4.13 forts.



Figur 4.48 Utviklinga i bestand og fangst av hyse i Nordsjøen, Skagerrak og vest for Skottland

Tabell 4.13 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av hyse i Nordsjøen, Skagerrak og vest av Skottland dei siste fem åra

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytbestand
2015	Maksimalt langtidsutbyte	< 69	48	42	142
2016	Maksimalt langtidsutbyte	< 75	72	43	121
2017	Maksimalt langtidsutbyte	< 39	39	40	205
2018	Maksimalt langtidsutbyte	< 49	49		218
2019	Maksimalt langtidsutbyte	< 34	31		

Boks 4.14 Kviting i Nordsjøen og den austlege engelske kanalen



Figur 4.49 Kviting

Foto: Jan de Lange, Havforskningsinstituttet

Artsnamn: Kviting – *Merlangius merlangus*

Maksimal storlek: 55 cm og 1,5 kg

Levetid: Maks 12 år

Bestandsstorlek (2017): Om lag 283 000 tonn (totalbestand)

Kvote for 2019: Nordsjøen og skagerak: 18 851 tonn, av dette 1249 tonn til Noreg

Norsk fangstverdi (2018): Om lag 5 mill. kroner


Fakta om bestanden: Kvitingen er utbreidd i det austlege Atlanterhavet, og er delt inn i mange bestandar. Han lever hovudsakleg ved botnen på 10–200 m djup, men kan gå opp i sjøen for å beite. Kvitingen et i hovudsak fisk, som sild, augepål og tobis, og yngel av torsk, hyse og kviting. Det er gytefelt både i den sørlege og nordlige Nordsjøen. Gytinga går føre seg over ein lang periode om våren og sommaren.

Fisket

Den gjennomsnittlige årlege totalfangsten av kviting i Nordsjøen i perioden 1990–2017 er kring 57 000 tonn, men har dei siste åra lege mellom 20 000 og 30 000 tonn, jf. figur 4.51. Kviting blir fanga i eit blanda fiskeri der målartane enten er torsk og hyse, flatfish eller sjøkreps, og som bifangst i industritrålfisket. Bifangsten i industritrålfisket har minka i seinare år, då meir selektive reiskapar har blitt tekne i bruk. Storbritannia, Frankrike og Nederland har vore dei viktigaste aktørane i fisket, men i seinare år har også den norske fangsten auka noko.


Status og råd

Gytebestanden og fisketrykket har vore relativt stabile sidan 2002, og gytebestanden er no over føre-var-nivået. Rekrutteringa har vore låg sidan 2003, men 2016-årsklassen var over snittet for dei siste åra. Basert på maksimalt langtidsutbyte meiner ICES at totalfangsten ikkje bør overstige 24 195 tonn i 2019.



Figur 4.50 Utbreiingsområde og gyteområde for kviting i Nordsjøen og den austlege engelske kanalen

Boks 4.14 forts.



Figur 4.51 Utviklinga i bestand og fangst av kviting i Nordsjøen og den austlege engelske kanalen

Tabell 4.14 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av kviting i Nordsjøen dei siste fem åra

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC ¹	Avtalt TAC ¹	Fangst	Gytebestand
2015	Følg forvaltingsplanen	<17	15	36	150
2016	Følg forvaltingsplanen	<31	15	33	159
2017	Maksimalt langtidsutbyte	<24	16	29	168
2018	Maksimalt langtidsutbyte	<26	22		178
2019	Maksimalt langtidsutbyte	<25	19		

¹ Frå og med 2016 representerer tala for tilrådd TAC fangst, ikkje landingar. Avtalt TAC er landingar.

Boks 4.15 Raudspette i Nordsjøen og Skagerrak



Figur 4.52 Raudspette

Foto: Merete Kvalsund, Havforskningsinstituttet

Artsnamn: Raudspette – *Pleuronectes platessa*

Maksimal storlek: 70 cm og 3,5 kg

Levetid: Maks 20 år

Bestandsstorlek (2017): Om lag 1 040 000 tonn (totalbestand)

Kvote for 2019: 142 217 tonn, av dette 9 116 tonn til Noreg

Norsk fangstverdi (2018): Om lag 1,8 mill. kroner. Dei siste åra har Noreg berre utnytta ein liten del av kvoten, og i 2017 var den norske fangsten på 221 tonn.


Fakta om bestanden: Raudspette finst på begge sider av det nordlege Atlanterhavet – på austsida frå Middelhavet til Barentshavet, og er delt inn i mange bestandar. Bestanden i Nordsjøen er den største. Raudspetta lever på botnen ned til om lag 200 meter djup. Raudspetta et børstemark, skjel, maneter, krepsdyr, pigghudar og små fisk. Gyteområda finst i dei sentrale og sørlege delane av Nordsjøen, men det er ingen klare skiljelinjer mellom bestandane. Gytinga går føre seg i januar og februar.

Fisket

Den gjennomsnittlige årlege totalfangsten av raudspette i Nordsjøen i perioden 1960–2017 er kring 164 000 tonn, og har variert ein del i takt med utviklinga i bestanden, jf. figur 4.54. Raudspette blir hovudsakleg fiska med bomtrål i sørlege og sentrale delar av Nordsjøen og i eit blandingsfiskeri med botntrål i dei sørlege delane av Nordsjøen. Målarten er tunge, og det går føre seg eit omfattande utkast av undermåls raudspette i blandingsfisket. I Skagerrak blir raudspetta fiska i eit direkte fiskeri med garn og snurrevad, men også i eit blandingsfiske saman med torsk og sjøkreps. Utkastet er likevel avgrensa sidan reiskapen har stor maskevidde og difor fiskar selektivt. Nederland, Danmark og Storbritannia dominerer fisket. Noreg disponerer 7 prosent av totalkvoten i Nordsjøen og 2 prosent i Skagerrak.


Status og råd

ICES vurderer bestanden til å vere i god stand og berekraftig hausta. Bestanden har auka dei siste åra til eit rekordhøgt nivå, jf. figur 4.54. Rekrutteringa har vore om lag som langtidsgjennomsnittet, men fiskepresset har minka til nivået for høgt langtidsutbytte. ICES tilrår, basert på maksimalt langtidsutbytte, at fangsten i 2019 ikkje bør overstige 142 217 tonn, jf. tabell 4.15.



Figur 4.53 Utbreiingsområde og gyteområde for raudspette i Nordsjøen og Skagerrak

Boks 4.15 forts.



Figur 4.54 Utviklinga i bestand og fangst av raudspette i Nordsjøen og Skagerrak

Tabell 4.15 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av raudspette i Nordsjøen og Skagerrak dei siste fem åra

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
2015	Følg andre steg i forvaltingsplanen	<179	138	134	774
2016	Følg andre steg i forvaltingsplanen	<216	144	137	836
2017	Maksimalt langtidsutbytte	<158	148	114	913
2018	Maksimalt langtidsutbytte	<142	128		941
2019	Maksimalt langtidsutbytte	<143	142		

5 Fisket etter avtalane i 2017 og 2018

Dette kapittelet gjer greie for hovudtrekka i fisket etter avtalane Noreg hadde med andre land i 2017 og 2018. Hovudvekta er lagt på norsk utnytting av avtalene og i kva grad partane som får tildelt kvotar i norske område, faktisk nyttar desse kvotane.

Norske fiskarar nyttar generelt kvotane godt. For dei kommersielt viktigaste bestandane blir kvotane nyttå så godt som fullt ut, jf. tabell 5.1. For fiskeslaga i tabellen kan ein normalt overføre inn til 10 prosent av kvotane mellom år. Avvik frå full utnytting tyder altså ikkje nødvendigvis at kvotane ikkje vert fiska, eller er overfiska. Variasjon i kvoteutnytting kan til dømes reflektere fiskeflåten si tilpassing til prisvariasjon over år, prioritering av anna aktivitet eller dårlege fangstforhold.

Noreg nyttar kvotane på dei bestandane som vi deler med Russland stort sett godt. Russland fiskar store delar av sine kvotar i norsk økono-

misk sone (NØS) og fiskevernsona ved Svalbard.

I 2017 nytta Noreg nesten heile seikvoten sør for 62°N. I 2018 gjekk derimot fangstane ned. Torske- og hysekvoten i sør vart dårlegare nytta i 2017 og 2018 enn åra før. Ifølgje offisiell fangststatistikk har EU dei seinare åra hatt relativt god utnytting av dei fleste fellesbestandane i Nordsjøen, det same gjeld kvotane dei har i norsk sone nord for 62°N. Med unntak av hyse og kviting har Sverige nyttå sine kvotar som dei får ut frå nabolandsavtalen i norsk økonomisk sone, godt.

I EU-farvatna vart dei norske kvotane og sone-tilgangen av dei pelagiske artane makrell, nord-sjøsild, kolmule og havbrisling, i tillegg til blåkveite og lange, spesielt godt nytta. Årsaka til dette var mellom anna tilgang.

Det norske fisket i Skagerrak har dei siste åra i hovudsak vore konsentrert om reker, sild og torsk, mens EU har fiska mest av artane torsk, raudspette, sild og reker i Skagerrak.

Noreg sitt hovudfiskeri i Færøysonen er brosme og lange/blålange. Norske fartøy har ikkje nytta kvotane på botnfisk i færøysk sone i særleg grad dei siste åra. Noko av forklaringa er høge kvotar av torsk og hyse i Norskehavet og Barentshavet. Færøyane har fiska mesteparten av kvotane sine på torsk, hyse og sei i NØS begge åra. Når det gjeld pelagiske fiskeri, har dei god tilgang i andre soner.

Noreg har hatt godt utbyte av kvotane i Grønland si sone i 2017 og 2018. Det same har Grønland i NØS nord for 62°N. Grønland har fiska med høvesvis tre og to fartøy i åra 2017 og 2018.

Norske fartøy har nytta kvotane på botnfisk ved Island godt dei seinaste åra. Dei siste åra har dette fisket vore regulert gjennom ei rulleringsordning basert på loddtrekking blant fartøy som har melde seg på til dette fisket, noko som gjer reguleringa meir rettferdig.

Island har tradisjonelt nytta torskekvoten som dei er tildelt i NØS nord for 62°N godt, samstundes som dei i stor grad utnyttar det kvantum som kan fiskast som bifangst.

Kyststatane har, som tidlegare år, nytta kvotane sine av dei pelagiske artane norsk vår-

Tabell 5.1 Norsk utnytting av nokre av dei kommersielt viktige kvotane i 2017 og 2018

	Utnyettingsgrad ¹	
	2017	2018
<i>Barentshavet, Noreg – Russland</i>		
Torsk	101 %	105 %
Hyse	97 %	93 %
<i>Nordsjøen og Skagerrak, Noreg – EU</i>		
Sild	95 %	93 %
Sei	97 %	72 %
<i>Fleirpartsavtalar</i>		
Norsk vårgytande sild	90 %	109 %
Makrell	95 %	99 %
Kolmule	97 %	104 %

¹ Oversikta tek ikkje omsyn til overføringer over år (kvote-fleksibilitet), men tek utgangspunkt i fangst i det einskilde år i høve til forskriftskvoten.



Figur 5.1 Ein god skreifangst i Lofoten

Foto: Fiskeridirektoratet

gytande sild, kolmule og makrell godt. Kvotefleksibilitetsordninga har ført til ein høgare utnytting enn tidlegare.

Dei siste åra har Noreg nytta heile loddekvoten sin ved Island, Grønland og Jan Mayen. Dette har mellom anna samanheng med at Noreg dei siste åra har hatt full sonetilgang til islandsk sone. Sidan det ikkje har vore opna for eit sommarfiske på fleire år, har det utelukkande vore mogleg å fiske lodde ved Island om vinteren. Per 27. februar er det ikkje klart om det blir opna for eit loddefiske sesongen 2018/2019.

For mange fiskeartar er det innført kvotefleksibilitet over år, dette gjeld mellom anna torsk, hyse, sei, norsk vårgytande sild, kolmule, sild sør for 62°N og makrell. Samanlikningar mellom kvotor og fangst i dei enkelte år vil difor vere misvisande. Fiskesлага dette gjeld er markert i fotnotane i tabellane i dette kapittelet. Innføring av kvotefleksibilitet over år har gjort at kvotane i dei fleste tilfella blir fullt utnytta av alle partar.

5.1 Tosidige avtalar

5.1.1 Noreg – Russland

Noreg har stort sett ei høg utnytting av kvotane på dei fiskebestandane vi forvaltar saman med Russland. Justert for kvotefleksibilitet ligg utnyttingsgraden på 100 prosent for torsk, medan den ligg på om lag 90 – 95 prosent for hyse. Noreg har god tilgang på desse bestandane i eiga sone, og vi nyttar difor lite av sonetilgangen vi har i russisk sone. Utynninga av hysekvote har vore låg dei siste åra. Dette skuldast i all hovudsak høg torskekvote og liten interesse i kystfiskeflåten for å fiske hyse kombinert med låg tilgang på hyse i kystnære strok. Fiskeridirektoratet har i samråd med fiskerinæringa justert reguleringa i løpet av åra ved å innføre høg overregulering og fritt fiske for å legge til rette for at norsk hysekvote kan nyttast fullt ut.

Russland utnytta også kvotane sine godt; dei fiskar betydelege delar av sine kvotar i norsk økonomisk sone. Til samanlikning med 2017 nyttar dei i 2018 ein vesentleg større part av steinbitkvoten sin i NØS. Når det gjeld det russiske fisket av norsk vårgytande sild i 2018 fiska dei derimot ein svært liten del i norske farvatn. Årsaka til dette var dårleg tilgang på sild i norske farvatn og at ho oppheldt seg store delar av hausten i internasjonalt farvatn.

Tabell 5.2 Norske kvotar og fangstar på fellesbestandane i Barentshavet

Art	Kvotar ¹ (tonn)		Fangstar ² (tonn)	
	2017	2018	2017	2018
Torsk ³	412 011	356 418	414 319	373 842
Hyse ³	116 865	101 605	113 463	94 049
Blåkveite	12 225	13 755	12 378	13 747
Uer (<i>Sebastes Mentella</i>)	17 600	19 514	16 080	18 368
Lodde ⁴	100	122 500	-	123 461

¹ Etter overføring til tredjeland.

² Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 29. januar 2019, inklusive forskingsfangst og ungdoms- og rekreasjonsfisket.

³ Oversikta tek ikkje omsyn til overføringer over år (kvotefleksibilitet).

⁴ Det blei berre tildelt forskingskvantum til lodde i 2017.

Tabell 5.3 Russiske kvotar og fangstar på fellesbestandene i Barentshavet

	Kvotar ¹ (tonn)		Fangstar ² (tonn)	
	2017	2018	2017	2018
Torsk ³	387 523	336 159	396 195	340 343
Hyse ³	104 564	89 230	106 714	90 471
Blåkveite	10 875	12 375	10 713	-
Uer (<i>Sebastes Mentella</i>)	7 400	7 878	4 626	-
Lodde ⁴	100	82 500	6	65 929

¹ Etter overføring til Noreg, men før tilbakeføring av ubrukt tredjelandskvote.

² For 2017 vart fangsttala utveksla i Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen. Fangsttala for 2018 er rapportert frå russiske styresmakter til norske styresmakter. Fangst av blåkveite og uer er ikkje med i dei rapportane.

³ Oversikta tek ikkje omsyn til overføringer over år (kvotefleksibilitet).

⁴ Det vart berre tildelt forskingskvantum til lodde i 2017.

Tabell 5.4 Norske kvotar og fangstar i russisk økonomisk sone

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2017	2018	2017	2018
Torsk	200 000	200 000	10 730	7 086
Hyse	47 000	47 000	6 601	7 206
Blåkveite	11 475	13 005	22	28
Uer (<i>Sebastes Mentella</i>)	19 600	21 514	-	-
Lodde	-	120 000	-	-
Reker	4 000	4 000	2 111	3 923
Grønlandssel ²	7 000	7 000	-	-
Steinbit	2 500	2 500	470	411
Flyndre	200	200	-	-
Bifangstkvote	500	500	237	42

¹ Fiskeridirektoratets register for elektronisk fangst- og aktivitetsdata per 28. januar 2019.

² Talet på dyr, ikkje tonn.

Tabell 5.5 Russiske kvotar og fangstar i norske havområde

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2017	2018	2017	2018
<i>NØS Nord for 62°N</i>				
Torsk	200 000	200 000	104 609	99 873
Hyse	47 000	47 000	24 203	19 170
Blåkveite	10 125	11 475	1 629	692
Lodde	-	80 000	-	53 916
Sei ²	12 000	12 000	11 998	11 945
Steinbit	5 000	5 000	1 829	4 895
Uer ³	2 000	2 000	1 180	2 200
Snabeluer ³	7 400	7 878	3 613	3 612
Kolmule	23 364	24 157	1 230	-
Norsk vårgytande sild	82 827	55 990	24 339	995
Andre artar	2 500	2 500	406	342

Fiskerisona ved Jan Mayen

Norsk vårgytande sild	-	55 990	-	-
Makrell	-	-	-	-
Kolmule	23 364	24 157	-	-

¹ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 28. januar 2019.

² Av totalkvoten på 12 000 tonn sei kunne inntil 5 000 (3 000) tonn vert fiska i eit direktefiske i 2017 (2018).

³ For 2017 og 2018 kunne russiske fartøy fiske snabeluerkvoten i eit direktefiske i NØS nord for 62°N; resterande uer kunne berre takast som bifangst.

5.1.2 Noreg – EU

Tabell 5.8 viser fangstmogleheitene for norske fartøy i EU-sona. For fleire artar kan kvoten også fiskast i NØS eller i internasjonalt område. Slike fangstar reduserer høvet til å fiske tilsvarende i EU-sona. Det er til dømes tilfellet med kolmule, makrell og fellesbestanden i Nordsjøen. Avvik kan komme av at fisken er vanskeleg tilgjengeleg eller at det er liten interesse for å fiske arten. I EU-farvatna vart dei norske kvotane av dei fleste bestandane godt nytta. I 2017 vart det til dømes gode prisar på sei, noko som gjorde at norske fartøy fiska ein større del av seikvoten i EU-sona enn elles. Når det gjeld dei pelagiske artane som til dømes

Tabell 5.6 Norske kvotar og fangstar på fellesbestandane i Nordsjøen

Art	Kvotar ¹ (tonn)		Fangstar ² (tonn)	
	2017	2018	2017	2018
Torsk	6 285	6 955	5 573	5 554
Hyse	6 531	9 306	2 147	1 432
Sei ^{4,6}	51 519	54 382	49 955	39 133
Kviting	1 300	1 906	992	1 025
Raudspette ⁵	8 794	7 585	68	69
Sild ^{3,6}	141 899	176 162	134 129	162 596

¹ Etter overføringer fra EU og tredjeland, inkl. CCTV tillegg.

² Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 29. januar 2019.

³ Tabellen syner nordsjösildkvoten inkludert den delen av Skagerrakkvoten som kan takast ut i Nordsjøen, før kvote-fleksibilitet.

⁴ Seikvote i Skagerrak og Nordsjøen.

⁵ Etter at 300 tonn overført til Skagerrak.

⁶ Oversikta tek ikkje omsyn til overføringer over år (kvote-fleksibilitet).

Tabell 5.7 EUs kvotar og fangstar på fellesbestandane i Nordsjøen

Art	Kvotar ¹ (tonn)		Fangstar ² (tonn)	
	2017	2018	2017	2018
Torsk	32 553	35 819	28 618	24 361
Hyse ⁴	26 405	32 461	27 531	22 997
Sei ⁴	47 888	50 531	33 829	36 449
Kviting	14 703	20 651	11 250	10 189
Raudspette ⁵	120 822	104 758	64 524	43 653
Nordsjösild ^{3,4}	341 942	426 417	281 123	343 145

¹ Etter overføringer mellom Noreg og EU og før overføring til tredjeland.

² Fangsttala vart utelevert under forhandlingane mellom Noreg og EU 31.oktober 2018.

³ I tillegg kjem ein bifangstkvote for sild på 11 357 i 2017 og 9 669 i 2018. Av desse vart hhv. 7 277 tonn og 8 549 tonn fiska.

⁴ Oversikta tek ikkje omsyn til overføringer over år (kvote-fleksibilitet).

makrell og sild, vart det i 2018 fiska ein større del av kvotane i EU-sona. Dette kan skuldast at fisken ikkje var til stades i norske farvatn når flåten vanlegvis fiskar desse artane. Når det gjeld kolmule, prioriterte dei norske fartøya i 2018 å fiske andre fiskeslag før dei gjekk på kolmula.

Tabell 5.8 Norske kvotar og fangstar i EU-farvatn¹ og tildelte kvotar og fangstar frå EU i grønlandske farvatn

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ² (tonn)	
	2017	2018	2017	2018
<i>EU-farvatn</i>				
Makrell ^{2,11}	229 821	183 857	46 660	156 880
Sild ³	60 000	60 000	48 803	56 267
Augepål	25 000	15 000	7 656	12 666
Kolmule	330 494	337 975	287 558	345 267
Havbrisling ¹⁰	10 000	10 000	9 742	9 776
Hestmakrell	3 550	2 550	230	46
Torsk ³	6 285	6 955	3 020	2 636
Hyse ³	6 531	9 306	1 152	574
Sei ^{3,4}	52 029	34 032	32 787	16 910
Blålange	150	150	84	134
Lange ⁵	6 500	7 500	7 102	6 570
Brosme ⁵	2 923	2 923	1 135	1 425
Kviting ³	1 300	1 406	694	836
Raudspette ³	8 794	7 585	17	11
Sjøtunge	10	10	0	3
Blåkveite ⁶	1 100	1 100	1 000	916
Kombinert kvote	250	250	146	230
Andre artar ⁹	5 250	5750	3 739	2 573
<i>Vest-Grønland</i>				
Blåkveite	575	575	575	575
Skolest/Isgalt	-	80	-	8
<i>Aust-Grønland</i> ⁷				
Reker	1 750	1 500	-	-
Blåkveite	575	575	575	575
Uer ⁷	740	628	740	628
Skolest/Isgalt o.a. ⁸	90	20	105	20

¹ Etter overføringer til EU og tredjeland. Inkluderer ikkje Skagerrak bortsett frå sei.² Fangsttala er henta frå Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 30. januar 2019.³ For desse fellesbestandane avtalar EU og Noreg storleiken på TAC for kvar bestand, fordeling av TAC på dei to partane, eventuelle kvotebyte og kor mykje partane maksimalt kan fiske i dei respektive sonene. Norske fartøy kan fiske kvoten i både EU-sona og i NØS. Berre fangstar frå EU-sona vert rapportert.⁴ Inkludert kvote og fangst i ICES-område 6a.⁵ Av den samla kvoten for lange og brosme kan inntil 25 prosent vere bifangst (maksimalt 3 000 tonn). Inntil 2 000 tonn kan førast mellom brosme- og langekvotane.⁶ Kvoten på blåkveite gjeld for ICES-underområde 2a og 6, i område 6 berre med line.⁷ Kvoten på uer ved Aust-Grønland kan òg verte fiska i internasjonalt farvatn.⁸ Kvoten på skolest/isgalt kunne verte fiska både på Vest- og Aust-Grønland i 2017.⁹ Område 4 og 2a.¹⁰ Havbrisling i EU-sona tildelt i 2017 og 2018 kan verte fiska i perioden 1. juli – 31. mars. Dette er reflektert i fangsttala.¹¹ Noreg kan fiske heile sin kyststatsdel av makrell i EU-farvatn. I 2018 var dette 183 857 tonn. Av dette kunne 36 771 tonn verte fiska i EU-farvatn i ICES statistikkområde 6a (nord for 56°30'N). Av dette kunne 14 609 tonn verte fiska i EU-farvatn i ICES statistikkområde 2a, og 7 d, e, f og h. Vidare kunne 3000 tonn av totalkvoten verte fiska i ICES statistikkområde 3a (Skagerrak).

Tabell 5.9 EU sine kvotar og fangstar i norske havområde

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2017	2018	2017	2018
<i>NØS, Nord for 62°N</i>				
Torsk	23 002	23 008	22 592	22 338
Hyse	1 200	1 200	1 003	986
Sei	2 550	2 550	2 499	2 522
Blåkveite	50	50	77	102
Uer	1 500	1 500	1 304	1 081
Kolmule	220 494	227 975	-	5
Makrell	18 261	14 609	1 780	-
Norsk vårgytande sild	37 854	25 487	19 979	18 880
Andre artar	350	350	316	348
<i>NØS, Nordsjøen</i>				
Torsk ²	28 675	31 132	7 788	8 419
Hyse ²	20 348	24 146	6 352	4 540
Sei ²	48 768	50 531	11 205	12 381
Kviting ²	10 151	13 991	784	508
Lange	1 350	1 350	915	980
Brosme	170	170	34	35
Breiflabb	1 500	1 700	1 383	1 500
Raudspette ²	49 578	42 986	10 917	8 062
Makrell ³	503 245	402 596	28	17
Nordsjøsild ²	51 151	50 000	4 824	776
Kolmule	220 494	227 975	1	-
Reker	328	211	76	70
Sjøkreps	1 000	800	55	41
Andre artar	9 500	10 000	7 671	8 828
<i>Fiskerisona ved Jan Mayen</i>				
Norsk vårgytande sild	37 854	25 487	-	-
Kolmule	220 494	227 975	-	-

¹ Fiskeridirektoratets register for elektroniske fangst- og aktivitetsdata per 28. januar 2019. Tala er basert på fartøya sine rapporterte soner ved fiske.

² For desse fellesbestandane avtalar EU og Noreg storleiken på TAC for kvar bestand, fordeling av TAC på dei to partane, eventuelle kvotebyte og kor mykje partane kan fiske i dei respektive sonene.

³ EU har full sonetilgong på sin kyststatsdel i 4a, ytterlegare avgrensa av kva EU sjølv fastsetje sonetilgong til å vera.

Noreg får også kvotar i grønlandsk farvatn gjennom forhandlingane med EU, jf. tabell 5.8. Tradisjonelt har blåkveitekvoten på Vest-Grønland vore best nytta, men dei siste åra har også blåkveitekvoten på Aust-Grønland vore nytta. Dei siste åra har det vore liten interesse for å fiske reker, dette på grunn av at det har vore vanskeleg å finne denne arten.

Tabell 5.9 viser EU sine kvotar og fangstar i norske havområde. I NØS i Nordsjøen er kvotar både i 2017 og 2018 sett saman av fleire kvoteavtalar: avtalen mellom EU og Noreg, avtalen mellom Sverige og Noreg, «kolmuleavtalen», «makrellavtalen» og den bilaterale soneadgangsavtalen mellom EU og Noreg.

Fisket i Skagerrak og Kattegat

Det norske fisket i Skagerrak har dei siste åra i hovudsak vore koncentrert om reker og sild. Noreg har til døme ein ganske stor kvote på kystbrisling som blir lite nytta. Dette fiskeriet har vore eit kombinasjonsfiskeri av brisling og sild som har funne stad på dei tradisjonelle felta i Oslofjorden. Det er no berre ein brislingfiskar igjen i dette området. På grunn av store område og tilgang på brisling vert denne kvota difor dårlig nytta.

Tabell 5.10 EU sine kvotar og fangstar i Skagerrak og Kattegat

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2017	2018	2017	2018
Torsk ²	5 558	7 736	4 332	4 078
Hyse	1 982	2 461	1 083	638
Kviting	1 031	1 031	229	165
Raudspette ²	17 286	15 036	8 486	4 650
Sild ³	43 973	41 968	39 899	28 664
Brisling	30 784	24 627	1 366	2 732
Reker ²	3 856	3 327	3 380	2 419

¹ Fangsttala vart utlevert under forhandlingane mellom Noreg og EU hausten 2018.

² Torsk, raudspette og reker kan berre verte fiska i Skagerrak. For dei andre artane gjeld kvotane både i Skagerrak og den nordlege delen av Kattegat.

³ I tillegg kjem ein bifangstkvote sild på 6 659 tonn i 2017 og 2018. Av desse er hhv. 371 tonn og 365 tonn fisket.

EU har dei siste åra nytta best kvotane på torsk, sild og reker. Det er i hovudsak Danmark og Sverige som fiskar på desse kvotane, men andre EU-land har mindre kvotar for enkelte artar. På eige grunnlag kvoteregulerer EU og andre bestandar enn dei det er fastsett kvotar på gjennom avtalen om regulering av fiskebestandane i Skagerrak/Kattegat.

Tabellane 5.10 og 5.11 viser kvotane og fangstane i Skagerrak og Kattegat i 2017 og 2018.

Tabell 5.11 Norske kvotar og fangstar i Skagerrak og Kattegat

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2017	2018	2017	2018
Torsk ⁴	186	259	194	108
Hyse	87	108	65	36
Kviting	19	19	9	5
Raudspette ³	653	607	154	23
Sild ^{2,6}	3 383	3 229	3 343	3 402
Brisling	2 496	1 997	218	315
Reker ^{5,6}	6 123	5 239	6 301	5 136

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 28. januar 2019.

² Tabellen viser Skagerrakkvoten ekskludert den delen av kvoten som kan takast ut i Nordsjøen.

³ Herav 300 tonn overført frå Nordsjøen.

⁴ Utanfor grunnlinjene.

⁵ Den delen av rekekvoten som i utgangspunktet kunne verte fiska i Skagerrak utgjorde i 2017 og 2018 høvesvis 3 365 og 2 903 tonn. Rekene i Nordsjøen og Skagerrak høyrer likevel til den same bestanden, og rekekvotane i Nordsjøen og Skagerrak vert difor forvalta som ein. Av den grunn inneheld kvote- og fangsttala også områdekvoten i Nordsjøen og fangstane på denne. I 2017 fiska norske fartøy 4 537 tonn i Skagerrak og 1 764 tonn i Nordsjøen. I 2018 vart det av norske fartøy fiska 3 672 tonn i Skagerrak og 1 464 tonn i Nordsjøen

⁶ Oversikta tek ikkje omsyn til overføringer over år (kvotefleksibilitet).

Noreg – Sverige

Noreg har ein nabolandsavtale med Sverige om fiskeri, som gir svenske fiskarar rett til å fiske i norsk sone i Nordsjøen. Svenske kvotar og fangstar i norske havområde i 2017 og 2018 er vist i tabell 5.12. Med unntak av hyse og kviting nyttar Sverige desse kvotane godt.

Tabell 5.12 Svenske kvotar og fangstar i norske havområde

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2017	2018	2017	2018
<i>NØS, Nordsjøen</i>				
Torsk	382	382	355	235
Hyse	707	707	168	92
Sei	880	880	749	761
Kviting	190	190	49	32
Industrifiske ²	800	800	695	743
Makrell	328	354	328	354
Sild	1 151	1 239	1 151	1 239
Reker	123	123	113	94
Andre artar ³	-	-	-	-

¹ Fangsttala er basert på innrapporterte tal frå Det svenska fiskeriverket.

² Industrifiskkvoten til Sverige omfattar kolmule, augepål, tobis, brisling og hestmakrell. Av dette kunne maksimalt 400 tonn vere hestmakrell.

³ Det blir ikkje tildelt ein fast kvote av andre artar, men fangstane skal vere på tradisjonelt nivå.

5.1.3 Noreg – Færøyane

Færøyane har nytta botnfiskkvotane godt. Færøyske fartøy har i hovudsak fiska kvoten på makrell i si eiga sone, i EU-sona og i internasjonalt farvatn dei siste åra. Dei har difor ikkje fiska noko særleg makrell i NØS nord for 62°N, eller i fiskerisona ved Jan Mayen i 2017 eller 2018. Færøyane har ikkje hatt tilgang til å fiske kolmule i norske havområde dei siste åra.

Norske fartøy har ikkje nytta kvotane på botnfisk i færøysk sone i særleg grad dei siste åra. Noko av forklaringa er høge kvotar av torsk og hyse i Norskehavet og Barentshavet.

Tabell 5.13 Norske kvotar og fangstar i færøysk sone

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2017	2018	2017	2018
Lange/blålange	2 000	2 200	1 549	1 227
Brosme	1 700	1 801	707	985
Sei	567	150	27	15
Makrell	50 008	42 002	4 221	0
Kolmule ²	34 800	32 640	3 034	8 726
Andre artar	800	800	128	206

¹ Fiskeridirektoratet sitt register for elektroniske fangst- og aktivitetsdata per 20. november 2018. Fangst justert som følgje av fiske i det sørlige området der fartøy har lisens både hos Færøyane og EU.

² Fangsttala er henta frå Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 5. februar 2019.

Tabell 5.14 Færøyske kvotar og fangstar i norske havområde

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2017	2018	2017	2018
<i>NØS, Nord for 62°N</i>				
Torsk ²	8 410	8 365	7 505	8 001
Hyse ²	1 375	1 400	1 306	1 093
Sei	500	500	489	421
Kolmule	-	-	-	-
Makrell	45 029	36 023	575	4 723
Andre artar ³	200	200	174	194

NØS, Nordsjøen

Kolmule	-	-	-	-
Makrell	45 029	36 023	-	-

Fiskerisona ved Jan Mayen

Kolmule	-	-	-	-
Makrell	45 029	36 023	-	-

¹ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 28. januar 2019.

² Inkluderer kvotar overført frå russisk økonomisk sone.

³ Inkluderer uer, sei og blåkveite.

5.1.4 Noreg – Grønland

Noreg sine kvotar og fangstar i grønlandske sone i 2017 og 2018 går fram av tabell 5.15. I tillegg kunne norske fartøy fiske i grønlandske sone på kvote tildelt av EU, sjå tabell 5.8.

Kvotane på torsk og blåkveite vart godt nytta, medan kvotane på kveite og brosme var vanskeleg å utnytte. Kvoten på kveite har difor vorte redusert dei siste åra.

Kvoten på uer er delt i botnlevande og pelagisk uer. Den pelagiske uerkvoten frå Grønland og EU kan også verte fiska i internasjonalt farvatn. Desse kvotane blir godt nytta.

Grønland sine kvotar i NØS blir som regel godt utnytta, jf. tabell 5.16. I 2017 var det tre fartøy som fiska dei grønlandske kvotane i norske havområde, i 2018 var det to fartøy.

Tabell 5.15 Norske kvotar og fangstar i grønlandske sone

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2017	2018	2017	2018
<i>Vest-Grønland:</i>				
Blåkveite	900	900	901	916
<i>Aust-Grønland:</i>				
Blåkveite	400	400	401	350
Kveite	10	10	3	6
Uer	800	1 000	801	643
Brosme	340	340	138	228
Skolest	-	100	-	93
Bifangst av andre artar	150	150	17	32
<i>Vest- og Aust-Grønland:</i>				
Torsk	1 200	1 200	1 216	1 118

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 1. februar 2019.

Tabell 5.16 Grønlandske kvotar og fangstar i norske havområder

Område/art	Kvotar ¹ (tonn)		Fangstar ² (tonn)	
	2017	2018	2017	2018
<i>NØS, Nord for 62°N</i>				
Torsk	8 750	8 450	8 735	8 298
Hyse	1 400	1 450	1 391	1 158
Sei	500	500	407	464
Andre artar	300	300	179	253

¹ Grønland overførte 5 050 torsk og 500 tonn hyse frå Russland til NØS i 2017. I 2018 vart 4 450 tonn torsk og 550 tonn hyse overført.

² Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 1. februar 2019.

5.1.5 Noreg – Island

Norske fartøy har nytta kvotane på botnfisk ved Island godt dei seinaste åra, jf. tabell 5.17 som viser norske kvotar og fangstar i islandsk sone. Dei siste åra har dette fisket vore regulert gjennom ei rulleringsordning basert på loddtrekking blant fartøy som har meldt seg på til dette fisket. To nye fartøy får vere med i dette fisket kvart år.

Island har tradisjonelt nytta godt torskekveten som dei er tildelt, samstundes som dei i stor grad utnyttar det kvantum som kan takast som bifangst. Tabell 5.18 gir eit oversyn over islandske kvotar og fangstar i norske havområde

Tabell 5.17 Norske kvotar og fangstar i islandsk sone

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2017	2018	2017	2018
Brosme, lange, blålange	500	500	460	526
Uer ²	-	-	18	31
Anna ²	-	-	92	73

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 1. februar 2019.

² I tillegg til kvoten på 500 tonn botnfisk hadde norske fartøy og høve til å ha inntil 25 prosent bifangst av andre artar.

Tabell 5.18 Islandske kvotar og fangstar i norske havområde

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2017	2018	2017	2018
<i>NØS, Nord for 62°N</i>				
Torsk	8 121	7 055	8 091	7 036
Hyse ²	-	-	245	718
Sei ²	-	-	544	112
Nvg-sild	-	-	-	-
Andre artar ²	2 436	2 117	100	102

¹ Fiskeridirektoratets register for elektroniske fangst- og aktivitetsdata per 28. januar 2019.

² Bifangst inntil 30 prosent. Fangst av hyse og sei blir belasta kvoten for andre artar.



Figur 5.2 Sildefiske

Foto: Kjartan Mæstad, Havforskningsinstituttet

ein kyststatsavtale for 2015, men partane vart likevel samde om ein totalkvote i tråd med anbefalinga frå ICES. I 2016 vart det heller ikkje semje om ein avtale, men 15. januar 2016 la Noreg fram eit forslag til forvaltingstiltak i NEAFC sitt konvensjonsområde for 2016. I forslaget var det blant anna lagt opp til ein TAC ut frå forvaltingsplanen. Tre partar stemte for, ein imot og ein part valde å ikkje stemme. Noreg sitt forslag vart difor vedteke. Fordelinga av kvotar for 2016 er angitt i tabell 5.19. For 2017 vart det inngått ein avtale om totalkvote i tråd med forvaltingsplanen, men inga fordeling av denne. Summen av unilateralt fastsette kvotar var, som i 2016, høgare enn ICES si anbefaling. Også for 2018 vart det semje om totalkvote, men ikkje fordelinga av denne. Partane fastsette difor unilaterale kvotar som overstig anbefalt uttak.

Færøyane og Island har dei siste åra fiska store delar av kvoten si i eiga sone. EU tar store delar av kvoten sin i norsk sone, medan Russland i hovudsak fangstar i norsk sone og internasjonalt farvatn. Grunna god tilgang på sild i internasjonalt

5.2 Kyststatsavtalar og andre fleirsidige avtalar

5.2.1 Norsk vårgytande sild

I 2007 vart kyststatane einige om å innføre kvote-fleksibilitet over årsskiftet for 2008. Denne ordninga er seinare ført vidare. Tabell 5.19 og 5.20 viser kvotane før og etter overføringer mellom partane, og overføringer over år.

Som fylgje av at Færøyane hausten 2012 fremja krav om ein høgare del norsk vårgytande sild, vart det i åra 2013 og 2014 inngått firepartsavtalar mellom EU, Island, Noreg og Russland om fordeling av norsk vårgytande sild. I avtalane vart det sett av eit kvantum til færøysk fiske, i samsvar med deira del frå 2007. Det vart ikkje semje om

Tabell 5.19 Kvotar og fangstar av norsk vårgytande sild i 2017¹

Stat	Kvote	Balanse 2016	Kvote etter overføring og fleksibilitet		Fangstar (tonn)	Balanse 2018
			Overføring	fleksibilitet		
EU	42 059	281			42 340	39 451
Færøyane	125 597	-183	-12 500		112 914	97 693
Island	102 984	906			103 890	88 594
Noreg	432 870	-19 839			413 031	389 383
Russland	82 827	130	10 000		92 957	91 118
<i>Totalt</i>	<i>786 337</i>	<i>-18 705</i>			<i>767 632</i>	<i>706 240</i>
Grønland	30 000		2 500		32 500	12 865
						3 000

¹ Tala er innrapportert frå deltagande land under fempartsforhandlingane desember 2018.

Tabell 5.20 Kvotar og fangstar av norsk vårgytande sild i 2018¹

Stat	Kvote	Balanse 2017	Overføring	Kvote etter overføring og fleksibilitet	Fangstar (tonn)
EU	28 319	2 969		31 288	28 263
Færøyane	88 350	15 221	-11 600	91 971	45 930
Island	72 428	14 418		86 846	83 396
Noreg	304 500	23 648		328 148	332 028
Russland	55 767	223	9 100	65 090	46 317
<i>Totalt</i>	549 364	56 479	2 500	603 343	551 739
Grønland	25 000			27 500	2 891

¹ Tal for kvotar og overføringer er innrapportert frå deltakande land under fempartsforhandlingane desember 2018. Islandske fangster er frå fiskistofa.is og Noreg sine frå landings- og sluttsetelregisteret hos Fiskeridirektoratet per 29. januar 2019. Andre fangsttal er førebelse tal frå NEAFCs fangststatistikk.

farvatn fiska Russland i 2018 svært lite i norske farvatn. Noreg har tradisjonelt fiska nesten heile kvoten i eiga sone, men i 2017 vart drygt 40 prosent av kvoten tatt i internasjonalt farvatn. Årsaka var at silda sto langt til havs. I 2018 var fiske-mønsteret som normalt.

5.2.2 Lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen

Etter mange forhandlingsrundar sidan 2015, inn-gjekk kyststatane ein ny trepartsavtale juni 2018.

Basert på tokt hausten 2017 vart det oktober 2017 sett ein TAC på 208 000 tonn lodde. Det norske fisket vart opna 1. januar 2018. Island gjennomførde eit nytt tokt i midten av januar, noko som gjorde at det vart funne grunnlag for å auke TAC ytterlegare til 285 000 tonn. Basert på denne auken og dei andre kvotekomponentane vart norsk kvote difor 73 825 tonn lodde i sesongen 2017/2018.

Hausttoktet i 2018 gav därleg resultat, slik at det ikkje vart funne forsvarleg å setja ein TAC hausten 2018. Island har gjennomført fleire tokt i

januar, resultatet av desse tokta er enno ikkje klare.

Loddefisket er avgrensa til fartøy med ringnot-tillatelse og det er veldig stor interesse for å delta.

Tabell 5.21 Norske kvotar og fangstar av lodde i sesongane 2017/2018 og 2018/2019

	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	17/18 ²	18/19 ³	17/18	18/19
Totalt	73 824	0	74 079	0
Derav				
Grønland	42 800	0	0	0
Derav Jan Mayen	73 824	0	0	0
Derav Island	73 824	0	74 079	0

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 1. februar 2019.

² Kvoten vart samansett av 22 800 tonn frå trepartsavtalen, 31 024 tonn frå avtalen mellom Noreg og Island om fisket i Barentshavet, samt 20 000 tonn frå årleg kvoteavtale mellom EU og Noreg.

³ Per 1. mars 2019 er det ikkje fastsett kvote for sesongen 2018/2019.

5.2.3 Kolmule

I tillegg til Noregs kyststatsdel av kolmule, byter også Noreg tradisjonelt til seg kolmule fra EU – samstundes som vi byter fra oss kolmule til Russland.

Frå og med 2013 vart det innført kvotefleksibilitet over årsskiftet i fisket etter kolmule.

Noreg fiska både i 2017 og 2018 på forskot på neste års kvote. I begge åra fiska norske fartøy den største delen av kvoten sin i EU-sona vest av og nord for Irland. Trass i kyststatsavtalar utan fordeling av totalkvoten og unilateral kvotefastsetjing dei siste åra, har Noreg gjennom bilaterale

avtalar med EU og Færøyane adgang til å fiske delar av kvoten i sonene til EU og Færøyane. Sonetilgang i EU-sona vart, som normalt, godt nytta begge åra, medan tilgangen til Færøy-sona vart nytta i liten grad.

Tabell 5.22 og 5.23 viser kvotane før og etter overføringer mellom partane, og overføringer over år. Dei fleste partane nyttar kvotane godt.

EU-fartøy og færøyske fartøy har dei siste åra fiska den største delen av sine kvotar i eigne farvatn, medan islandske fartøy i størst grad har fiska i færøysk sone. Russland og Grønland fiskar i hovudsak i færøysk sone og i internasjonalt farvatn.

Tabell 5.22 Kvotar og fangstar av kolmule i 2017¹


Stat	Kvote	Balanse 2016	Kvotet etter overføring og fleksibilitet		Fangstar (tonn)	Balanse 2018
			Overføring			
EU	555 973	32 157	-116 500	471 630	363 825	107 805
Færøyane	476 901	-16 376	-87 500	373 025	357 426	15 599
Island	264 000	-19 321	-1 500	243 179	224 356	18 823
Noreg	324 256	-37 935	86 636	372 957	399 363	-26 406
<i>Totalt</i>	1 621 130	-41 475	-118 864	1 460 791	1 344 970	115 821
<i>Russland</i>	99 566	1 949	105 864	207 379	188 449	18 930
<i>Grønland</i>	7 268	384	13 000	20 652	20 499	153

¹ Tala er innrapportert frå deltakande land under kyststatsforhandlingane om kolmule i desember 2018.

Tabell 5.23 Kvotar og fangst av kolmule i 2018

Stat	Kvote	Balanse 2017	Kvotet etter overføring og fleksibilitet		Fangstar (tonn) ¹
			Overføring		
EU	574 836	55 597	-117 500	512 933	409 846
Færøyane	493 081	15 599	-89 500	419 180	352 793
Island	293 000	18 823	-1 500	310 323	292 950
Noreg	335 257	-26 406	85 843	394 694	438 426
<i>Totalt</i>	1 696 147	63 613	-122 657	1 637 130	1 494 016
<i>Russland</i>	102 945	9 956	106 657	219 558	164 845
<i>Grønland</i>	7 514	153	16 000	23 667	17 034

¹ Tal for kvotar og overføringer er innrapportert frå deltakande land under kyststatsforhandlingane om kolmule i desember 2018. Islandske fangstar er frå fiskistofa.is, Færøyane sine frå vorn.fo og Noreg sine frå landings- og slutsetelregisteret hos Fiskeridirektoratet per 30. januar 2019. Andre fangsttal er førebelse tal frå NEAFCs fangststatistikk.



Figur 5.3 Makrelltokt

Foto: Havforskningsinstituttet

5.2.4 Makrell

Frå og med 2011 vart det innført kvotefleksibilitet over årsskiftet i fisket etter makrell. Tabell 5.23 og 5.24 viser kvotane før og etter overføringane mellom partane, og overføringane over år. Noreg

fiska både i 2017 og 2018 på forskot på neste års kvote medan dei andre partane tok med seg unytta kvantum til neste år.

Den norske kvoten vert fiska opp kvart år. Det har likevel vore utfordrande undervegs i fisket, særleg i kystgruppa. For å få ei enklare regulering

Tabell 5.24 Kvotar og fangstar av makrell i 2017¹

Stat	Kvote	Balanse 2016	Kvete etter overføring og fleksibilitet		Fangstar (tonn)	Balanse 2018
			Overføring			
EU	503 245	27 461	328	531 034	486 474	16 771
Færøyane	128 655	-2 722	-20 779	105 154	98 646	6 508
Island	168 464	1 231	1 300	170 995	161 654	9 341
Noreg	229 821	-20 696	4 651	213 776	222 397	-8 621
Grønland	66 365	0	0	66 365	46 451	0
<i>Totalt for kyststatane</i>	<i>1 096 550</i>	<i>5 274</i>	<i>-14 500</i>	<i>1 087 324</i>	<i>1 015 622</i>	<i>23 999</i>
Russland ²	123 785	0	14 500	138 285	138 160	125

¹ Tala er innrapportert frå deltagande land under kyststatsforhandlingane om makrell i november 2018.

² Kvote- og fangsttal for Russland er basert på innrapporterte tal til NEAFC.

Tabell 5.25 Kvotar og fangstar av makrell i 2018

Stat	Kvote	Balanse 2017	Overføring	Kvote etter overføring og fleksibilitet	Fangstar (tonn)
EU	402 599	16 771	354	419 724	210 391
Færøyane	102 924	6 508	-20 879	88 553	46 258
Island	134 772	9 341	-200	143 913	75 008
Noreg	183 857	-8 621	5 625	180 861	22 623
Grønland	66 365	0	0	66 365	63 736
<i>Totalt for kyststatane</i>	890 517	23 999	-15 100	899 416	418 016
Russland	109 415	0	15 100	124 515	115 795

¹ Kvotar er innrapportert frå deltakande land under kyststatsforhandlingane om makrell i oktober 2018.

² Kvote- og fangsttal for Russland er basert på innrapporterte tal til NEAFC.

og sikre at kvoten i kystgruppa vore tatt har det dei seinare åra vert jobba med ei samanslåing i denne gruppa. Dette arbeidet vart sluttført i 2018 og kystgruppa si regulering vil verte endra frå 2019.

5.2.5 Norsk fiske i Irmingerhavet

Den norske kvoten av uer i Irmingerhavet er samansett av tre komponentar: Eit kvantum frå forvaltingsavtalen om snabeluer i Irmingerhavet, og kvantum som Noreg byter til seg frå Grønland og EU. Deltakinga i fisket har variert frå år til år. Dei to siste åra har eitt norsk fartøy deltatt i fisket, og kvoten har vorte godt utnytta, jf. tabell 5.26.

Tabell 5.26 Norske kvotar og fangstar i Irmingerhavet

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ^{1,2} (tonn)	
	2017	2018	2017	2018
Snabeluer	1 029	878	847	928

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 1. februar 2019.

² I fisket etter snabeluer i NEAFC-område har partane bestemt at omrekningsfaktoren 1,7 skal nyttast ved fangstrapportering til NEAFC-sekretariatet. Det er også dette som ligg til grunn for Fiskeridirektoratet si vurdering av når fisket må stoppast og fangsttala i tabell 5.26.

5.2.6 Norsk fiske i det nordvestlege Atlanterhavet

Sidan 2010 har det vore stor interesse for fiske etter torsk i det nordvestlege Atlanterhavet. I 2017 deltok to norske fartøy i dette fisket, medan tre norske fartøy deltok i 2018. Kvoten vart om lag fullt utnytta i begge åra.

Tabell 5.27 Norske kvotar og fangstar i det nordvestlege Atlanterhavet

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2017	2018	2017	2018
Torsk	1 289	1 031	1 240	1 043

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 30. januar 2019.

Nærings- og fiskeridepartementet

til rår:

Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet 15. mars 2019 om Noregs fiskeriavtalar for 2019 og fisket etter avtalane i 2017 og 2018 blir send Stortinget.

Bestilling av publikasjonar

Tryggingss- og serviceorganisasjonen til departementa

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på
www.regjeringen.no

Framsidebilete:

Snøkrabbe, Odd-Børre Hombrostad, Havforskinsinstituttet

Trykk: 07 Media AS – 03/2019

